



Noregs miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Masteroppgåve 2019 30 stp
Fakultetet for landskap og samfunn

Kystarven - frå eigenverdi til felles ressurs

The coastal heritage – from intrinsic to common
resource

Evelyn Røed

Kystarven

frå eigenverdi til felles ressurs

Kystarven som verkemiddel for brei verdiskaping i Solund kommune



Samandrag

Oppgåva byggjer på ei analyse av særeigne natur- og kulturkvalitetar i øykommunen Solund i Sogn og Fjordane. Kystarv er det sentrale omgrepet i oppgåva.

Kystarv som omgrep vart for første gong nytta i verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskaper*, som HAFS-regionen i perioden 2009-2013 arbeidde med. I programmet vart kystarv definert gjennom tre kategoriar; landskapstypen kystlynghei, landskapstypen naturbeitemark, samt verna sjøfuglområder i ytre delar av HAFS. Bakgrunnen for oppgåva er å definere ei breiare forståing av omgrepet kystarv, gjennom analytiske undersøkingar og vurderingar. Det inkluderer ein landskapsanalyse og ei stadkjensleanalyse. Kystarv vil på den måten verte kopla opp mot menneskelege relasjonar knytt til stadeigne kultur- og naturverdiar i kommunen.

Relasjonar vert skapt av minner, opplevingar, kjensler, tradisjonar, historier og alt det som knyter ein til ein stad. Det er menneske sine relasjonar til ein stad, som *gjer* staden. Dersom relasjonar til ein stad endrar seg, kan det vidare kunne påverke ein stad sin identitet. I dagens samfunn, med globalisering og auka mobilisering, ser ein at stader vert meir like. Ein stad kan gradvis miste sin kulturelle og naturmessige sær eigenheit dersom den ikkje vert forvalta, formidla og foredla riktig. Ei slik endring kan påverke menneske si stadtilknytning og identitet.

Gjennom ein stadkjensleanalyse har vi vorte kjende med mennesker med ulike roller i Solund kommune. Ein stad sin eigenverdi og relasjonar til denne vert synleggjort, og det vert trekt parallellar mellom verdiane og brei verdiskaping. Gjennom framtidsretta og strategisk forvaltning, formidling og forelding, kan verdiar verte aktivert. Det handlar om identitet, relasjonar, og å ta vare på dei historier som har skapt kjerna i eit samfunn. I framtida vil det kunne nyttiggjere seg, då det unike ved ein stad òg er det som skil staden frå andre stader. Samtidig vil det skape grunnlag for innbyggjar sin identitet og tilhørslse. Det i seg sjølv er verdiskapande.

Oppgåva vil synleggjere viktigheita av å ta vare på den særeigne kystkulturen som er forankra i Solund kommune. Vidare skape ei forståing av korleis verdiar kan aktiverast, og verte nytta som eit verkemiddel for brei verdiskaping. I det ligg ei forståing av at kystarven ikkje skal vere noko tilbakeskodande, men takast med i framtida og fungere nyskapande. Denne prosessen bør vere strategisk, og forankra i realistiske lokale føresetnader. Oppgåva presenterer to strategiar som kan aktivere verdiane:

- Læring gjennom formidling til besøkande og lokale
- Samarbeid og samhandling

I tilknytning til strategiane vert det vidare presentert aktuelle tiltak som kan stimulere til brei verdiskaping i samfunnet. I denne prosessen vil kommunen spele ei viktig rolle.

Oppgåva konkluderer med at kystarv primært vert kjenneteikna som det immaterielle. I det ligg historia rundt sjølvbergingskulturen, fiskarbonden, dei sterke kystkvinnene, tradisjonelle havnæringar, kunnskap og kjennskap til korleis havet oppfører seg. Kystarven vert sekundært kjenneteikna gjennom det materielle. Det er hovudsakeleg forstått som byggmiljø, som naust og sjøbuer, men òg det landskapet som er rundt ein. Slik sett vert kystarv kjenneteikna som eit resultat av menneskeleg verke, men som har utarta seg på bakgrunn av dei naturmessige føresetnadar ved kysten.

Abstract

This task is based on an analysis of distinctive nature and cultural qualities in the municipality of Solund in Sogn og Fjordane. The coastal heritage is the central concept of this task.

“The coastal heritage” as a concept was first used in the broad value creation program “*Naturarven som verdiskaper*” which the HAFS-region was working on in the period 2009-2013. In this program, “The coastal heritage” was defined by three categories; the coastal heath, the natural pasture, and protected seabird areas in the outer parts of HAFS. The background for this task is to define a broader understanding of the concept “coastal heritage”, through analytic examinations and evaluations. That includes a landscape analysis and a “sense of place” analysis. That way the coastal heritage will be connected to human relations in connection with cultural and nature values in the municipality.

Relations are made by memories, experiences, feelings, traditions, histories and everything else that connects a person to a place. The people’s relations to a place, is what *makes* the place. If the relations to a place changes, it could interfere with the identity of this place. In todays society, due to globalization and mobility, places become more alike. A place can gradually lose its cultural distinctiveness if it is not correctly managed, communicated and refined. A change like this can interfere with the inhabitant’s connection to the place.

By using a sense of place analysis, we have met people that refines the municipality. The informants intrinsic value and relations to their place are highlighted. Further, there is parallels between these values and broad value creation. By using a futuristic management, communicating and refining, values can become active and helpful in the society. It is about identity, relations, and to remain the stories that has created the core of the society. In the future it will be able to benefit, because “the unique” about a place is also what separates it from other places. At the same time, it can create a basis for the inhabitants’ identity and affiliation.

This assignment will highlight the importance of taking care of the distinctive coastal culture anchored in the municipality of Solund. Further, it will create an understanding of how values can be activated and made useful as a tool for broad value creation. Connected to this, is an understanding that the coastal heritage is not supposed to be something traditionally, but rather something new for the future. This process should be strategic. This task presents two strategies that can activate the values:

- Learning by communicating to the tourists and the locals
- Cooperation and collaboration

In connection to these strategies, relevant measures are presented to stimulate broad value creation in the society. In this process the municipality will have an important role.

The task concludes that coastal heritage primarily is featured as the immaterial. Thus, the history about subsistence culture, the fisher and farmer, the strong coastal women, traditional costal industry, and knowledge to how the sea acts. The coastal heritage is secondary known through the material. It is mainly understood as building environment, but it is also understood by the cultural landscape. Thus, Coastal heritage is featured because of human work, but it has degenerated as a result of the natural conditions at the coast.

Forord

Denne oppgåva markerar slutten på fem års studiar ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. Det har vore fem innhaldsrike år, med ein stor variasjon i fagretningar og lærdom. I løpet av desse åra har eg fullført ein bachelorgrad i landskapsingeniør, og snart ein mastergrad i naturbasert reiseliv. I tillegg har eg fått lov til å skrive masteroppgåva mi under fakultet for samfunn og landskap. Studieretningane synar eit spekter av personlege interesser.

Interessa for landskap og natur har vore med meg sidan oppveksten. Særleg har eg følt tilknytning til hav og kystlandskap. Dette kjem naturlegvis frå den nærleiken eg har hatt til havet gjennom oppveksten. Eg føler meg privilegert som får skrive om eigen heimstad, og fordjupe meg i eit tema eg sjølv har personleg interesse for. Eg har på nytt fått blitt kjent med heimkommunen min, og går ut av denne prosessen med eit perspektiv på distriktskommunar som ressurskommunar.

Eg vil rette ein stor takk til min hovudrettleiar Morten Clemetsen og birettleiar Knut Bjørn Stokke, for interessa de har vist for oppgåva, samt informativ og konstruktiv rettleiing og gode råd.

I tillegg skal kvar og en av oppgåva sine informantar ha takk for gode og interessante samtaler og refleksjonar. Takk til dei som har teke i mot meg i heimen sin, invitert meg på middag eller som har tatt seg tid til å møte meg ein annan plass. Ein spesiell takk rettast mot Lillian Herland, som har latt meg bruke fleire av dei nydelege fotografia som ho har tatt frå ulike stader i Solund.

Takk til BIOTOUR for støtte i form av stipend.

Takk til mamma og pappa, som alltid stiller opp og støttar meg gjennom alle val eg tar i livet.

Takk til Erlend, for latter og oppmuntring på privaten.

14.05.19

Evelyn Røed

Bibliotekside

Tittel:	Kystarven – frå eigenverdi til felles ressurs
Title:	The coastal heritage – from intrinsic to common resource
Forfattar:	Evelyn Røed
Hovudrettleiar:	Morten Clemetsen Professor for landskapsarkitektur, LANDSAM
Birettleiar:	Knut Bjørn Stokke Førsteamanuensis for by- og regionplanlegging, LANDSAM
Format:	A4
Tal sider:	96
Opplag:	3 eksemplar
Studiepoeng:	30 stp.
Emnerord:	Kystarv, natur- og kulturarv, brei verdiskaping, landskapsressursanalyse, stadkjensle.
Keywords:	Coastal heritage, nature and culture heritage, broad value creation, landscape analysis, «sense of place».
Kjelder:	Fullstendig referanseliste oppgjevast bak i dokumentet
Figurar:	Fullstendig figurliste oppgjevast bak i dokumentet.
Foto:	Dersom anna ikkje er oppgitt, er illustrasjonar, figurar og foto forfattarens egne. Hovuddelen av fotografia er tatt av Lillian Herland, og det er oppgitt samtykkje til bruk av desse. Det er gitt samtykkje til bruk av alle fotografi av andre fotografar, der av NRK og Sogn og Fjordane fylkesarkiv (SFF).

INNHALD

KAPITTEL 1	9
INNLEIING	9
BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA	10
<i>Kystarv</i>	10
<i>Kulturarv</i>	10
<i>Naturarven</i>	11
<i>Natur- og kulturarven sett under eitt</i>	11
<i>Natur- og kulturbasert reiseliv</i>	12
FORMÅL OG PROBLEMSTILLING	13
OPPGAVA SI OPPBYGGING.....	15
KAPITTEL 2	17
METODE	17
KVALITATIV FORSKINGSMETODE	18
<i>Utval av informantar</i>	18
<i>Validitet</i>	19
<i>Sekundærkjelder</i>	19
<i>Intervjuguide</i>	19
<i>Samtykke</i>	19
METODIKKEN LANDSKAPRESSURSANALYSE	20
KAPITTEL 3	21
TEORI	21
<i>Mennesker og deira stad</i>	22
<i>Brei verdiskaping</i>	26
KAPITTEL 5	28
LANDSKAPRESSURSANALYSE	28
OMRÅDEPRESENTASJON.....	29
<i>Kystkulturen</i>	31
LANDSKAPSANALYSE	33
<i>Tema 1 Landeformar</i>	33
<i>Tema 2 Vegetasjon</i>	37
<i>Tema 3 Kulturhistorisk arealbruk</i>	39
<i>Tema 4 Kulturelle referansar</i>	41
LANDSKAPSKARAKTER.....	44
STADKJENSLE.....	49
<i>Presentasjon av nøkkelinformantar (foredlarar)</i>	49
<i>Sekundærinformantar</i>	63
<i>Informantane fortel</i>	71
KAPITTEL 6	78
SYNTESE	78
MOGLEGHEITSANALYSE	79
DISKUSJON	80
<i>Solund kommune i eit stadperspektiv</i>	83
STRATEGIAR OG TILTAK.....	87
<i>Strategi 1: Læring gjennom formidling til besøkande og lokale</i>	88
<i>Strategi 2: Samarbeid og samhandling</i>	89
<i>Kommunal forankring av strategiar</i>	89
OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	90
REFERANSAR	93
VEDLEGG INTERVJUGUIDE	96

KAPITTEL 1

INNLEIING



Foto: Lillian Herland.

Kapittelet presenterer oppgåva sitt tema, bakgrunn for val og ein introduksjon til temaet. Vidare vil formål og oppgåvas problemstillingar presenterast. Oppgåvas oppbygning vil vere presentert til slutt.

Bakgrunn for val av tema

Omgrepet kystarv vart for første gong offisielt omtalt i verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskaper* (2009-2013). Ideen om prosjektet knyta til kystarv kom opphaveleg frå kommunane Solund og Askvoll. Dei hadde ein idé om eit prosjekt som skulle verne om den verdifulle kystkulturen i regionen, og i samarbeid med andre aktørar, gjennomførte HAFS regionråd den endelege søknaden for å ta del i verdiskapingsprogrammet. Naturarven som verdiskapar innehaldt 15 prosjektområder, og av desse vart *Kystarven i vestlandskommunar* tatt ut som eit eige pilotprosjekt. Kommunane i HAFS-regionen (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen) fekk saman ansvaret med å ta vare på den unike naturarven knyta til kystkulturen i regionen. I prosjektet vert kystarv omtalt å omfatte tre kategoriar (Haukeland & Brandtzæg. 2014):

- Verna sjøfuglområder
- Landskapstypen kystlynghei
- Landskapstypen naturbeitemark

Målet var å nytte kystarven som ein verdiskapar og profilbyggjar for HAFS-regionen, gjennom ny næringsutvikling innan reiseliv og sauebruk, kunnskapsbygging og skjøtsel av kystlandskapet (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Det skulle resultere i auka verdi av verneområder og andre naturområder med spesielle kvalitetar, slik at arven kunne verte nytta som ressurs for regionen både sosialt, miljømessig, kulturelt og økonomisk (Haukeland & Brandtzæg. 2014). Omgrepet er slik sett danna med utgangspunkt i naturarven, og dei landskapsmessige verdiane som er inkludert i den. Det er likevel grunn til å tru at omgrepet kystarv har ei breiare meining enn det som kjem fram i verdiskapingsprogrammet. Denne tanken dannar grunnlaget for det vidare arbeidet i oppgåva.

Kystarv

Omgrepet kystarv har inga eksplisitt definisjon, men vert forstått ut i frå eit tredelt perspektiv som framstillast i det nemnte

verdiskapingsprogrammet. I oppgåva vil eg forsøkje å danne ein konkret definisjon som er forankra i dei resultata som kjem fram gjennom intervjuprosessen. Kystarven vil slik sett vere eit resultat av tankar, historier og kjensler som informantane relaterer til natur- og kulturarven ved kysten.

For å skape ei forståing av kystarv, må ein sjå på nærliggande omgrep. Kystarv er ein lokalisert og spesifisert del av natur- og kulturarven. Å forstå arv knyt til natur og kultur er avgjerande for å vidare tolke kystarv som ein eigen definisjon.

Kulturarv

For å forstå kva omgrepet kulturarv kjem av, er det nokre sentrale element ein først bør sjå på. Er kulturarv fysiske gjenstandar, tradisjonar, kunnskap eller minner, eller noko anna? Alle stader har ei historie å fortelje. Det kan vere bygningar, jord- og skogbruk, ferdselsveger eller andre spor som viser menneskjers aktivitet gjennom tidene. Desse spora i landskapet knyter fortid og notid saman og gjer kvar stad sin eigenart og identitet (Bøe. 2009). Enkeltelement som inngår i slike spor kan kategoriserast som kulturminner.

I kulturminnelova §2 første ledd vert kulturminner definert følgjande:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskeleg virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til»
(Kulml. 2009. §2-1).

Vidare vert kulturmiljø forklart som *«områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng»* (Kulml. 2009. §2-2).

Kulturminnelova vart oppretta i 1979, og har sidan den gong vorte endra fleire gongar, og seinast i 2009. Formålet med lova vert forklart ved:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning» (Kulml. 2009. §1-1).

Vidare står det i §1 ledd 2 at *«det er et nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursar som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet»* (Kulml. 2009. §1-2).

Sjølve omgrepet kulturarv brukast i forskjellige samanhengar med ulike meiningar, og har fleire teoretiske standpunkt. I nyare tid har omgrepet fått fleire dimensjonar, og er i dag ein samlebetegnelse for materiell og immateriell kultur (Kulturdepartementet. 2018). Omgrepet kulturarv vert vanlegvis brukt når det er snakk om kultur i samband med tanke-, kommunikasjons- og åtferdsmønstre hos menneske (Schackt. 2019). Det vert òg brukt i samarbeid mellom kulturminneforvaltninga, arkivverket, museumssektoren, saman med kommune og lokale lag og foreiningar. Slik sett vert kulturomgrepet brukt både innan kultur som sektor og kultur som heilskap (Schackt. 2019).

Temaet rundt immateriell kulturarv vart for alvor sett på den politiske dagsorden då UNESCO-konvensjonen (2003) om vern av den immaterielle kulturarven blei vedtatt i 2003. På nasjonalt nivå har Kulturrådet ansvar for å implementere UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (Kulturdepartementet. 2018).

«Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheter. For kulturminneforvaltninga har den immaterielle kulturarven knyttet til det vi ikkje kan ta på ved et kulturminne. Dette gjelder for eksempel tro, tradisjonar, sagn og hendelser». (Kulturdepartementet. 2018).

Naturarven

Naturarven vert omtala som naturområder eller klart avgrensa areal av særleg universell verdi sett frå eit vitskapleg eller bevaringssynspunkt, eller på grunn av sin naturlege skjønheit (UNESCO. 1972).

Natur- og kulturarven sett under eitt

Det er ulike interesser knyta til naturmiljøet og kulturmiljøet som to separate miljø. Haukeland & Brandtzæg (2009) diskuterer i notatet om *Den brede verdiskapingen* kvifor natur- og kulturarven bør verte sett på under eitt. Dei trekkjer fram at den ulike forståinga av miljøa vert gjenspegla i ulike vurderingar av natur- og kulturarv som verdiskapingsressurs. I eit naturfagleg ståstad kan fenomenet rundt gjengroing av landskap vurderast positivt for landskapet og naturmiljøet. Frå ein kulturfagleg ståstad vil det same fenomenet vurderast negativt då det kan resultere i at ein mister kulturlandskapet (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Til tross for denne motsetnaden meiner dei at natur- og kulturarven framleis kan sjåast meir under eitt. Dei trekkjer fram fire årsaker som dei meiner underbyggjer denne påstanden:

- *«Det synast, både lokalt og regionalt, å vere eit større verdiskapingspotensiale i samspelet mellom natur og kultur, enn det er kvar for seg.»* (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Dei forklarar vidare at skilte program kan føre til at verdiskaping som finst i natur- og kulturarv vert oversett, og dermed ikkje utnytta. Som eit døme på dette trekkjer dei fram bevaring og utvikling av seterlandskapet, som både kan vere eit naturlandskap og eit kulturlandskap. Ulike verkemiddel for ulike næringar, kan til saman få positiv utslag, og utløyse større verdiskapingseffekt.
- *«Når vekta er lagt på berekraftig bruk, er det vanskeleg å komme utanom samspelet mellom natur og kultur.»* (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Her forklarar Haukeland & Brandtzæg (2009) at bruk av natur- og kulturarv alltid vil ha ei kulturell forankring.

Når verdiskaping sjåast i samanheng med verdiar i arv, vil fokuset vere på bruk. Difor må ein vektlegge korleis den kulturelle dimensjonen forsterkar eller hindrar bevaring og utvikling av natur- og kulturarven. I ein slik samanheng vil kulturen vere viktig, sjølv om det i hovudsak er naturarven ein ser på som verdiskapar.

- *«Mykje av naturen vi søker å hegne om, er rørt av menneske, både på ein berekraftig og ikkje-berekraftig måte, og filtrert gjennom kultur.»* (Haukeland & Brandtzæg. 2009) Lite natur er ikkje påverka av menneskeleg verke. Haukeland & Brandtzæg (2009) forklarar at naturmiljø fleire stader er avhengig av det menneskelege aspektet av påverknad. Dette gjeld særleg typar av skjøtsel. Dersom skjøtsel av naturområder endrast som følge av vern, vil òg det biologiske mangfaldet endrast. Dersom slåtten i ei slåtteeng opphøyrer, vil dette raskt påverke og endre naturtypen. I slike tilfelle vil vern av biologisk mangfald ha samanheng med vern av skjøtselen. Slik kan også vern av kulturell praksis vere naturvern (Haukeland & Brandtzæg. 2009)
- *«Med ei forverring av den globale økologiske krisen, som klimakrisen, er det viktigare å definere menneskja og kulturen inn i naturen, ikkje ut av den.»* (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Haukeland & Brandtzæg (2009) forklarar at det er fleire utfordringar knytt til klimautfordringar og endring av biologisk mangfald. Sjølv «urørt» natur kan verte påverka av til dømes surt nedbør. Også kulturminner kan verte påverka, då nye soppartar kan kome til i organiske materialar. Haukeland & Brandtzæg (2009) forklarar at hovudutfordringa ser ut til å ligge i korleis ein kan påverke endringa og utviklinga i ei berekraftig retning, slik at framtidige generasjonar kan bruke natur-og kulturarven som verdiskapingsressurs.

Natur- og kulturbasert reiseliv

Arbeidet med kulturturisme er kopla opp mot satsinga på kulturell og kreativ næring, som starta for fullt med oppdraget frå Kulturdepartementet i 2017. Den norske regjeringa erklærte då at den skal styrke kulturturismen til Norge, og oppretta eit Samarbeidsråd i samband med det. Målet er at ei satsing på kultur og reiseliv skal bidra til auka verdiskaping innan dei to områda (Regjeringen. 2018). Samarbeidsrådet har kome med ein rekke anbefalingar og forslag til tiltak som kan bidra til eit betre samspel mellom aktørar innan kultur og reiseliv. Rådet tek opp utfordringar og moglegheiter på områder som kunnskap, tilgjengelegheit, investeringar, samhandling, attraksjonsutvikling og berekraft.

«Samarbeidsrådet foreslår blant annet å utvikle kunnskapsgrunnlaget om kulturturisme og kultururister, øke synliggjøringa av kultur og matopplevelser i reiselivsprofileringa, tilrettelegge virkemiddelapparatet for kultur- og reiselivsbedrifter i større grad, og gjøre attraksjonene mer tilgjengelig, både fysisk og digitalt. Betydninga av å sikre en bærekraftig utvikling innanfor kulturturisme understrekes også i innspillene.»
(Regjeringen. 2018)

Turismen betyr stadig meir for norsk økonomi, men framleis er reiselivsnæringa ein mindre viktig næring i Noreg enn i mange andre land. Ein ser at det potensielt kan vere meir lønsamt å satse på turismeaktiviteter knytt til kultur. Desse tala kjem fram i Innovasjon Norge sin turistundersøking som blei gjennomført i 2016. Tala viser at kultururistar i snitt legg igjen meir pengar i døgnet enn andre ferierande i Noreg.

Det kjem det fram at norske feriereisande som oppgav *fiske i saltvatn* som ein viktig aktivitet i ferien, hadde eit forbruk som låg 54% over det gjennomsnittlige døgnforbruket på 1665 kr i 2016 (Innovasjon Norge. 2016). Der etter kjem dei kulturinteresserte, som jamt over hadde eit høgare døgnforbruk enn andre. Dette gjeld blant anna for dei som oppgav at det var viktig å

oppleve lokal kultur og levemåte, der døgnforbruket låg 35% over gjennomsnittet (Innovasjon Norge. 2016).

Til samanlikning viser tala at norske feriereisande som vil oppleve naturen har eit forbruk på berre 3% over gjennomsnittsförbruket, og at liknande aktivitetar, som å gå på *turar over 2 timar, sykle og toppturar*, drar inn under gjennomsnittleg förbruk. Av aktivitetar i naturen oppnår å *padle kajakk/kano og rafting* gode tal på 28% over gjennomsnittleg förbruk (Innovasjon Norge. 2016). Blant utanlandske ferierande var det større variasjon i förbruket enn hos dei norske. I 2016 var det gjennomsnittlege døgnförbruket for ein utanlandsk ferieturist på 2240 kr, og kulturturisme knyta til å *oppleve lokal kultur og levemåte*, utgjer berre 9% over det gjennomsnittlege døgnförbruket. Heller ikkje *fiske i saltvatn*, eller *padle kajakk/kano, rafting* utgjer gode resultat, med -20% og -22% under det gjennomsnittlege døgnförbruket.

Rapporten framstiller tydelege ulikheitlar mellom norske og utanlandske ferierande, og kva slags aktivitetar som er meir lønsame enn andre. I turistundersøkinga vert turistane spurt om kva slags aktivitetar dei har gjennomført eller har planar om å gjennomføre. Tala framstiller kva slags aktivitetar som er viktig for eller avgjerande for ferien i Noreg. Ein ser at fleire populære aktivitetar ikkje nødvendigvis alltid er dei lønsame. Dette gjeld særleg for dei aktivitetane som går på opplevingar i naturen, som òg er blant dei mest avgjerande aktivitetane både for nordmenn og utanlandske ferieturistar. På ei anna side ser ein at kulturaktivitetar vert meir populære, og dette er aktivitetar som utgjer eit større døgnförbruk (Innovasjon Norge. 2016).

Innovasjon Noreg oppsummerar resultatane frå rapporten slik:

«Den typiske norgesturisten vil ha det moro, oppleve fjord og fjell, men også besøke historiske bygninger og steder. De vil ha med seg lokal kultur og levemåte og smake lokal mat og drikke» (Innovasjon Norge. 2016).

Formål og problemstilling

Opggåva tek utgangspunkt i kystkommunen Solund som caseområde. Vi skal verte kjent med Solund som stad, gjennom auga til dei som bur der. Målet er å finne kjenneteikna til kystarven i kommunen, og synleggjere verdiar som implisitt ligg i den.

For å identifisere element som inngår i omgrepet kystarv, er det blitt gjennomført ei kartlegging av kommunen sin unike natur- og kulturressursar ved bruk av landskapsressursanalysemetoden (LRA). LRA er eit verktøy som legg opp til breie demokratiske medverknadsprosessar, og forsøker å analysere området landskapskarakter

med analyser av folk sine opplevingar og relasjonar knytt til sine landskap (Clemetsen & Stokke. 2014). Desse relasjonane har forsøkt å verte fortolka, basert på den enkeltes erfaringar, minner, bruk og kjensler for staden. Fellestrekket er ei klar historisk forankring eller basis, som gjennom sosiale prosessar vert utvikla og skapar relasjonar og identitet.

Kultur- og naturarv er i aukande grad trua av øydeleggingar, ikkje berre på grunn av forfall, men òg på grunn av endringar i sosiale, miljømessige og økonomiske forhold. Flyt av menneske, globalisering og auka mobilitet kan bidra til at ein stad sin tradisjonelle identitet i større grad er utsett for påverknad og endring. Dette kan omfatte alt frå byggestil og

formasjonar, kunnskap og språk, til samvær og møteplassar.

Globalisering kan i slik forstand påverke det som vi i denne oppgåva skildrar som stadkjensla («sense of place»), og som er avhengig av langvarig kjennskap til staden gjennom bruk og erfaringar. Dette kan skape utfordringar for ein stads identitet, og kan vere ein trussel for lokal eigenart og særpreg, og er slik sett ein avgjerande faktor for «likeliggjeringa».

Oppgåva vil synleggjere kystarven som ein ressurs, gjennom å framheve dei pågåande samfunnsmessige prosessane i kommunen som er knytt til menneske og deira verke. Stadeigen kultur er ein integrert del av ein stad, samstundes er det menneskelege relasjonar som *gjer* ein stad.

Oppgåva tek for seg både landskap og kultur. Hovudfokuset vil vere på kulturdelen av kystarven, og setje den i samanheng med korleis kultur har utvikla seg på bakgrunn av dei landskapsmessige føresetnadane. Samtidig vil det verte synleggjort korleis landskapet har utforma seg på bakgrunn av den stadlege kulturen. Den eine påverkar den andre, og vert sett i samanheng med dei kulturøkologiske

prosessane som har utspelt seg i samfunnet gjennom tidene.

Oppgåva vil forsøkje å fange opp Solund sitt kulturelle og naturmessige særpreg, som er forankra i den tradisjonelle, eller ikkje-tradisjonelle, kystkulturen. Oppgåva synleggjer slik samfunnsmessige kontekstar som bidreg til å forklare endringa frå kulturarv som eigenverdi, til kulturarv som kollektiv ressurs. Ressursane vil verte synleggjort som eit verkemiddel for brei verdiskaping.

Det er viktig å presisere at oppgåva er framtidsretta. Det er ikkje eit mål å stadfeste kystarven, eller forstå den som noko tilbakeskodande. Dersom kystarv skal ha noko verdi, må den takast med i framtida. Denne framtidsretta aktiveringa, kan fremje og bevare verdiane som ligg i kystarven. Oppgåva sitt formål er slik sett å setje lys på korleis bevaring og vidareutvikling av verdiane knytt til kystarven, kan verte aktivert og nytta som verkemiddel for brei verdiskaping i Solund kommune.

Med grunnlag i dette er det formulert ei hovudproblemstilling, og to underproblemstillingar:

Problemstilling

Kva kjenneteiknar kystarven, og korleis kan den verte nytta som eit verkemiddel for brei verdiskaping i Solund kommune?

Underproblemstillingar

Kva rolle speler lokalsamfunnet for å ta vare på og vidareutvikle kystarven?

Korleis kan verdiar knytt til kystarven verte aktivert?

Oppgåva si oppbygging

KAPITTEL 1 INNLEIING

Innleiingsvis vil tema verte presentert. Vidare vil vi verte kjende med omgrepet *kystarv* slik det vert forstått i dag, og samstundes synleggjere forståinga av natur- og kulturarv, og korleis den kan verte sett under eitt. Kapitlet presenterer vidare formålet, problemstillinga og oppbygginga i oppgåva.

KAPITTEL 2 METODE

Kapitlet presenterer metoden som vert nytta i oppgåva og prosessen rundt datainnsamlinga. Kapitlet inkluderer òg ei forklaring av metodikken landskapsressursanalyse (LRA), og korleis metoden vert nytta i oppgåva.

KAPITTEL 3 TEORI

Teorikapitlet er delt inn i to temadelar. Del ein presenterer stad som omgrep, identitet og stadtilknytning. Vidare vil kapitlet presentere teori knytt til brei verdiskaping.

KAPITTEL 4 LANDSKAPRESSURS- ANALYSE

Kapitlet inneheld ei landskapsressursanalyse i sin heilskap, og omfattar resultat som er henta inn på feltarbeid. Kapitlet er todelt, med ei landskapsanalyse og ein stadkjensle-analyse. Dette er resultatdelen i oppgåva.

KAPITTEL 5 SYNTESE

Siste kapittel inkluderer ei samanfating av dei føreliggande kapitla. Her vil det verte presentert ei moglegheitsanalyse, ein diskusjon med tilhøyrande strategiar og tiltak, og til slutt ein kort konklusjon.

KAPITTEL 2

METODE



Foto: Lillian Herland

Kapittelet tek for seg forskingsmetode, utval av informantar, og prosessar rundt intervju. Vidare vert metodikken landskapsressursanalyse presentert, og korleis metodikken vert nytta i denne oppgåva.

Kvalitativ forskingsmetode

Metode er læra om dei verktøya som kan verte nytta for å samle inn informasjon (Halvorsen. 2014. s. 20). Informasjonen vert samla inn ved å systematisk undersøke verkelegheita, og vidare bruke den valte metode som framgangsmåte for å kome fram til ny kunnskap, eller for å sjekke haldbarheita av eksisterande kunnskap. Det er viktig å merke seg at metode skal fungere som eit hjelpemiddel, og at det ikkje er eit mål i seg sjølv (Halvorsen. 2014. s. 21). Generelt kan ein seie at den nytta metoden innan samfunnsvitskapen har som mål «å samle inn, organisere, bearbeide, analysere og tolke sosiale data på en så systematisk måte at andre kan kikke oss i kortene» (Sander. 2017).

I kvalitativ forskingsmetode vert det vektlagt ei forståing og analyse av samanhengar i ein prosess hos den enkelte. Som forskar er ein oppteken av å skildre, forstå og tolke den menneskelege erfaringa sine kvalitetar. Det kan vere å gjere greie for menneskelege kjensler, erfaringsprosessar, haldningar, motivasjon og sosiale fenomen. Dette er, i motsetning til kvantitativ metode, ein metode der formålet er å fange opp meiningar og opplevingar som ikkje er mogleg å talfeste eller å måle (Malt. 2015).

Det kvalitative forskingsintervjuet er ein særeigen form for samtale. Den som intervjuar skal arbeide med språk og kunnskap, og produktet tek form på bakgrunn av den informasjonen som vert samla inn i språkleg form. Intervjuprosessen vert danna gjennom talespråk, og intervjuprodukta presenterast i ord (Kvale & Brinkmann. 2017. s. 41 & 247).

Masteroppgåva er ei kvalitativ forskingsoppgåve, som er bygd på eit teoretisk grunnlag, ei landskapsressursanalyse, og innhenta data knytt til stadtilknytting. Data er henta inn gjennom semistrukturerte djupintervju, som inkluderer 8 gjennomføre djupintervju med til saman 10 informantar.

Utval av informantar

Informantane er delt inn i to hovudgrupper; nøkkelinformantar og sekundærinformantar. Informantane er intervjuja på bakgrunn av dei ulike rollene dei har i samfunnet.

Nokon kan vere forvaltar av verdiane, andre formidlar dei. Andre igjen foredlar verdiar. Nokon gjer kanskje alt på ein gong, og difor treng ikkje kategoriane å vere heilt fastsett. I eit lite samfunn kan innbyggjarar ha fleire hattar. Til dømes kan ein som formidlar i arbeidstida også vere ein foredlar på fritida. For ordens skyld har eg likevel kategorisert dei på denne måten for å knyte den innsamla dataen betre opp mot omgrepet brei verdiskaping. Kategoriane er inspirert av Distriktssenteret (2018) sitt temahefte om verdiskaping basert på natur- og kulturressursar.

Informantar som er kategorisert som foredlarar, er nøkkelinformantane i oppgåva. Kriteriet for å vere ein representativ nøkkelinformant er å på ulike måtar foredle kvalitetar knytt til kyst eller kystlandskapet, og at det er bygd på lokale føresetnader. Målet er å fange eigenverdien av kystarven gjennom å forstå relasjonane som knytt menneske til kystarven i Solund, og som vidare kan verte knytt til kystarvomgrepet. For å kunne svare på problemstillinga, har det vore nødvendig å inkludere nokre sekundærinformantar som har andre roller i samfunnet, innan formidling og forvaltning. Dei som forvaltar, formildar og foredlar kan alle spele viktige roller for å skape verdiar.

På personleg plan har eg ein sterk relasjon til Solund som stad, då eg er oppvaksten i kommunen og var busett der fram til eg var 16 år. Solund er i folketal rekna som ein liten kommune, og som innbyggjar vil ein truleg ha ein realasjon til dei fleste som bur der. Solund er ein typisk stad der «alle kjenner alle». Difor er det også naturleg at eg har ein slags relasjon til dei utvalte informantane. Eg visste på førehand kven dei er og kva slags roller dei har i samfunnet. Utval av informantar er i hovudsak gjort på eige initiativ, men òg på bakgrunn av tips frå rettleiar og nokre lokale innbyggjarar i Solund.

Validitet

I oppgåver der forskar har ein personleg relasjon til dei utvalte informantane, kan det oppstå eit reliabilitetsproblem. Med reliabilitet vert det her sikta til kor pålitelige målingane er (Halvorsen. 2004. s. 68).

Sidan eg sjølv eg oppvaksen i Solund, er det er ikkje til å unngå at nokre personlege relasjonar er sterkare enn andre. Dette gjeld i hovudsak for informanten Gunnlaug Olsvoll Røed, som er barnehage- og skuleansvarleg i Solund kommune, samt rektor for Solund barne- og ungdomsskule. Røed er òg mi eiga mor. For oppgåva si del meinte eg at det var viktig å få innsyn i korleis leiarane i skule- og barnehagesektoren stiller seg til formidling av kystarv til elevar, og difor ville det vere naturleg å intervju Gunnlaug. Intervjuet vart gjennomført som gruppeintervju med to personar. For å skape ei sterkare validitet og «avstand» til Gunnlaug valte eg å organisere intervjuet saman med styrar i Solund barnehage, Anne Brith Tangenes.

Sekundærkjelder

I tillegg til empirisk materiale frå dei kvalitative intervju har eg samstundes nytta sekundærdata i oppgåva. Dette er for å oppnå større innsikt i kommunens identitet. Sekundærkjeldene er i hovudsak bøker, artiklar og rapportar.

Intervjuguide

I intervju er det nytta ein intervjuguide som hjelpemiddel. Denne er delt inn i to delar. Del ein vert kalla for allmenne spørsmål. Dette er spørsmål som alle informantar har fått, og som alle har kunne svart på. Del to vert kalla for nøkkelspørsmål. Her har spørsmåla vorte tilpassa den enkelte informant, og denne delen er difor ulik for kvart intervju.

Samtykkje

Informantar som har deltatt på intervju, har blitt informert om oppgåvas formål og kva det vil sei for dei å delta. Prosjektet er meldt til Personvernombudet, og alle informantar har fått

tilsendt eit informasjonsskriv som forklarar korleis eg behandlar deira personvernopplysningar i samråd ved krav frå Personvernombudet. Samtlege informantar har skrivne under og godkjent at det kan framkomme personopplysningar i oppgåva, i form av bileter, namn, kjønn, interesser og arbeid.

Metodikken landskapsressursanalyse

Metodikken landskapsressursanalyse (LRA) er eit regionalt utviklingsverktøy for landskap og lokalsamfunn.

Verktøyet vert nytta for å kartleggje eit områdes unike natur- og kulturressursar, og legg i tillegg opp til breie demokratiske medverknadsprosessar. I prosessen vert det forsøkt å kombinere ei analyse av eit område sitt landskap og karakter, med analyser av menneskjers opplevingar og relasjonar knyt til dette landskapet. Ved å identifisere natur- og kulturressursar i eit landskap og samfunn, vil LRA danne utgangspunkt for utvikling av mogleighetsstudiar som dannar eit bilete av korleis ressursane potensielt kan aktiverast. Studiet vil vidare resultere i konkrete strategiar som kan verte koplå til pågåande lokale og/eller regionale planprosessar (Clemetsen & Stokke. 2014).

Metoden er utvikla med grunnlag i landskapsomgrepet slik det er forstått i den europeiske landskapskonvensjonen (DN og RA. 2010). Der definerast landskap som følgande:

«Landskap betyr et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreget er et resultat av påvirkning fra og samspill mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer»
(Europarådet. 2000).

Der omgrepet *landskap* tidlegare refererte til fysiske og visuelle omgjevningar, opnar definisjonen eit nytt fokus på folks oppfatningar og opplevingar av eit landskap. LRA som metode set natur- og kulturverdiar i ein samanheng, og trekkjer slik inn det menneskelege aspektet i landskapet. I landskapsanalysen vert denne delen kalla for stadkjensle, eit omgrep som er direkte

oversett frå «sense of place», og som vil verte nærmare forklart i teoridelen. I praksis handlar det om å fange opp kjensler, relasjonar og tilknytning mellom menneskje og stad.

Landskapsanalysen i denne oppgåva er utarbeida med inspirasjon frå *Miljødirektoratet sin rettleiar for metode for landskapsanalyse i kommuneplan*. Rettleiaren nyttar eit registreringsskjema med seks ulike tema som saman vil kunne gje tilstrekkeleg kunnskap om landskapets innhald og betydning. Med inspirasjon frå desse temadelane, er det for denne oppgåva danna eigne temadelar. Dei skal i best mogleg grad synleggjere stadeigne kulturverdiar som ein del av landskapet. Landskapsanalysen vil slik utformast for å betre kunne svare på oppgåvas problemstilling. Temadelane i oppgåva er som følge:

- Landeformar
- Vegetasjon
- Kulturhistorisk arealbruk
- Kulturelle referansar

Oppgåva har eit tydeleg fokus på stadkjensle-delen av analysen, som er meir utfyllande enn landskapsanalysen. I stadkjensle-delen vil ein verte kjende med nøkkelinformantane, som presenterast gjennom opne biografiske portrett. Analysen vil identifisere informantanes eigenverdi; dei relasjonane som vert knyt til kvalitetar i Solund eller delar av Solund. Sekundærinformantane vil kome med viktig informasjon knyt til deira aktuelle samfunnsrolle, og som vil kunne underbyggje dei strategiane og tiltaka oppgåva vil presentere avslutningsvis.

KAPITTEL 3

TEORI



Foto: Lillian Herland

Masteroppgåva er kompleks, med mange omgrep og element som vert sett i samanheng. Desse kan verte forstått komplimenterande, men før ein kan gjere det må ein forstå dei som separate tema. Kapitlet tek for seg teori knytt til dei aktuelle temaretingane som inngår i oppgåva. Temadel *ein*, menneskjer og deira stad, tek for teori knyt til omgrepet stad, stadtilknytning og identitet. Vidare vil temadel *to* ta for seg omgrepet brei verdiskaping, og fremje samspel mellom dei ulike formar for verdiskaping.

Menneskjer og deira stad

Teoretiske perspektiv på omgrepet stad

Sjølve ordet «stad» har sitt opphav frå det norrøne ordet «staðr», som betyr stad eller område (Fritzner. 1886). Førde mfl. (2013. s. 11) forklarar at omgrepet stad lenge vart brukt som eit allment og daglegdags «sekkeomgrep» som ikkje trengte nærmare teoretisk avklaring. I dag vert stad brukt i teoretisk forstand og innanfor mange ulike fagretningar, og vert difor nytta ulikt innanfor ulike tema og formål. Omgrepet vert brukt både om konkrete geografiske områder av varierende storleik, men og i meir abstrakt betydning, som «i hennar ståstad» (Førde mf. 2013. s. 11). Likevel er stad eit relativ uproblematisk kommunikasjonsomgrep, då det vanlegvis vert brukt i tydelege samanhengar.

I den eldre forskinga var ein stad eit meir eller mindre uproblematisk omgrep. Den grunnleggande oppfatninga var at verden var oppdelt i geografisk avgrensa områder, og at menneskjer vart forma av plasser og stader (Klein. 2002). I geografisk samheng vert ein stad difor ein del av eit landskap, enten naturleg eller menneskeskap. Plasseringa vart sett på ein lokalisering eller arena for menneskelege handlingar og gjeremål, og i staden låg det moglegheiter og avgrensingar som påverka den menneskelege verksemda (Selberg. 2007. s. 13). Stad har alltid vore eit kjerneomgrep i geografifaget, og vert ofte sett i samheng med nærliggande omgrep som rom, landskap og region (Aure mf. 2015. s. 13). Difor har stader ofte blitt definert ut frå kriterier som topografi, geologi og klima. Det omfatta eit lokalt ressursgrunnlag som blei utnytta av menneskjer til ulike verksemder. Slik vart stader assosiert med det tradisjonelle og stillestående, med einheit til djupe røter, avgrensa frå andre stader, omgitt av eintydige grenser, og som hadde grodd fram frå fortida (Selberg. 2007. s. 13). Stadomgrepet har difor fått mindre teoretisk merksemd enn dømesvis tidsomgrepet og sosiale endringar (Førde mf. 2013. s. 12). Dette fordi stad vart sett på som ei passiv ramme for

sosiale strukturar og prosessar, mens den interessante dynamikken oppstod i dei sosiale strukturane og prosessane i samfunnet (Førde mf. 2013. s. 12).

På 1970-talet byrja andre fagtradisjonar, særleg innan samfunnsvitenskap og humanistiske geografar, å teoretisere omkring stadomgrepet (Selberg. 2007. S. 13). Den rådande tilnærminga til stad som berre geografisk lokalisering vart kritisert. Særleg Relph (1976) og Tuan (1977) kom med viktige bidrag for å innføre det menneskelege aspektet i stadomgrepet. Dei introduserte omgrepet «sense of place» (stadidentitet, stadkjensle), som legg vekt på dei indre, subjektive og opplevingsmessige dimensjonane av stadomgrepet (Førde mf. 2013. s.12.) I dette ligg det at menneskjer handlar ut frå korleis dei subjektiv sett oppfattar og tolkar ein stad, og at noko først vert ein stad når individ forbinder erfaringar og forteljingar med det, har eit forhold til det, og tillegger det meining når det vert opplevd (Selberg. 2007. S. 13.) Denne vendinga har ført til eit større mangfald i både teoretiske og empiriske studiar knyta til stad, noko som igjen har gitt auka kunnskap og forståing av ulike sider rundt omgrepet stad (Aure mf. 2015. s. 13).

På 80-talet introduserte Agnews' (1987) tre hovudforståingar av omgrepet stad. Desse er identifisert som «location», «sense of place» og «locale». I følge Førde mf. (2013. s. 13) dannar desse tre dimensjonane eit godt utgangspunkt for drøfting av stadomgrepet, fordi dei synar heilskapen av ein stad, og samstundes er det ein flytande overgang mellom dei. Dei tre dimensjonane skal i følge Agnews (1987) verte betrakta som komplimentære. Likevel har moderne samfunnsprosessar, som globalisering, gjort det nødvendig å justere desse tre forståingane (Førde mf. 2013. s. 13). Castree (2009) har i sitt arbeid drøfta korleis dei tre forståingane kan verte vidareutvikla i tråd med det moderne samfunn. Han føreskår å betrakte stad som lokalitet som eit omkoplingspunkt («switching points»), der stader vert sett på som gjensidige avhengige, og samtidig forskjellige og

unike. Denne forståinga er paradoksal, men mogleg, fordi stader vert kopla saman nettopp på bakgrunn av ulikheiter (Førde mfl. 2013).

Den andre dimensjonen av sted, «sense of place», vart trekt fram som aktuell fordi opplevingsaspekt og kjensler knyt til ein stad framleis vart sett på som teoretisk grunnleggande for stadomgrepet (Førde mfl. 2013. S. 14). Likevel vart tanken om at det berre fanst ein «sann» stadidentitet kritisert, og at påverknad utanfrå kunne vere ein potensiell trussel mot denne «sanne» oppfatninga av ein stad. Førde mfl. (2013. s. 14) påpeiker at fleire forskarar meinte at denne konservative haldninga kunne føre til «nostalgi, romantisering og utvikling av reaksjonære og ekskluderende holdninger, frammedhat og rasisme.».

Nyare forskning har på si side trekt fram at det kan vere stor variasjon i kva slags relasjonar, oppfatningar og kjensler («sense of place»/stadidentitet) ulike menneskjer i lokalbefolkninga kan ha for same stad (Førde mfl. 2013. s. 14). Det vert trekt fram at stadidentitet ikkje er noko uforanderleg og statisk, men formast og påverkas av ytre, globale prosessar, og dermed ikkje berre er eit resultat av lokale erfaringar. Førde mfl. (2013. s. 14) gjengjer eit sitat av Castree (2009) «*identitet er stedsbaserte, men ikke stedbundne*». Dette sitatet underbyggjer viktigheita rundt det å forstå stadidentitet som noko «glokalt». Denne andre sida av globalisering omtalast som glocalisering. I det ligg ei forståing av at det lokale og særigne er ein konsekvens av globaliseringa (Selberg. 2007. S. 15). Det inneberer at lokalsamfunn ikkje set opp sosiale og mentale grenser for å verne om «vår stad», men er opne for å integrere globale og kulturelle forskjellar i det lokale (Førde mfl. 2013. s. 14).

Den tredje dimensjonen av stad, «locale», vart forklart som ein sosiomateriell kontekst for kvardagsliv og ansikt-til-ansikt-interaksjon (Førde mfl. 2013. s. 14). Denne tanken vart, likt som forståinga av stad som ein «sense of place», vidareutvikla i retning til å omfatte forholdet

mellom det lokale og globale. I og med at stader kan reagere ulik på global påverknad, vil den same globale påverknaden slå ut forskjellig på ulike stader (Førde mfl. 2013. s. 15). Førde mfl. (2013. s. 15) konkluderer med at stader «*må studeres ut fra en identifisering av dominerende aktører og deres prosjekter eller agendar. Analysen må ha fokus på hvordan stedet utvikles gjennom samspillet mellom lokale og over-lokale strukturer og handlinger/praksis. Vi må undersøke internasjonene og praksis til de som bruker og påvirker stedet*».

Denne omstillingstanken av dei tre hovudforståingane av stadsomgrepet vart støtta av Agnews, som på 90-talet kom med nye innflytelsesrike bidrag til stadomgrepet. Då forklarte han «*stad som nettverksbaserte møtestader av materielle, sosiale og kulturelle relasjoner*» (Berg & Dale. 2015. S. 32). I 2004 forklarar Berg & Dale (2015) at forståinga av stadomgrepet er relasjonelt, og underbyggjer denne påstanden med fire oppfatningar av stad:

1. som åpne, det vil si i stadig endring på grunn av nye relasjonar som strekker seg utover det lokale
2. som dynamiske, det vil sei i stadig endring på grunn av nye relasjonar og interkasjonsmønstre
3. som gjensidig avhengig av kvarandre
4. menneskjer og stader er gjensidig konstituerande

Denne tanken har dei vidareført, bearbeida og utvikla i nyare arbeid. Det relasjonelle stadomgrepet står framleis som dominerande. Det som er grunnleggande i dagens forståing av stad, er at dynamikk og forandring står enda meir sentralt (Berg & Dale. 2015. S. 43)

Globalisering = placelessness?

Den auka interessa knyt til omgrepet stad kan ha kome av ulike grunnar. Stader formar seg og finn sin eigenart ved å samanlikne seg med andre. I dag skjer forflyttingar av menneskjer med stadig aukande intensitet, som igjen har endra på tidlegare oppfatningar av stadomgrepet (Selberg. 2007. s. 15). I denne sammenheng er omgrepet

sted blitt problematisert på nye måter, og med det også relasjoner mellom mennesker og steder.» (Selberg. 2007. S. 15).

Langeland (2012. s 28) påpeiker at dagens samfunnsendringar, som globalisering og auka mobilisering, kan vere tydelege påverknadsfaktorar for at stadeigen identitet endrast. Samfunnsendringsprosessar omfattar både økonomiske, sosiale og kulturelle endringar, og har ført til at verda er blitt sterkere sambunde og djupare integrert. Dette har igjen ført til førestillingar om at vi alle vert utsett for same type kulturell påverknad (Selberg. 2007. s. 15).

Som følge av globalisering og kulturell appropriasjon vert det førestilt at stader er meir avhengig av kvarandre, og difor oppfattas meir og meir like (Selberg. 2007. s. 15). Internasjonale kjeder, som butikkar, fastfood-kjeder, serveringsstader og bensinstasjonar, er element som bidrar til slike «kvar-som-helst-stader» (Skogheim & Vestby. 2010). Stader med same visuelle preg bidrar til like opplevingar og minkar ein stads særegenheit.

Relph (1976) har tidlegare forklart slike stader med omgrepet «placelessness». Studiar viser at stader vert meir likearta i den moderne stadsutviklinga, på tross av at stadutvikling i utgangpunktet skal ta utgangpunkt i lokale forhold (Skogheim & Vestby. 2010). Dette gjeld særleg for fysisk utforming av gater, plassar og bygningar, der det er meir fokus på å skape eit estetisk uttrykk enn at det gjenspeigler staden. Omgrepet «placelessness» er ikkje berre knytt til fysisk utforming, men kan òg verte sett i samanheng med ein stads sosiale struktur i form av stadtilhøregheit og stadtilknytning (sense of place) (Relph. 1976). Stader kan endre seg når nye sosiale relasjonar vert tilført, og samhandlingsmønstrar oppstår og forsvinn kontinuerleg. Slike endringar kan vere ein medverkande forklaring til den auka interessa for stadidentitet og stadutvikling som tek vare på og integrerer kulturmiljø i forvaltninga (Skogheim & Vestby. 2010).

Stadtilknytning og tilhøregheit

Vi har tidlegare vore inne på ulike omgrep knytt til forhold mellom menneskje og deira bustad. I bestemte delar av stadteorien framstår dette fokuset spesielt relevant. Dette gjeld særleg for dei bidraga som mest eksplisitt er opptatt av menneske og stad, nemleg dei som fokuserer på stadopplevingar og kjensler («sense of place»), stadidentitet og stadtilhøregheit. I følge Berg (2016) er desse omgrepa slekta og i stor grad overlappende, og har ein aukande grad av spesifisering i den rekkefølga dei er nemnt her. Stadidentitet og stadtilhøregheit vert trekt fram som viktige dimensjonar ved opplevinga av lokalsamfunnet ein inngår i.

Kva ein stad er, og korleis dei kan forståast, handlar om ulike måtar å erfare og oppleve det på. Ved tilknytning skapar ein òg stader. Ordet «heimlengsel» vert brukt om ein stad ein føler tilknytning til. Ein heimstad vert konstruert gjennom relasjonar som er bygd på bakgrunn av erfaringar og minner. På vegen mot at ein stad blir ein heimstad, vert det danna ein emosjonell biografisk tilknytning til staden, eller til andre stader som minner om heimstaden. Det inneberer òg korleis stader er sosialt og kulturelt posisjonert i forhold til ein identitetsmessige «habitus» (Aure mf. 2015. s. 21). Med andre ord vil det sei at ein identifiserer seg med staden sin identitet. Staden kan slik sett ha ein eigenverdi. Det vil sei at staden har verdi berre på grunn av kva det er, òg omtalt som ein ibuande verdi (Tjernesaugen. 2018).

Diskusjonar om stadtilknytning byggjer på ulike forståingar og oppfatningar av kva ein stad er, og korleis skal ein forstå tilknytning til stader. Urry (2000) forklarar stadtilknytning som midlertidige og dynamiske, som påverkas av opplevingar som forbinder ein til staden.

Den tredelte stadtilknytingsmodellen (Scannel & Gifford. 2009) ser framveksten av og innhaldet til stadtilknytning i samanheng slik at ein kan forstå ulike dimensjonar ved fenomenet. Modellen framstiller tre dimensjonar i samband med

omgrepet stadstilknytning; relasjonar mellom personar, psykologiske prosessar og stader. Modellen fokuserer på stadstilknytning som eit overordna omgrep, og ser dei tre dimensjonane som underbyggande faktorar av den. Dei tre dimensjonane vert underbygd av fleire element ved menneskjer, stad og prosessar.

«Modellen spesifiserer mange element ved menneskjer, stader og prosessar. Den framhever at stadstilknytning kan vere individuell eller gruppebasert, ha historisk og religiøst grunnlag og være basert på erfaringer, innsikter og spesielle hendelser»
(Aure, Nygaard & Wiborg. 2015. s. 198).

Persondimensjonen vert delt inn i ytterligare to delar; den individuelle og den gruppebaserte. I det ligg ei forståing av tilknytning gjennom region

eller historie. Den individuelle byggjer på ei forståing av tilknytning gjennom erfaring, innsikt og hendingar (Aure, Nygaard & Wiborg. 2015. s. 197).

Staddimensjonen vert vidare delt inn i to delar. Sosiale relasjonar inneberer å vere knytt til ein sosial arena, eller gjennom sosiale symbol. Fysiske relasjonar er enten det naturlege rundt ein, eller det som bygd (Aure, Nygaard & Wiborg. 2015. s. 197).

Dei psykologiske prosessane byggjer på tre ulike relasjonar. Desse er kjensler, som vert knytt til glede, stoltheit og kjærleik. Kognisjon vert knytt til minner, kunnskap, handlingsskjema og meining. Åtferd vert knytt til til vedlikehald av nærområdet, eller gjenskaping av ein stad (Aure, Nygaard & Wiborg. 2015. s. 19)

Brei verdiskaping

«Hovedpoenget med bred verdiskaping er å se ulike verdiskapingsformer i sammenheng og skape gjensidig forsterkende samspill mellom dem» (Kabro et al. 2013).

Brei verdiskaping er meir enn berre økonomisk fortjeneste for enkeltpersonar eller bedrifter. Det skal òg legges til rette for verdiskaping i lokalsamfunnet, og samtidig ta vare på verdiar i naturen på langt sikt. I den breie verdiskapinga er difor heilskapen avgjerande, og for å synleggjere dette kan vi trekke fram omgrepet bærekraftig verdiskaping. I eit bærekraftig utviklingsperspektiv kan vi snakke om verdiskaping innanfor miljømessege, kulturelle, sosiale og økonomiske områder. Verdiskaping på dei ulike områda kan både vere positive eller negative (Haukeland & Brandtzæg. 2009).

Uttrykket den breie verdiskapinga viser til mangfaldet av verdiskapingseffektane av eit tiltak. For at natur- og kulturarven skal kunne fungere som ein verdiskapande ressurs, treng ein initiativtakarar som ser desse verdiane, og omgjev dei til godar og produkt som skapar verdiar for andre enn dei sjølve (Haukeland & Brandtzæg. 2009).

Godane som vert nytta i omgjeringa vil enten vere private godar eller fellesgodar. Private godar er varer eller tenester som vert produsert og vert seld på marknaden, og verdien vert definert av marknaden som salsverdi. Ei fellesgode er ei allmenn gode, som skal kunne verte brukt på lik linje av alle i samfunnet. Ei slik gode kan ikkje verte omsett på eit marknad, og verdien vert knyt til noko anna enn salsverdi (Haukeland & Brandtzæg. 2009).


Det er ein risiko for at fellesgodar i framtida i større grad vert privatisert gjennom marknadsorientert kommersialisering, og slik vert stengt for allmennheita. (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Set ein private og fellesgodar i

samanheng med omgrepet «brei verdiskaping», kan ein plassere private godar under økonomisk verdiskaping, mens fellesgodar kan bidra til miljømessege, kulturell og sosial verdiskaping. Samstundes kan det utarbeidast strategiar og tiltak for å utvikle fellesgodar av private godar, og på den andre sida utvikle økonomiske verdiar av fellesgodar (Kabro et al. 2013). Dersom forvaltarar av natur- og kulturarven i staden klarar å leggje til rette for at produksjonen av private godar og fellesgodar forsterkar kvarandre, kan det verte nytta verdiskapande for samfunnet i sin heilskap (Haukeland & Brandtzæg. 2009). Brei verdiskaping vert knyt mot fire typar verdiskaping, og dei kan identifiserast som følgande:

- «Miljømessig verdiskaping innebærer å styrke kvalitetene og verdiene knyttet til kulturminner, kulturlandskap og natur. Miljømessig verdiskaping oppstår ved at desse verdiene skjøttes, holdes i hevd og bevares slik at kulturarven og naturmangfoldet sikres. Dette oppnås blant annet gjennom god helhetlig planlegging og forvaltning av det fysiske miljø, istandsetting, tilrettelegging, skjøtsel, gjenbruk og god ressursforvaltning.» (Haukeland & Brandtzæg. 2014)
- «Sosial verdiskaping innebærer utvikling av felles forståelse, engasjement, tillit og tilhørighet som oppstår gjennom samarbeid, samhandling, dugnad, frivillighet, fellesskap og nettverk.» (Haukeland & Brandtzæg. 2014)
- «Kulturell verdiskaping innebærer økt kunnskap og bevissthet om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjoner, historiefortelling og symboler som gir grunnlag for formidling og utvikling av en stedlig identitet og stolthet.» (Haukeland & Brandtzæg. 2014)
- «Økonomisk verdiskaping innebærer økt lønnsomhet gjennom produksjon og salg av varer og tenester og økt sysselsetting for lokalsamfunnet, for eksempel som følge av innovasjon, merkevare og omdømmebygging.» (Haukeland & Brandtzæg. 2014)

Strategiar, mål og tiltak

Det er viktig å ha strategiar, mål og tiltak knytt til dei ulike verdiskapingsformane. Det er viktig å vere klar på at dei spelar på lag med ein annan. I det ligg ei forståing av korleis dei på ulike måtar er verdiskapande, og samspelet dei imellom. Det er viktig at det er ei klar medvit rundt samspelet mellom dei ulike verdiskapingsformane. Haukeland & Brandtzæg (2014) presiserer at det kan ta tid før ein får effektar frå å generere økonomisk verdiskaping, og at det synar effektar generert av sosial-, miljømessig-, og kulturell verdiskaping i ein tidlegare fase. Erfaringar frå brei verdiskaping kan vidare vert illustrert med det ein kallar for den breie verdiskapingsspiralen (jf. figur 1). Figuren inkluderer dei fire verdiskapingsmåla, og syner korleis verdiskapinga kan «balle på seg» etter kvar runde. Effekten vil til dømes største ved den miljømessige verdiskapinga, vidare til den sosiale verdiskapinga, til den kulturelle verdiskapinga og til slutt den økonomiske, og tilbake til den sosiale. (Haukeland & Brandtzæg. 2014)



Figur 1: Den breie verdiskapingsspiral. (Haukeland & Brandtzæg. 2014)

KAPITTEL 5

LANDSKAPRESSURSANALYSE



Foto: Lillian Herland

Kapittelet tek føre seg informasjon som vart innhenta på feltarbeid i Solund kommune. Landskapsressursanalysen består av to delar; ei landskapsanalyse og ei stadkjensleanalyse. Del 1 består av ei analyse av landskapet, der alt frå geologiske prosessar og kulturelle referansar vert tatt i betraktning. Landskapsanalyse er gjennomført på bakgrunn av eigne observasjonar i felt, informasjon frå informantar, og sekundærkjelder i form av bøker, artiklar, kartapplikasjonar og andre databaser. Del 2 består av ei stadkjensleanalyse. Her vil ein verte kjent med dei ulike informantgruppene, og deira relasjon til Solund som stad, og til kystarven i kommunen.

Områdepresentasjon

Norges kystlinje er unik. Den er langstrakt, med skjergardar og fjordlandskap. Totalt 102 937 km land grensar mot hav, og er med det verdas nest lengste kystlinje etter Canada (Kartverket. 2018). I europeisk samanheng har Noreg ein svært variert kyst. Det er eit stort sprang frå dei lauvgrøne strenda på Sørlandet, til Finnmarks steinete ishavstrender. Frå den fyrste busettinga som kom til Norge, har menneskjer levd langs kysten. I 2006 budde 70% av befolkninga i kommunar som grensar til saltvatn (Ryvarden & Lauritzen. 2006. s. 6), mens i 2017 budde heile 80% av den norske befolkninga mindre enn 10 km frå sjøen (Miljødirektoratet. 2017). Ulike næringar har med tida vorte forma langs kysten, og mykje av rikdomen i Noreg vert knyt til desse kystnæringane. Petroleumnæring, fiskenæring og oppdrettsnæring er sentrale døme på dette.

Ein skal ha respekt til havet, og i den tanken ligg det mykje. Havet har i alle år vore ein ressurs, men òg ei utfordring. Samstundes som havet har vore ei kjelde til overleving, har det òg tatt mange liv. Historier frå kystsamfunn i Noreg, syner ein kamp for overleving, og eit liv der ein måtte klare seg med det ein hadde. Ein var sjølvberga, og utnytta alle dei ressursane som var tilgjengelege. I dag klarar framleis livskraftige samfunn seg fast til kysten, og heilt ytst finn ein Solund kommune.

«Om noko er 'furet, værbitte over vannet', så er det Solund ytst i Sogn»
(Rakkenes & Senneset. 2006. s. 147).

Solund kommune ligg i ytre Sogn i Sogn og Fjordane fylke. Solund vil 01.01 2020 verte ein del av Vestlandsregionen. Kommunen er samansett av øyer lokalisert på nordsida av Sognesjøen, og er ikkje direkte knyta til fastlandet. Dei over 1000 øyene har til saman eit landareal på 228 km², og ei kystlinje på 990 km (Ryvarden & Lauritzen. 2006. s. 150). Øyriket


Solund ligg som ein vestliggande utstikkar langs Norskekysten, med Noregs vestlegaste landepunkt vest for Utvær. Den største øya i Solund heiter Sula, som utgjer over halvparten av kommunens areal.

Per 4. kvartal i 2018 bur det 820 menneskjer i Solund kommune. Det vil sei at dersom ein hadde kunne delt ut alle øyene i Solund, ville kvar innbyggjar fått over to øyer kvar. Folkenedgong har lenge vore ei av dei store kommunale utfordringane, men dei siste åra har det vore ei positiv befolkningsauke i kommunen - ei utvikling som skil seg ut blant liknande distriktskommunar.

I ein regional kontekst er Solund del av HAFS-regionen, og har ei viktig plassering i mellomfartsåra Bergen-Ålesund. I HAFS-regionen inngår Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen kommune. HAFS ligg i opninga til Sognefjorden, med sterk tilknytning til Bergen i Hordaland. Regionen ligg geografisk godt plasser for vekstnæringar som havbruk, fornybar energi, olje og gass, samstundes som moderne industri og tenesteyting lev side om side med tradisjonelle primærnæring som landbruk og fiske (Tveit. 2016).

Solund er del av landskapsregion 20 - kystbygdene på vestlandet, der Solund vert karakterisert med harde og høgreiste bergartar og nakne fjellformasjonar, og med eit landskap som framstår ugjestmildt med lite lausmasser og vegetasjon (Puschmann. 2005). Av dei resterande kommunane i HAFS-regionen, er det berre Gulen og delar av Askvoll som òg inngår i same landskapsregion. Noko som syner landskapsmessige ulikheit i ein regional kontekst. Slik sett skil landskapet i Solund seg frå dei andre kommunane i HAFS-regionen.

- Sogn og Fjordane fylke
- HAFS-regionen
- Solund kommune




Askvoll

Fjaler

Hyllestad

Solund

Gulen



Kystkulturen

I fleirfaldige år var fiskarbonden kjerna i kystkulturen. Fiskarbonden var ikkje ein person, men eit par. Det var ei todeling i hushaldet, med ei tydeleg kjønnsstrukturell arbeidsfordeling. Mens menn var ute på havet, dreiv kvinnene garden (Elstad. 2014. s. 383-403). Todelinga førte til ei tydeleg arbeidsdeling mellom mann og kone, og det er grunn til å anta at forholdet dei imellom som hovudregel var prega av likeverd. Begge sin innsats var like viktige for at hushaldet skulle fungere, og for å overleve. Likevel, dei sterke kystkvinnene vert i fleire tilfeller trekt fram som eit symbol på det pågangsmotet ein trong for å overleve langs kysten.

«Lenge før det vart vanleg å snakke om kvinnekamp og kvinnelege entreprenørar, fants det kvinner som kjempa for lov og heim under vilkår som kvinner no for tida berre kan møte som utfordringa på eit overlevingskurs»
(Hjelmervik. 2004. s. 8).

I eit krevjande og ugjestmildt landskap, har kvinnene lags kysten vore med å halde liv i det tradisjonsrike fisket langs kysten i Noreg (Hjelmervik. 2004. s. 8). Menn hadde arbeidsoppgåver som trakk dei vekk frå heimen, mens kvinner var stadbundne (Elstad. 2014. s. 383-403). Menna var fiskarar, og difor er det vanlegvis berre dei ein forbind med fisket i Noreg. Kvinnene har likevel alltid vore ein heilt nødvendig del av den økonomien og livsforma som er knytt til fisket. Mens menn var på havet, skapat kvinnene eit liv for seg sjølv og familien. Ofte var dette på isolerte stader, med naudeløse naturtilhøver.

«Kvinnene var kloke og oppfinnsame, og dei heldt fast til grunnleggande verdiar som pregar fiskarsamfunn verda over: hardt arbeid, fellesskap, omsorg, pågangsmot, humor, og mest av alt – verdigheit.»
(Hjelmervik. 2004. s. 8.)

Kombinasjonsdrift var nødvendig i Solundsamfunnet

«Svært mange av eigedommane i Solund hadde årvisse innsig av sild og makrell, og å røkte kastevågane hadde prioritet høgt over onnearbeidet. Jamvel turrhøy og kornband fekk vente. I sommarhalvåret låg notbåtar ved sjøhuset klar for å kaste sild eller makrell på kortaste varsel. Trena augo følgde den minste åte og tolka kvart teikn frå måse og terne. Viktig var det òg å passe laksenøtene. Dei gjekk på omgang mellom grannane. Ungar og bestefedrar dorga eller drog garn så det ikkje vanta kokefisk. Ein linestump måtte ut straks det var tilgang på agn. Kring matbordet sat nemleg langt fleire enn i vår tid.» (Steinsund. U.Å. A).

Foto: Kvernellen, SSF.

Biletet er datert mellom 1928-1929. Robåtar i ein ring, og held på sildenot under opptak.



Foto: Torborg Henriksen, SFF.

Biletet er datert mellom 1935 – 1938, og synar ei kystkvinne i gong med klesskylling. Klesvasken aleine kunne vere eit dagsarbeid.



Foto: Jacob Oddekalv, SFF.

Biletet er frå Oddekalv og datert til ca. 1963.

Biletet synar ei typisk sjøbu med vindspegl, med god plass for nøter og garn.

Landskapsanalyse

Ei landskapsanalyse har som formål å skildre landskapets innhald og eigenskapar, og systematisere den kunnskapen som kjem fram (DN & RK. 2010). Det er gjennomført ei landskapsanalyse av Solund kommune i sin heilskap. Landskapsanalysen er utarbeida med inspirasjon frå Miljødirektoratet sin rettleiar for metode for landskapsanalyse i kommuneplan. Metoden trekkjer inn kulturelle forhold som viktige tema for å belyse landskapets karakter, noko som vert underbygd av den europeiske landskapskonvensjonen si forståing av omgrepet landskap (sjå kapittel 3). Kultur og landskap kan gå hand i hand, og landskapsanalysen kan forklare denne samanhengen. Med inspirasjon frå metoden er det i denne oppgåva nytta 5 temadelar for å beskrive ulike landskapskomponentar i Solund og kulturen knytt til den.

Temadelane i analysen er inspirert av den nemnte metoden, men det har vore nødvendig å endre noko for å belyse Solund sine kvalitetar på best mogleg måte. Temadelane er difor som følgande:

Tema 1: Landeforamar

Tema 2: Vegetasjon

Tema 3: Kulturhistorisk arealbruk

Tema 4: Kulturelle referansar

Landskapsanalysen, som tek for seg inntrykk tileigna gjennom registreringsarbeid i felt, legg vidare grunnlaget for ei landskapskarakteranalyse. Det har vore nødvendig å dele landskapet inn i delområder for å få betre forståing av kvart område og deira særpreg. Dette vil verte skildra nærmare i landskapskarakteranalysen.

Tema 1 Landeforamar

Hovudforamar

Solund kommune er til berre av øyer, i hovudsak nord-sør orienterte, ved sidan av kvarandre mot vest. Mellom øyene finn ein små og store sund. Hovudforma i Solund er eit fjellmassivt øyrike.


Hovudforma i Solund endrar seg jo lengre vest ein kjem (jf. illustrasjon 1). Mot aust vil landskapet vere kompakt med høge fjellformasjonar som strekk seg inn mot fjordlandskapet. Lengre inn i øylandskapet vil landformasjonane verte meir oppsprukke og delt. Desse sprekkedalane, med store vikar og sund, utgjer hovudformane i store delar av kommunen. Gradvis vil landskapet endre seg mot vest. Fleire små og store øyer ligg innimellom sprekkedalane, og dannar små og store sund. Landskapet vert meir avskilt, og sprekkedalane vil gå over til øygrupperingar og sund. Samstundes vil landskapet verte meir lågmeldt, og fjella stikk ikkje like markert opp i høgda. Heilt ytst i havgapet vil ein finne låge øygrupperingar med mange små øyer.



Illustrasjon 1: Formar. Foto: Finn Loftesnes

Gradvis lågare landskap

Illustrasjon 1 syner eit fjellmassivt øyrike og den gradvis lågmælte topografien i det vestgåande landskapet. Fjella vert lågare, og fjellmassiva utpregar seg i mindre grad. Samstundes går landskapet over til fleire øyer, holmar og skjær. Illustrasjon 2 syner området illustrasjon 1 omfattar.



Illustrasjon 2: Foto av formar. (Kartverket)

Småformar

«Det ser ut som om kjempar har kasta steinblokker etter kvarandre».

(Rakkenes & Senneset. 2006. s. 147)

Småformar er markerte terrengformar i småskala. I Solund er det småformar av nakne fjelltoppar, bergknausar- og skrentar, store og små øyer, sund, vikar, flytteblokker og skjær. Solund er eit eldorado av små og store øyer som danner landskapsbiletet. Småskala øyer er difor ein særreigen del av hovudlandskapet i Solund.

Eit anna særtrekk i Solund er dei store flytteblokkene som ligg strødd kringom. Slike flytteblokker kan verke malplassert og skil seg ut i landskapet. Dømesvis har dei store flytteblokkene på Lågøy, Lågøystolane, vore eit viktig landemerke for sjøfarar og lokalbefolkninga.

Dei mange småholmane og skjæra utgjør småformar. Fleire holmar er av særleg karakteristisk form, og symboliserer eit vêrhardt miljø ytst i havgapet.

Det lønnar seg å vere lokalkjent dersom ein skal ferdes med båt kringom øyene. Småskjæra ligg gøymt tett under havoverflata, og dukkar tidvis fram når det fjærer.

Vasselement

Sjøen krinsar om øyene, og er slik sett det mest sentrale landskapskomponentet i Solund. Sjøen skapar ein kontrast til landskapet, og er det mest viktige elementet i kystlandskapet. Sjøen i Solund er av små og store sund, og av mindre opne havområder, og ut mot storhavet.

Foto 1: Daniel Røed




Foto 2, 3, 4: Lillian Herland.

Landeformar i eit naturgeologisk perspektiv

Landformar omfattar dei topografiske hovudformar som skil seg ut i eit område (DN & RK. 2010). Hovudforma i Solund omfattar fjellmassiv i eit delvis ope havområde; formar som vert gjenspegla i områdets naturgeologiske utvikling. Ein fjelltur i Solund vert fort eit geologisk studie. Konglomeraten skil seg ut som den dominerande bergarten i kommunen, og berre nokre få områder er av andre bergartar. Ein finn blant anna eit større område av grønstein i dei nordvestlege øyane (NGU. 2019).

Berggeologien vart danna for meir enn 400 millionar år sidan, då det som i dag er HAFS-regionen, låg i ei klemme mellom Beltika (Ur-Europa) og Laurentia (Ur-Amerika). Langt der nede på eit ufatteleg djup, låg regionen, medan verdas største fjellkjede, den kaledonske fjellkjeda, la seg ovanpå (Rüttimann. 2018). Ho vart danna som følge av at Beltika blei dratt under Laurentia i ei samanstøyt, og fjellkjeda vart difor både høg og svært djup.

Samanstøyten skapte endringar i bergartane, som under høgt tykk og temperatur vart omdanna til granatglimmerskifer. I seinare tid vart denne granatglimmerskiferen ein svært viktig økonomisk ressurs i HAFS-regionen, då den blei brukt til kvernstein for heile Nord-Europa (Rüttimann. 2018).

Den kaledonske fjellkjeda stod lenge, men for omlag 460 millionar år sidan «sklei» ho ut, og vart erodert. Denne prosessen skjedde så raskt at alle steinblokkene enda opp som store «steinrøyser» i sedimentbasseng. Steinrøysane vart under istida pressa saman til konglomerat og sandstein, og er i dag kjent som devonfelta på Vestlandet (Rüttimann. 2018). I geologiterminologien er dette naturområdet i Solund døypt «Solundbassenget» (Mongstad. 2017). Fjellet Lihesten i Hyllestad, øyane Værlandet og Bulandet i Askvoll, og nesten heile Solund kommune er restar frå desse «steinrøysene».



Foto: Privat. Konglomerat i Solund.

Tema 2 Vegetasjon

Landskapets karakter er prega av mykje bart fjell, og lite vegetasjon i tresjiktet. Det er eit karrig og forblåst landskap, som står enda meir forblåst når det ikkje står trer som kan gje ly. Dette er ein tendens som vert tydeleg når ein kjem ut til dei ytste øyene. Vegetasjonen endrar seg, og vert i tak med høgdekurvene, lågare jo lengre vest ein kjem.

Ein ting er felles i heile kommunen, og det er ein mangel på lausmasser. Solund er kanskje den kommunen i landet med minst lausmassar, noko som kan forklarast av berggrunnsgeologien. Det er på grunn av dei harde devonske sandstein- og konglomeratbergartane som finst i Solund. Difor har det gjennom tidene vore lite forvitring og iserosjon, og produksjon av lausmassar har for tilsvarande liten (Aa & Sønstegaard. 1994).

Ein ser samanheng mellom lite lausmasser og jordbruk i Solund. Som følge av lite lausmassar har det òg vore lite jord til beite og anna jordbruk. Samstundes har dei områda som lat seg bruke til jordbruk vorte godt utnytta. Kringom vil ein finne grønne lunger innimellom i

det opprivne og grå landskapet. Det grønne skil seg tydeleg ut mellom den dominerande gråfargen. Kontrasten kjem fram i landskapet når dei grå berga og brått mjuknar opp av dei saftigrøne jorda utspent mellom steinveggane.

Krakkfjellet har eit større område med verna barskog. Dette er det største tydelege samanhengane skogsområdet i Solund, og ligg heilt nord-aust i kommunen. Elles finn ein små skogar av lauv- eller bartrær innimellom. Ein skal likevel vere forsiktig med å kalle det skog, då det skjeldan strekk seg lengre enn til neste fjellknaus, og dei er det mange av. Jo lengre vest ein kjem, jo mindre skogsområder finn ein. Heilt ytst i havgapet er det lite førekomstar av trer, og vegetasjonen vert sjeldan høgare enn i busk- og feltsjiktet.

Hovudtrekka i vegetasjonen er knyt til kulturlandskapet. Kystlyngheia og naturbeitemarkene er kulturbeta vegetasjonsdekker. Dette er vegetasjonen som skil seg ut som sårbare naturtypar, og er av stor verdi.



Foto: Privat. Vegetasjonsdekket i Solund.



Foto: Privat. Grønne dekker i skog.

Kystlynghei

«Kyst, lyng og hei. Til saman kystlynghei. Gjerne heilt ytst i havgapet, eit temmeleg flatt, men samstundes tuete landskap. Langstrakt, røft, sett saman av små, små busker, som minitre. Hva bruker vi denne naturen til? Hva finnes her?» (Helle. 2017).

Kystlynghei er vår eldste kulturlandskap, og menneskjer har produsert mat i samspel med naturen i over 5000 år. Det siste halve århundret har 85-90% av den europeiske kystlyngheia vorte utrydda. Ein gong strakk ho seg frå Lofoten i nord via England og Skottland i vest, til Portugal i Sør. Berre her i Noreg heng det framleis ein del igjen. Naturtypen strekkjer seg langs heile den vestlege kystlinja i Noreg, og heile ein tredjedel av verdas kystlyngheiar finn ein her (Helle. 2017). Likevel har naturtypen status som «sterkt trua» på Rødlista for naturtypar (Artsdatabanken. 2018). Den største trusselen for kystlynga er i dag gjengroing.

Kystlynglandskapet blei skapt for 5000-6000 år sidan, då bøndene tok i bruk metoden for å produsere mat og ull. Villsauen er optimalt fysiologisk tilpassa til å skape mat av lyngheia, og det er difor viktig å skjytte landskapet i samspel med sauene. Villsauene er ein nøgdsam generalist, og treng ikkje mykje stell. Likevel er det berre dei grønne skota i toppen av lyngplanten sauene kan ete. Når lyngen blir for gamal og høg så visnar greinene, og den har lite verdi som mat. Dersom ein brenn dette, vil lyngen spire frå botnen av.



Lyngplanta har vore brent i mange år, og den har tilpassa seg brenning, og difor vert lyngfrøa stimulert til å spira av røyk. Det er mange dyr som trivs i dette landskapet, og ei heil rekke med insekt kjem etter lyngen er brent. Dette vil igjen tiltrekke fuglar, og spesielt dei fuglane som ikkje likar at det gror tett (Helle. 2017). Kystlyngheia skapar slik eit viktig biologisk mangfald.

I Solund strekkjer dei vide lyngheiane seg ut mot havet. Der finn vi purpurlyngen, i sørvende bergskråningar. Kystheia i Solund er meir grovkuppert enn det ein ser som typisk for kystlyng elles. Ein finn den gjerne mellom bergsprekkar, eller som eit delvis fargerikt dekke over dei grå berga.

Naturbeitemark

Naturbeitemark er ein utvalt naturtype av særleg høg verdi. Grasmarkene vert til etter langvarig bruk til beite, som er lite eller ikkje gjødsla, pløgd eller sådd av framande planteartar. Denne forvaltingsmetoden har ført til at områda ofte set på store biologiske verdier, i form av sjeldne og trua plantar, sopp og insekt (Bratli. 2010). Den største trusselen for naturbeitemarkene i dag, er at dei vert pløgd opp, gjødsla, bygd ned eller gror igjen. Fleire lokalitetar med naturbeitemark er klassifisert omkring i kommunen, og det er gjerne slike områder som skaper dei grønne lungene i landskapet. Økologisk sauebruk, med kvitsau eller villsau, kan halde naturbeitemarkene ved hevd.



Foto: Lillian Herland

Tema 3 Kulturhistorisk arealbruk

Arealbruk og driftsstrukturar

Menneskjer busetnader er vekse fram etter to hovudmønstre; fiske og jordbruk. Avstanden til sjøen skulle vere minst mogleg, og hus og gard ligg i dei oppdyrka områda frå sjøen og oppover land.

Menneska var nært knytt til havet, som var ein viktig ressurs, både som matfat, økonomisk kjelde, men òg som fartsåre. I Solund var ein avhengig av å bu nærre havet, og bustader vart i hovudsak sett opp i eller i nærleik av strandsona. I tilknytning til hovudhuset stod ofte naust og sjøbuer i sjøkanten. I dag står mange av desse nausta framleis, men som følge av endra bruk har fleire naust òg latt seg forfalle. Dei som bur og har direkte tilknytning til havet, nyttar gjerne nausta som frå gammalt av. Andre har restaurert dei, og brukar dei som hytte eller oppbevaringsbygg.

Fiskeri gav kapitalen, mens jordbruket sørget for sjølvberging. Det viktig å ha litt jord til begrensa jordbruk. Då kunne ein ha husdyr, som var ei viktig matkjelde. Denne kombinasjonsdrifta med fiskeri og jordbruk var nødvendig i Solundsamfunnet. I dag ser ein tydeleg dei små grønne lungene i landskapet, som er kome som følge av jordbruket. Gamle driftsstrukturar vert gjenspeigla i kulturlandskapet. Framleis finn ein gamle gjerder av tre eller stein, innanfor er det områder med slåttemark eller naturbeitemark. Slike strukturar kan stå lenge i landskapet. Landskapet krev på si side kontinuerleg skjøtsel. Villsauen kom til Solund i rundt 1950, og har sidan det haldt store delar av kulturlandskapet i hevd.



Foto: Ukjent, SSF.



Foto: Privat.

Fotografiet til venstre er frå ca. 1930, og det til høgre frå 2019. Biletet er frå Kalgraff i Yre Sula, og i bakgrunnen kan ein skimte eit bustadhus med sjøbu i første etasje. I dag, nærmare 90 år seinare står det framleis på Kalgraff. vel og merke er det ikkje i same stand som i 1930.

Veghistorie i Solund

I trafikkplanen av 1919 heiter det «*Opmerksomheten henledes paa, at Sulen ingen veier har, og det heri maa ske en forandring*». (Ese. 2007).

Sjøvegen var i alle år hovudfartsåra i Solund. I 1960 vart vegen mellom Hop og Hardbakke etablert, og ei ny fartsåre var på plass. Fotografiet syner gjester og bygdefolk som er ute og prøver den nye vegen. Det er sparsamt med grus og breidda er ikkje til å bli svimmel av. Vegen vart lengre, og i dag strekker den om lag 33 km lange fylkesveg 606 seg frå Krakhella i sør, til Daløy i vest. (Ese. 2007). Etter vegen kom var ikkje sjøvegen hovudfartsåra, og kommunikasjonen inn til fastlandet vart betra. Det hadde mykje å seie for samfunnet.

Vegen er framleis smal, og kurvar seg gjennom landskapet i Solund.



Foto: Lillian Herland



Foto: Ukjent, SSF.
Frå 1960. Vegen mellom Hop-Hardbakke.

Tema 4 Kulturelle referansar

«Kulturhistoria i lokalsamfunnet er eit kaleidoskopisk mangfald. Det er mange trådar i den historiske veven.» (Brekke. 1993. s. 2).

I Solund vil ein finne ulike kulturelle referansar. Det kan vere alt får små vasstandsmerker i berget, til større fiskevær. Fleire mindre lokalitetar er registrert som kulturminner i Solund.

- Råkeneset husmannsplass er verna som eit kulturminne.
- Utvær er verna som eit verdifult kulturlandskap.
- Joskjæret nord for Utvær er verna som eit enkeltminneikon.
- Solund kyrkjestad, Lågøyna kyrkjestad, Hersvik kyrkjestad
- Vegen mellom Krakhella-Hardbakke er verna
- Ulike skips- og båtvrak er registrert som lokalitetar

Dei områda som særleg skil seg ut er stader som er knyt til historiske hendingar og tradisjonar. Fleire stader i Solund kommune kan verte trekt fram som slike kulturelle referansar. Dette er områder som særleg utmerkar seg med ei kulturhistorisk hending, tradisjonelt byggmiljø eller anna som kan verte knyt til den historiske kystkulturen i kommunen. Nokre områder er direkte knytt til historiske hendingar.

Losnaætta

Losnaætta har sitt historiske grunnlag på øya Losna, aust i Solund. Historia om Losnaætta er oppfatta som ei urgammal norsk ætt med si storheitstid før 1300-talet. Det vert sagt at losnaætta var ei storætt, med menneskjer i sentrale politiske og administrative stillingar i Noreg, som òg var knyta til kongar og riksråd (Losnegård mf. 2003). Losna ligg ikkje langt frå Guløy, der Gulatinget blei hold i dei eldre tider.

Kulturlandskapet på Losna vert og nytta som scene og kulisser under Losnaspelet, som vert arrangert kvart 2. år. (Solund kommune. 2008).

Faktisk vert Losnaætta framsynt som eit kulturhistorisk symbol gjennom våpenskjoldet til Solund kommune. Våpenskjold skal illustrere det særeigne i Solundnaturen, og illustrerer eit band av øyer mot vest, med sund imellom. Losnaætta har eit historisk feste i kommunens våpenskjoldet, då illustrasjonen fangar opp delar av det nokså samansette våpenskjoldet til Losnaætta.

Indrøy

«Handelsstaden Indrøy ber på er rik historie. Staden er eit slåande døme på korleis ein grunder bygde fram ei allsidig næringsdrift som i neste omgang vart utslått av nye kommunikasjonar og endra ressursgrunnlag» (Steinsund. U.Å.B)

Knut Berentsen (1867-1952) gjekk ikkje i fiskarfotspora til faren. Han reiste i staden til Bergen i snikkarlære. Etter læra vart han henta heim av far sin, og han starta då å kjøpe hummar, laks og andre fiskeslag, for sal i Bergen. Salsdrifta utvikla seg utlandet, og det var behov for større plass. Kring 1890 kjøpte han eit grindebygg i Bergen, fekk tatt denne ned og frakta den til Indrøy, der den vart satt opp igjen. Det vert sagt at bygget var ei sjøbu frå Tyskebyggja i Bergen (Steinsund. U.Å. B). Med større plass vart det mogleg å drive allsidig. Tranbu, oskebu, ishus, sjøhus, og notheng vart etablert. Han kjøpte fleire fiskarfarar, og utvida drifta. I 1950/60 åra vart nye vegar etablert i Solund, og havert var ikkje lengre hovudfartsåra. Samstundens minka det på fiskeslaga, og dei store inntektene kunne utebli som følge av det. Indrøy fekk inga veg, og fleire såg sin trong til å flytte etter sikrare inntekt. «Naturgrunnlaget og kundekrinsen for drifta i Indrøy var ikkje lengre til stades». (Steinsund. U.Å. B)

Utvær

Øya ligg omlag 8 km vest for dei ytste større øyene i Sula, og er den vestlegaste øygruppa i Noreg. Utvær husar ei rik kulturhistorie, som strekkjer seg heilt tilbake til vikingtida og fram til i dag. Dei eldste kulturelementa ein finn på Utvær, knytast til vikingtida, og historia om Harald Hardråde.

Utvær var i si tid kyrkjestad, fiskarvær og losstasjon. I middelalderen låg det eit lite kapell på øyane, vigd til St. Clemens; dei sjøfarande sin skytsengel (Starheim. 2011). Seinare, på tidleg 1600-talet, vart det drive fiskehandel og krambu av bergensborgaren Michel Jacobsen, som hadde tilsyn med kongen sine eigedomar i Utvær skipsreie (Starheim. 2011).

På 1790-talet vart det starta handel på Utvær. Fiskarværet låg midt i smørauget for dei rike sildefiskarane på 1800-talet, og på det meste budde det mellom 200 og 300 menneskjer der (Starheim. 2011).

I 1900 vart det 31 meter høge støypejensårnet montert på øya, og fekk namnet Utvær fyr. Dette var då, og er framleis, Noregs mest vestelge fyr. Under andre verdskrig vart både fyrtårn og tilknytt bustadhus, sterkt skada i allierte flyåtak. Det vart bygd

opp i 1948, ein etasje lågare vel å merke (Starheim. 2013).

Med tida har øysamfunnet vorte avfolka, og i 1958 var det berre to fastbuande familiar att. Etter 1970 har det ikkje vore fastbuande, forutan ein liten perioden på tidleg 2000-talet, då ein mann flytta tilbake til heimstaden på Utvær, og vart verande der nokre år (Starheim. 2011)

I dag står husa stort sett tomme, men om sommaren er det eit myldrande liv av ferierande menneskjer og besøkande. Det går rutebåt på bestilling til Utvær, og det er slik mogleg å kome seg ut til øyene heile året, så lenge veret tillèt det.

Organisasjonen Vener av Utvær vart starta opp i 2010, og held bustadmiljøet knyt til fyret ved hevd. I dag kan ein følge Nordsjøløypa som kurvar seg rundt øya. På vegen går ein forbi Brynesteinen, med merker frå vikingtida. Historia fortel at Harald Hardråde hadde sitt siste stopp på Utvær før han reiste over til England og gjennomførte det som i dag er kjent som slaget ved Stamford Bridge. Det er sagt at brynesteinen vart brukt til sverdslipar, og merka frå dette kjem tydeleg fram i steinen.



Foto: Lillian Herland. Utvær.

Gåsvær

Gåsvær er eit gammalt fiskarvær, der tradisjonelt byggmiljø framleis vert heldt i hevd. Byggmiljøet på kaia er sagt å vere over 100 år gammalt, og nokre av dei er truleg over 300 år gamle. Bruken av inn- og utmark syner korleis gardsdrifta har påverka landskapet og vegetasjonen. Kystlyngen, som dominerer store delar av kulturlandskapet i

kommunen, er ikkje å finne på Gåsvær. Det er eit resultat av den gamle driftsforma der holmane vart nytta til sommarbeite, ei drift som framleis vert haldt i hevd. Slik har Gåsvær klart å halde på det tradisjonelle særpreget (Solund kommune. 2008).



Foto: Ukjent, SSF.
Frå ca. 1916. Hamna på Gåsvær. Skøyta er «Firda».




Foto: Privat.
Gåsvær i dag. Eit nytt grindebygg er under oppbygging på kaia.



Foto: Rasmus Gåsvær, SSF. Frå ca. 1950

Landskapskarakter



Vidare føreligg ei kort analyse av Solund kommune sin landskapskarakter. Kartet illustrerer dei ulike delområda i Solund. Delområda er delt inn på bakgrunn av landskapsanalysen. Ut frå vurdering av landskapskarakter har det vore hensiktsmessig å dele kommunen inn i fire delområder:

- Delområde 1 - Fjordlandskap
- Delområde 2 – Sprekkedal og sund
- Delområde 3 – Indre øylandskap
- Delområde 4 – Ytre øylandskap

● Fjordlandskap

Øya Losna skil seg særleg ut. Denne delen av Solund strekkjer seg delvis inn som ein del av fjordlandskapet i Sognefjorden. Topografien er meir kuppert og variert, med meir utprega og kompakte fjellmassiv. Ein finn fleire grøne lungar, med små skogsområde og grøn vegetasjon.

Dette området står i kontrast til dei ytre delane av kommunen, der skjær, holmar og øyer møter storhavet. Sørøst på øya Losna vil ein finne eit landskap som ikkje liknar på noko anna i Solund. Det er eit forholdsvis stort og samanhengane landbruksområde, med steingardar og gardsflora. Det er grønt, med beiteområde av stort biologisk verdi. Området minner meir om det grøne fjordlandskapet, enn det ytre øylandskapet.




Foto: Merete Husmo Høidal, NRK. Losna.

● Sprekkedal og sund

Mellom det indre landskapet som strekker seg inn i fjorden, og dei ytre øyene i storhavet, er landskapet sprukke og variert. Sprekkedalar og fjell skapar store og små sund, vågar og vikar. Nokre vikar strekkjer seg langt inn i landskapet. Dei store sunda har lenge vore trygge ferdselsårer, og gode hamneområder har vorte til i ly av vinden. Hamna i kommunesenteret, Hardbakke, er ein slik stad.



Foto: Lillian Herland. Kråkesundet.

● Indre øylandskap

Det indre øylandskap omfattar øyer av meir kompakt form. Fjellmassiva er meir utprega, og vegetasjonen tidvis variert. Nokre av øyene ligg omkransa av sund, og er ikkje like vêirutsett som i det ytre øylandskap. Øyene ligg i nærleik av hovudøyene, Sula og Ytre Sula, eller er lokalisert i nærleiken av andre større øyer. Landskapet er ikkje like utprega øysamfunn, som lengre ute i havet. Kystlyngen dominerer store deler av vegetasjonbiletet. Nokre stader finn ein den mellom bergsprekkar, andre stader ligg den som tjukke dekker over berga.



Foto: Gunnlaug Olsvoll Røed. Nesøyna.

Ytre øylandskap

Fjell og stein berer preg av eit vêrhardt miljø med vind og bølger som i lang tid har slipt på landskapet. Jo lengre vest ein kjem, jo meir lågmælt og oppriven vil landskapet verte. Det ytre landskapsbiletet er prega av øygrupperingar i småskala. Det omfattar øygrupperingar rundt Utvær, Indrevær og Gåsvær. Øyene ligg nakent i landskapet. Berg med lite vegetasjon synar eit vêrhardt område. Grassletter og beiteområder skapar samstundes eit grønt preg. Iblant dukkar kystlyngen opp innimellom bergsprekkane. På Gåsvær er kystlyngen fråverande, men vert erstatta av grøne, samanhengane beiteområder.



Ein kan finne spesielle og ville bergkonstruksjonar som er forma av bølgene. Øyene ligg lågmælt i landskapet.



Foto: Merete Husmo Høidal, NRK. Indrevær.

Stadkjensle

Stadkjensledelen vil i denne oppgåva skildre den informasjonen som har kome fram gjennom intervju med informantar. Måten informantane skildrar kjensler og tilknytning til utvalte stader, og kva forteljingar dei trekkjer fram, er element som fortel noko av kva tilknytning dei har til ein stad. Stadforteljingar illustrer korleis stader og tilknytning til stader vert beskriven. Aure mf. (2015. s. 200) trekkjer fram tre synspunkt ein bør få fram i slike presentasjonar for å forstå stadstilknytninga:

- Korleis snakkar folk om sin tilknytning, og kor viktig er den?
- Kva slags type stader snakkar folk om?
- Kva er det med staden som vert trekt fram?

Dei utvalte informantane har ulike relasjonar til Solund og spesifikke stader i kommunen. Nokre av dei er oppvaksen i Solund, og vore busettstore der delar av livet, mens andre er tilflyttar. Alle har relasjonar til spesifikke stader i kommunen, og ein ser at stadkjensla kan kome vel så sterkt til uttrykk hos tilflyttarane, som hos dei som har budd i Solund heile livet.

Presentasjon av nøkkelinformantar (foredlarar)

Nøkkelinformantane er menneskjer som på ulike vis foredlar verdiar knytt til kystarven i Solund. Det er forsøkt å «fange» stadkjensla; deira realsjon til staden sin, den stadbundne kulturen, og verdien av å drive med det dei gjer. Følgande føreligg det ein presentasjon av dei seks nøkkelinformantane:

- Hans Gåsvær
- Anne Marie Gåsvær Færøy
- Roar Moe
- Nils Bjørgo og Pascale Baudonelle
- Trude Søylen

Nøkkelinformantane, altså dei som kan verte kategorisert som foredlarar, er særleg viktige i denne delen. Som forskar har eg vore på jakt etter ei stadkjensle som kan verte knyt til kystarven i Solund, og desse er menneskje som lev med tilknytning til kultur- eller naturkvalitetar i Solund. Det er aktivitetar som kan verte knyt til kystkulturen i Solund, direkte eller indirekte.

Basert på intervju med dei aktuelle informantane, altså; forvaltarar, formidlarar og foreidlarar, følger her ei oppsummering av deira perspektiv på kystarven i Solund kommune. I stor grad er det einighet blant informantane, men dei har likevel noko ulik tilnærming til teamet. Vi skal i følgjande kapittel verte kjent med nøkkelinformantane, og deira rolle som forvaltarar av kystarven i Solund. Vi skal der etter trekkje inn forvaltarane, kommunen, og formidlarane si tilnærming av kystarven. Svare er kategorisert etter tema: Kystarven, verdiskaping, moglegheiter og utfordring. Slik kan dei best mogleg verte relatert til oppgåvas problemstilling

Hans Gåsvær



Hans vaks opp på Gåsvær i Solund, og var busett der for inntil 14-15 år sidan. Då fekk familien ein ekstra bustad på Hardbakke, men huset på Gåsvær vert framleis brukt aktivt. Hans jobbar som båtførar i Solund, og er tidlegare fiskar. Han kan verte attkjent frå dokumentaren Postbåten i Solund, som sidan 2011 går på NRK med jamne mellomrom. Interesse rundt postbåtrua har ført til ei kommersialisering, og øyhoppinga er eit resultat av dette. Om sumaren er det no lange ventelister for å oppleve øyriket i Solund og omegn.

Hans skildrar ein barndom på øy med frie tøylar innanfor øyas areal, men der det samstundes vart sett forventningar til ein frå tidleg alder.

«Eg hadde ein veldig fin barndom på Gåsvær. Eg fekk lov til veldig mykje som ungar no til dags, på min alder då, ikkje får lov til. Du fekk blant anna kjøre motorbåt frå du var så stor at du så vidt klarte å sjå over baugen».

«Eg fekk lov å vere med dei vaksne i ein del av det arbeidet dei gjorde. Samtidig var det forventa at vi

hjelpte til, og vi måtte vere med å hjelpe frå vi var ganske unge».

Dei vaksne var fiskarar og bønder; fiskarbonden. På den tida var det laksefiske som var hovudfisket. Småfiske føregjekk lokalt, og det vart fiska med laksenot. På den tida var mykje fisk i området.

Då Hans og dei andre borna på Gåsvær skulle byrje på skulen, måtte dei bu vekke frå heimen store delar av veka. Dei reiste med båt frå Gåsvær måndags morgon, og vart vekke til onsdags kveld. Frå fjerde klasse vart det til fem dagar i veka.

«Då tok det over ein time med båt frå Gåsvær til Stranda, no tek det 15 minuttar».

I 6 år budde Hans på Stranda store delar av veka. «Ein vart fortalt heilt frå ein var små at slik var det, så ein var forberedt på det».

I dag skildrar Hans ein sterk relasjon til Gåsvær. «Eg har alltid følt meg veldig bunden til Gåsvær. Eg likar godt å vere der, å snekre og å fikse på båtar.

Det var ein del av oppveksten òg. Det var alltid mykje vedlikehald som vi ongar måtte vere med på. Dette er ein tradisjon som eg har tatt med meg».

På Gåsvær held dei øya ved hevd. Hans seier at det er viktig å halde ho i god stand, og å halde byggja i god stand.

«Vist ein skal bu på ein slik plass og det er mange gamle hus som du ikkje klarar å halde i orden. For meg hadde det nesten vore umogleg å bu på ein slik plass, vist alt hadde gått til forfall».

Det er viktig å påpeike at det krev ein del å halde ein slik plass i god stand. Det krev tid, tålmodigheit, og det krev økonomi. Ein må òg ha kunnskap eller erfaring rundt byggteknikk, og gjerne fleire hender som kan hjelpe til. For vanlege privatfolk som arvar slike plassar, kan det vere vanskeleg å halde det i stand.

«Det er klart at det kostar mykje peng å bu på ein slik plass, så vi er heldige som har eigen bedrift som kan vere med å betale inn til vedlikehaldet. På Gåsvær er det jo ganske stor bygningsmasse, og det krevs sitt.»

Store delar av byggmiljøet på Gåsvær har ein gjennomgåande tradisjonell grindebyggstil. Hans meiner at det er viktig å oppretthalde denne stilen.

«Det sjøhusmiljet synst eg er veldig viktig å halde i same stil som det som har vore. Det er så flott å sjå på sånt handverk, og den teknikken som er brukt på dei gamle bygga. Når ein står og studerer dei... samanføyingar, tilpassingar, låsekonstruksjonar og slikt. Det er så flott. Eg berre likar det. Det er så genialt. Enkelt, og genialt rett og slett.»

Før i tida var det vanleg å setje opp grindebygg, og dei fleste bygg vart bygd på den måten. Det var sparsommelege kår, og ein hadde gjerne ikkje økonomi eller tilgang til nytt materiale.

«Det var lettare og billigare å setje opp huset på ein ny plass. Ein flytta dei frå øy til øy. Det er det som er så genialt med det grindebyggjet. Ein kan plukke det ned, merke det og setje det oppigjen. Det er som eit puslespel.»

Trur du at du kunne ha drive med det same nokon anna plass? «Nei, kanskje ikkje. Det er litt spesielt med staden ein er vekse opp på. Ein får heilt andre relasjonar til slikt».

Postruta er eit døme på eit dagleg gjeremål som er gjort om til ei kommersiell verksemd. Etter ein artikkel om postruta i BT, strauma turistane til for å få sitje på.


«Vi var ikkje forberedt på dette, og vi måtte leige inn ekstra båtar. Enkelte dagar måtte dei ha to bussar inne på Krakhella for å få frakta folk til Hardbakke. Då var det litt kaotisk faktisk. Vi har forbetra dette.»

Dette var på tidleg 2000-talet, og i dag er postbåten blitt eit kvalitetsprodukt, som samtidig er forankra i lokal kultur. Dei har òg samarbeid med Fjordkysten og Norled.

«Det som eigentleg gjorde susen, var jo det fjernsynsprogrammet på NRK. Posten skulle lage ein snutt av Noregs mest vestlege postrute, og det utnytta vi maks. Då la vi det inn i øyhoppingsturen, og fekk filma heile turen. Då fekk vi jo gratis reklame gjennom NRK. Og då tok det heilt av. Folk ringte frå utlandet».

«No må ein ha bestilt plass for å vere sikker på å få vere med. Vi tek på berre 28 passasjerar, så det er lange ventelister. Vi kunne jo ha vurdert å tatt fleire båtar, eller større båtar. Men med større båtar kjem vi ikkje inn mellom dei små fine plassane»

«Ein møte jo alle slag menneskjer. Og dei har kanskje sett nokre bileter, men dei veit ikkje heilt kva dei går til. Dei flest er i strålende humør, mens andre kan sjå litt malplassert ut. Vi hadde ein kirurg frå Mexico City, som reiste aleine. Det var ein kjemp flott dag, og båten var heilt full. Han såg litt malplassert ut. Guiden på båten er veldig flink til la folk bli sett, så han prata med alle. Då vi kom til Litle Færøy, og det er jo ein veldig flott plass, då kom Roar ned og fortalte litt om plassen sin, og prosjektet sitt der. Kirurgen var heilt i himmelen, meir og meir gjennom heile turen, og då vi kom til Gåsvær då ville han ikkje reise tilbake att. Det var det mest fantastiske han hadde opplevd, sa han. Artig!»



Anne Marie Gåsvær Færøy er søstera til Hans, og har sine røter frå Gåsvær, der ho er fødd og oppvaksen. Ho driv i dag garden som har vore i familien i generasjoner, og bur fast på Gåsvær saman med ektemannen.

Fram til Anne Marie starta på ungdomsskolen på Hardbakke, vart garden på Gåsvær driven av mora og tanta i fellesskap. Dei hadde kvar sine dyr i ein felles fjøs. Mannfolka hjelpte til i slåttan og elles med det tyngre arbeidet, men elles var det damene som hadde ansvar for den daglege drifta. Då mor til Anne Marie flytta til Hardbakke, dreiv tanta og onkelen garden vidare aleine.

På 70-talet starta dei med utleige på Gåsvær, og var forholdsvis tidleg ute med dette i Solund. Anne Marie har vidareført utleigedelen, og driv aktivt med utleie til turistar i dag. Anne Marie gjekk på jordbruksskolen, men forklarar at det var tilfeldig at det var nettopp ho som tok over garden.

«Det var ikkje planlagt at eg skulle ta over garden. Det var ikkje eg som hadde odelsrett, men det blei gjerne slik naturleg når eg er fødd og oppvaksen her».

«Før i tida var det slik at damene styrte garden, mens mannfolka hjelpte til vist dei måtte. Det er nok litt spesielt på kysten, at kvinnene har hatt meir ansvar. Det har nok med det tradisjonelle at mannfolka var på sjøen. Det daglege, og stellet av dyr var det stort sett damene som hadde».

Ho forklarar at ektemannen var interessert i å flytte til Gåsvær, og starte med fiske saman med Hans. Dei tok gradvis over garden på Gåsvær, og utleigedelen. Bygget som vert leigd ut er samansett av fleire eldre hus, der nokre av dei kan vere over 300 år. Mellom leilegheitene finst det eit spesielt rom. Over inngangen til rommet, heng det eit skilt. På skiltet står det «gamalt og kjær».

Rommet er fullt opp av reiskap, møblement og diverse frå eldre tider.

Anne Marie forklarar at det kan vere tungt å bu på ein slik plass. Det kan verke idyllisk, og det er ei fin øy, men det er ikkje berre som eit glansbilde.

«Det er forskjell på vinter og sommar. Ein kan bli litt lei i vinterhalvåret, når det grått og trist. Det er nok sommarhalvåret som gjer det til at ein ser det utruleg flotte ved å bu her. Men eg trivs no godt her.»

Det kan verke som det ligg ein slags verdi i å drive en stad som har vore i familien i generasjonar, så til tross for at det er eit tungt arbeid, har det ikkje vore eit alternativ å gje seg med det.

«Ein har fortsett fordi ein føle eit ansvar for plassen, og oppretthalde det plassen har vore gjennom generasjonar. Då får ein den følelsen av at ein må fortsette. Det vil ikkje vere aktuelt å selje plassen. Eg håpar neste generasjon tek over og tek ansvar for plassen. Vi har jo folk som kanskje kan ta over eigedommen, men det er ikkje sikkert det er nokon som vert buande her fast.»

Anne Marie påpeiker at tilknytning til staden har noko å sei for å drive slik.

«Bakgrunn har nok ein del å seie. Det er nok kanskje annleis vist du kjem til ein plass der ein ikkje har tilknytning. Cluet med å få tilknytning til ein plass er vel å vere der frå oppveksten av. Det er ikkje det same å kome på besøk av og til.»

Gåsvær er ein av dei mindre øyene i Solund der det framleis er fastbuande. Med dette vert det mindre av for kvar generasjon. I dag bur det fire fastbuande igjen på øya.

«Eg synst sjølv det er ein viktig jobb å ta vare på plassane her, fordi eg tenkjer at det er viktig at det bur folk igjen på slike plassar. Men samtidig ser ein at det berre går ein veg.»

Ho forklarar at ho ikkje kunne ha drive med det same ein anna plass.

«Nei, det har noko med plassen å gjere. Det hadde ikkje vore aktuelt å kjøpe ein ny gard og drive med det same ein annan plass. Hadde eg budd ein annan plass i Solund så hadde eg nok kanskje drive med noko anna.»

Det å vere busett på ei øy ute i havet, med nokre få naboar, kan til tider verte einsamt. Ein er avhengig av å treffe menneskjer, og kome seg litt vekk. Anne Marie og ektemannen har reist ein del, og opplevd ulike delar av verda.

«Når eg reiser på ferie, så vil eg gjerne reise til ein storby. For å kompensere litt. Det kan vere ein feil oppfatning av at vi som bur på slike øyer ikkje har sett resten av verda. Ein får av og til slike rare spørsmål. Men eg har jo faktisk vore litt rundt om kring. I Brasil og New York, og ein del større byar.»

Ho påpeiker at til tross for at ein geografisk sett er litt avgrensa frå andre stader, gjer nettilgong at avstandar kan verke litt mindre.

«Det som kanskje gjer det lettare å bu slik i dag, er å ha nettilgong, slik som vi har her. Det er veldig viktig. Då lev ein jo litt på same måte som andre stader. Du kan fortsette å jobbe med frivillig arbeid, du kan sende mail og jobbe med andre ting. Vi er jo påkobla verda.»



Foto: Privat. Mage frå ku vart nytta til garnblåse.



Foto: Privat. Gamle reiskap.

Reiskap gjev oss eit bilete av gamle fangstmetodar, og kreativ utnytting og gjenbruk av tilgjengeleg ressursar.



Foto: Privat

Roar Moe



Ei sterk interesse for kyst- og båtkultur førte Roar Moe til Solund. I 89 jakta Roar og nokre kompisar på «den perfekte stad» for å kunne starte opp eit «leirskule-konsept». Ferda gjekk ombord i ein seglbåt frå Bergen og opp til Bremanger. Då dei fekk auge på den gamle husmannsplassen på Litle Færøy i Solund, var staden funnen.

«Eg sa til kompisen min: HER, eller inga anna plass. Ingenting kunne matche dette her.»

Etter litt forhandling, fekk dei kjøpt eit område på Litle Færøy i 1990. Åtte år seinare flytta Roar til Solund. Same år var det eit oppslag i Firda; «Solund under tusen – 999 innbyggjarar». Då Roar skulle registrere flytting, vart han på førehand fortalt at han måtte trå varsamt på likningskontoret fordi kontordama kunne oppfattast litt streng.

«Ho var ei som skulle ha ting på stell. Så eg banka på og gjekk inn og presenterte meg, og la flyttepapiret på bordet. Også begynte ho å smile. «JO» sa ho, «velkommen skal du vere, du er nr. 1000». Så eg var nr. 1000.»

Hobbyen er blitt ein leveveg. Fleire gongar i året tek Roar i mot skuleelevar, studentar og andre som skal få prøve å leve den kulturen som ein gong gav liv. Roar har vore med på programmet der ingen skulle tru at nokon kunne bu, ikkje ein, men to gongar. Det famnar ei interesse rundt Roar. Det er ikkje kven som helst som vel å busetje seg på ei øy aleine, og leve i tråd med den tradisjonelle kystkulturen. Det er interessant å leite fram kva som ligg bak denne drivkrafta.

«Eg prøver å vere litt bevisst på det med identitet. For det er på mange måtar eg som er blitt identiteten på Litle Færøyna. Det eg ønskjer eigentleg, er at det er livsforma som skal vere identiteten. Og eg er berre ein medspelar i det».

Roar beskriv prosjektet på Litle Færøy som eit eksperiment; eit øksehogg ned i historia. Det er ein rekonstruksjon, eit historisk tidseksperiment, som samstundes er det «the real life». I eksperimentet ønskjer han å synleggjere nokre kvalitetar, som ein er i ferd med å miste i dagens samfunn.

«Vi begynner å miste nokre kvalitetar fordi vi er begynt å lage livet vårt veldig komfortabelt, og veldig inaktivt. Litt sånn hedonisme; ein nytelsessak».

Han forklarar at han tidvis vert møtt med skepsis til levemåten sin. Ikkje alle forstår korleis det er mogeleg å bu slik Roar bur, og at ein gjerne vert oppfatta som litt omtrentleg.

«Og då er det å forklare det at; okei, vi her ute, vi er ikkje rock'n'rollarar, vi er jazzmusikarar. Her ute vert det til på veggen».

«Det historiske er sånn at ein var sjølvberga. Då blir ting til undervegs, og det er jo slik folk har klart å overleve her ute. Ein måtte klare seg både økonomisk og sosialt. Og der var det ingen parameter å måle seg med. Du måtte berre ta situasjonen som den kom. Ein måtte gje ansvar, og folk lærte når dei fekk ansvar. Og på den måten var kvardagslivet. Det er det som på ein måte ligg i botnen av det å vere sjølvberga, både mentalt, fysisk og sosialt. Og det å få nok mat, ikkje sant. Det var jo det det stod på.»

Roar trekkjer fram den brutale overgangen Noreg har gjennomgått dei siste hundre åra. Noreg har gått frå å vere eit av Europas fattigaste land i 1905, til å verte rangert som verdens mest velutvikla velferdssamfunn hundre år seinare. Det har vore ei stor utvikling på alle norske felt.

«Så spørsmålet mitt er då; kva mistar ein undervegs når utvikling går så veldig fort? Og kanskje vi mister evna til å fortsatt leve som jazzmusikarar.»

Det å kome til Lite Færøy kan for mange verte oppfatta som ei svært autentisk oppleving. Ein kjem ut på ei øy der tida har stått litt meir stille enn andre stader. Likevel er det ofte denne staden menneskjer huskar dersom dei har vore på besøk i Solund og på Litle Færøy.

«Det eg har som eit mål er det at dei som har vore her i ein periode, enten det er tre dagar eller ei veke, eller med studentane frå arkitektthøgskulen; ein månad. Når dei reiser her i frå med ganske mange nye opplevingar og synspunkt og slike ting, så skal dei ha problem med å forklare kva dei har vore med på når dei møter kompisane i byn.»

Når det kjem skuleklassar på besøk, så kan det verte kaos første dagen. Han trekkjer særleg fram utedoen, som kan vere ei utfordring for nokre av dei besøkande.

«Er det berre utedo? Men kan eg gå på den då, seier dei? Ja, seier eg. Der skriv eg dei beste kjærleiksdikta mine.»

Tilveret på Litle Færøy ser ut til å vekse på dei fleste. Etterkvart går tida seinare.

«Altså, dei treng denne «mjuke-opp-opplevinga». Eg likar å bruke uteliv og friluftsliv som ein metode, der eg koplur kva har vi har av pedagogisk vite og læringsteoriar. Også har du det å spele med dei andre, med deltakarane. Derfor likar eg ikkje den der lærar-elev-rolla, heller den der rettleiar og deltakar».

Det er tydeleg at drivkrafta til Roar ligg i dei personlege verdiane som vert generert av å kunne ivareta og formidle den tradisjonelle kystkulturen til andre menneskjer.

«Det er at når du sjølv opplever noko som sannseleg er autentisk, og når du opplever at bygningar og fotavtrykk og det heile, det er ein groove. Når du opplever det sanseleg, så gjer det deg òg ein forståing av at du er ein del av ein samanheng. Du er ein del av eit samspel. Og det er den drivkrafta og den indre motivasjonen, som gjer det at eg og alle desse andre eg kjenner, framleis går her og tutlar.»

«For meg er det ein fascinasjon, og eg kan tillate meg å vere jazzmusikar og leike meg.»

I desse dagar utarbeider Roar, i samarbeid med andre, ein sjølvbiografi.

«*Det blir på ein måte min dokumentasjon.*»

Ein kan stille seg spørsmål om kva Litle Færøy vert i framtida, dersom Roar ein gong bestemmer seg for å flytte frå øya. Roar er klar i sin sak:

«Det verste som kan skje er at det kjem ein investor i frå Oslo børs, som skal ha ein kul plass å gøyme seg og blar opp 8 mill. Også står det privat på eit skilt nede på kaia. Det fryktar eg.»

«Difor prøver eg å raffinere og få igjen huset skikkeleg slik at eg veit at det ikkje er begrensingar til staden som gjer at ein ikkje kan fortsette her. Det skal vere så tilgjengeleg at ein kan leve heilt normalt.»

Litle Færøy er ein stad som mange har kjennskap til, og som gjerne vert vist fram i ulike samanhengar. Roar og øya er blitt eit «symbol» på kystkulturen i kommunen.

«Det eg opplever meir og meir er at når kommunen skal profilere seg utad, så er det i hovudsak gjennom landskapet, også er det meg. Og eg prøver å vere litt

nyansert med det der. Det er viktig å få fram, ikkje berre i teksten og i bildekvaliteten, men det skal liggje ei sjel i det som blir profilert.»

Dette landskapet som vert nytta for å marknadsføre kommunen, må ein sørge for at ein beheld i framtida. I den samanheng påpeiker Roar viktigeita av at det politiske sørger for ei bevaring av landskapet.

«Landskapet har ein eigenverdi, og då må ein ikkje øydeleggje det med fysiske inngrep.»



Foto: Privat.



Nils og Pascale bur i Sandvik i Solund. Her driv dei økologisk jordbruk og sauehold. Forutan dei omlag 80 villsauene, ungdyr og værar, har dei blant anna geiter, høner, hestar og duer, samt eit mangfald av grønssaksplantar i hagen. Nils er villsaubonde, pedagog, ivrig naturformidlar og sertifisert kajakkinstruktør. Han har vore busett i Solund store delar av sitt vaksne liv; på Hardbakke og i Sandvik. I delar av veka jobbar Nils i barnehagen på Hardbakke, der han har ei viktig rolle som formidlar av natur og kultur.

Pascale kjem opphavelig frå Frankrike, men har vore busett i Sogn og Fjordane i over 40 år. Ho hamna fyrst i Undredal som budeie, og har stått i bresjen for å få lov til å lage ost av upasteurisert mjølk. I «ostelandskapet» er ho kjent som sjølv drivkrafta bak norsk, tradisjonell gardsysting. I dag jobbar ho blant anna på jordbruksskulen i Aurland.

Eg vart invitert heim på middag til Nils og Pascale. Der fekk eg servert heimelaga

villsaupølser med litt svin, med surkål i frå Aurland som tilbehør, potetstabbre av poteter frå grønssakhagen og ost frå Undredal.

Nils og Pascale fant kvarandre gjennom ei felles interesse for fugl. Pascale forklarar at ho på den tida fant seg i eit vegkryss i livet. Dei var begge på eit fuglemøte på Værlandet, og på grunn av ein storm vart dei sitjande vêrfaste.

«Dette var i ein stormfull del av mitt liv, og det å kome til Sandvik i storm, og finne ei hamn. Det var veldig fint.»

- Pascale.

Våren 2013 flytta Pascale inn hos Nils i Sandvik.

«Eg føler framleis at Undredal er heimen min, Sandvik også... men ikkje Solund enda i sin heilheit.»

- Pascale

Nils starta med villsauer for mange år sidan, då han framleis budde på Hardbakke.

«Eg ville begynne med villsau fordi dei er meir tilpassa miljøet her ute, og dei klarar seg betre på vinteren. Det var litt fordi det var enklare òg, sidan eg då budde på Hardbakke. Det hadde vore litt vanskeleg med kvitsauer på grunn av avstanden».

- Nils

Både Pascale og Nils er levande opptatt av villsauene, og dei legg mykje omsorg i dei. Nils forklarar at han kallar Pascale for 'sauekviskraren'. Det kjem av det spesielle bandet ho skapar mellom seg og dyra.

«Vi er interessert i villsauen, og legg derfor meir innsats i dei. Dei er tamme og lett å få tak i. Det har vi jobba mykje med å få til. Det gjer eit rikt liv å vere i lag med dyra, og føle kontakt med dei. Samtidig er dei alle kvart sitt individ, og det er enklare å ha eit forhold til dei når dei har eit namn».

- Pascale

Difor har kvar og ein av sauene fått eige namn. Dette er det Pascale som har innført.

«Det skal vere litt logikk for å huske kven dei er, og kven mora er. Mokkalita er dottera til Mokka. Silkesyster er dotter av Silkesvarten. Gjerdesmetten kjem seg over alle gjerder. «Klatremusa» er dottera til Gjerdesmetten, og ho er lik på mora. Vi legg litt omsorg i å velje namn.»

- Nils

Nils og Pascale legg ned mykje arbeid i villsaudrifta. Det er eit naturleg dyrehald, og dyra er hute heile året. Pascale seier at det er viktig å samarbeide med dei.

«Dei bestemmer sjølv om dei vil bli med deg eller ikkje. Det er givande når dei følger etter».

- Pascale

«Det er mykje godt med å bu her ute. Vi er våre eigne herrar. Vi kunne ikkje hatt sauene på denne måten her rundt på Hardbakke. Her kan vi berre sleppe dei ut».

- Nils

Sauekjøttet vert selt. Mesteparten til Nortura, men òg litt privat. Av kjøtet vert det laga pølser av ulike slag. Saueskinnet vert garva og selt.

«Det eg tenker på som er veldig imponerende, er at vi lagar kjøtt av utmark. Derfor er det viktig å ta vare på lyngen fordi det er vintermaten til sauene. Så å lage mat som er så til dei grader laga av utmark, er veldig meningsfullt».

- Pascale

Nils & Pascale likar å samarbeide med naturen. Tilgjengelege ressursar vert nytta så godt det let seg gjere. Tong frå fjøra vert brukt som gjødsel, kulturlandskapet vert skjøtta, og jordsmonn vert haldt i hevd. Matfatet har dei i grønsakshagen, på beitet og i sjøen. Dei treng sjeldan å reise inn til Hardbakke for å handle på lokalbutikken.

«Når det er nordstorm så tar vi tang frå fjøra her borte. Ei nyttårsaftan kunne vi ta opp fem tonn med tang. Vi lar det ligge i regnet slik at saltet vert skylt ut. Der etter komposterer vi tanga, og blandar med hestemøkk og kvistar. Dette bruker vi i kjøkkenhagen til gjødsel. Det er ein veldig god gjødsel. Kål og rødbetar likar det særleg godt.»

- Nils

Også einstapa, ei bregne det veks mykje av i Solund, vert brukt som lokal ressurs. Den slår dei når beita vert rydda, og brukar dei vidare som jorddekke kjøkkenhagen. Jorda i Sandvik er tett og myraktig, og einstapa skapar litt struktur i jordsmonnet. Slik lokal kunnskap gjer det mogleg å skjøtte landskapet ved bruk av stadeigne naturressursar. Desse naturlege ressursane er viktige for Pascale & Nils.

«Vi kunne nok ha drive med det mange andre stader, men her har vi dei moglegheitene fordi det er eit mildt klima. Villsauen er veldig kystbunden, så slik ei driv med sauene her kan vi ikkje drive ein anna stad enn ved kysten. Vi brukar tangen fordi ver med kysten»

- Pascale

«Eg synst det er mange gode krefter i Solund. Då tenkjer eg innan berekraft og menneskjer som ønskjer å ta vare på naturen. Roar har vore ein slik frå han kom hit. Anne Marie òg. Trude gjer ein god jobb. Og dei på Færøy som driv med båtsmia. Det er noko med det å ta vare på Solund slik som Solund er. Dette er nokre av dei menneska eg føler eg har eit fellesskap med, for vi tenkjer litt likt».

- Nils

Trude Søylen



Trude Søylen ville bu der ingen skulle tru, og i 2011 flytta ho og familien frå Bergen til den veglause garden på Tangenes i Solund. Same år vart Norsk Kystkulturakademi (NKKA) stifta, og Trude har sidan vore ein viktig medspelar i utviklinga til akademiet. Til tross for at Trude er tilflyttar, skildrar ho ei sterk tilknytning til Solund.

«Eg er veldig knyta til Solund. Då eg kom til Tangenes, då kom eg på ein måte heim. Det er noko med naturen, trur eg. Den pulsen og den roen som eg ønska, den fant eg her. Naturen er kanskje den mest viktige faktoren, og forholdet til landskapet. Eg er veldig glad i havet».

Samstundes er det ikkje naturen som er hovudgrunnen til at ho framleis er busett i Solund.

«Eg kom for naturen, og det er folka som har fått meg til å bli».

Trude forklarar at det er mange likesinna i kommunen. Dette er menneskjer som òg brenn for kystkulturen.

«Eg trur det har mykje med at folk har tid her oppe. Det er ikkje så stress. Folk har tid til å snakke, og folk har tid til å engasjere seg. Ein møter mange likesinna, som også brenn for kystkulturen. Eg er i eit miljø der eg møter andre som er opptatt av dei same tinga som meg, og det har mykje å sei».

Samstundes opplever ho ikkje at kystkulturen skapar eit samfunnsengasjement utanfor den likesinna kretsen. NKKA har utvikla seg for kvart år sidan dei starta, men engasjementet i samfunnet har vore noko lunde likt. Ho forklarar at dette kan ha noko med at kystkulturen sit så djupt i menneskja her, at det er vanskeleg for ein å identifisere den.

«Men det har blitt meir engasjement på arbeidsplassen min. Den har utvikla seg veldig. Som kystparken, for eksempel. Der har vi fått utvikla ting. Eg trur for dei som er fødd og oppvaksen her, så er kystkulturen ein sjølvfølge som berre er der. Men vi som kjem utanfrå kan lettare sjå kva det er, og identifisere det. Det sit så djupt i folk her... dei er kystkulten på ein måte.»

Samstundes påpeikar ho at kystarven har forandra seg. Ulike samfunnsprosessar påverkar lokalsamfunnet i Solund, og det som var ein

sjølvfølge før, er kanskje ikkje det i dagens samfunn.

«Det eg synst er trist er at barn ikkje lengre får opplæring i båt. Det er ikkje slik lengre at alle ferdast på sjøen, slik det var for kanskje ein generasjon sidan. Eg trur globalisering gjer at bygdene liknar meir på byane, og at ein passar på borna sine på ein annan måte. Det har med måten ein oppdrar ungane på. Mens før, vist ein ikkje lærde å ferdast på sjøen, då var det farlig. Så der mister ein noko, for den kulturen har vert så sterk».

Samstundes påpeiker ho at born som er vekse opp i Solund stort sett er tryggare på havet enn mange andre born. Dette har ho erfart gjennom dei mange friluftsskulane ho held for born og unge.

«Eg ser heilt tydeleg nokon som er veldig usikre og som ikkje er vandt til vatn, men dei frå Solund er stort sett tryggare. Så den tryggheten mange frå Solund har til havet, er veldig viktig. Det burde jo vere ein naturleg del av å vokse opp i Solund, det å ferdast på sjøen og lære seg å kjøre båt».

Det er gjennom kystkulturakademiet (NKKK) friluftsskular vert heldt. NKKK fyller fleire roller innan bevaring av kystarv i kommunen.

«Kystkulturakademiet står i spagaten mellom det ideelle og det kommersielle. Tanken bak det var å utvikle eit konsept som kunne vokse. Det ligg namnet; Norsk kystkulturakademi, det sit ganske høgt.»

NKKK har i hovudsak fire pilarar som dei byggjer vidare på. Desse er formidling av kystkultur, bygningsvern og restaurering, reiseliv og «softadventure», og villsauprosjekt knytt til bevaring av landskap. Dei spelar ei heilt sentral rolle i kommunen, både som forvaltarar, formidlarar og fordelarar av kystarven. Innan formidling har dei fleire samarbeid med ulike institusjonar.

«Vi underviser, vi tar i mot skular, og vi har friluftsskular for små born. Vi har samarbeid med University of highlands and Island i Skotland, og vi har samarbeid med Høgskulen i Sogndal. Også Bergen arkitektthøgskole har eit feltopphald her kvart

år i 1 måned. Då får studentane i oppgåve å reparere, helst eit grindebygg, eller å setje opp eit grindebygg».

I undervisningsopplegget vert det forsøkt å formidle gjennom handling. Deltakarane vert sett i ein situasjon der dei sjølv får føle på kroppen korleis det ein gong var å leve ytst i havegapet.

«Det handlar om å lære vekk den handlingsbårne kunnskapen. Altså, å sette seg inn i korleis kulturen var og er, og kvifor den blei slik. Studentane vert sett ut i landskapet, og dei bur i telt, også får dei føle vind og vær på kroppen».

Refleksjonar er viktig i slike undervisningsopplegg.

«Kvifor har vi bygd slik som vi har gjort? Kvifor er dei husa av dei materiala som dei er? Kvifor er dei plassert i terrenget slik dei er? Kor stor plass treng ein eigentleg til privat sone, og til privatliv? Dei må på ein måte erfare det. Dette er kjempeinteressant, for det er ein måte å tenke på».

Den siste tida har NKKK gjort ei kjempesatsing på bygningsvern. Dei har blant anna eit verdifult samarbeid med ein av Noregs fremste på bygningsvern. Denne satsinga er avgjerande for økonomien til akademiet.

«Det handlar om er byggeskikk, korleis kan ein ta vare på dei gamle bygga, og korleis ein restaurere gamle bygningar på ein god måte. Det handlar kva slags materiale ein brukar, og kor langt tilbake skal ein restaurere. Altså, det handlar om å tenke at ein kvar tidsperiode er eit vitne om sin tid.»

I dette ligg ein tankegong som kanskje går litt i mot det typiske i dagens moderne samfunn, men som er ein viktig lærdom å ta med i framtida.

«Når vi restaurerer eit gammalt bygg, så lar vi kanskje bølgeblikken på den eine veggen stå igjen. Det er vitne om den tidsperioden då dei brukte det, og det har redda mange bygg. I staden for å tenke at det er stygt og at ein må ta det vekk. Det er litt den same tanken som eg tenkjer er ny og gamal kystkultur, altså, den eine trenger ikkje å vere betre enn den andre. Og vi trenger begge.»

NKKA har i tillegg ei satsing på reiseliv, det så kalla «softadventure». Dei har investert store summar på kajakkutstyr og instruktørkurs. Dei har utvikla fleire produkt knytt til havet, som stormwatching, slik at ein kan få nytta heile sesongen. Det er grunn til å tru at dette i framtida vil verte den mest viktige inntekta til akademiet.

«Med tanke på kajakksatsinga har vi ei veldig viktig rolle i kommunen. Der har vi kjørt på. Eg har vert veldig ubeskjeden og sagt at vi er den finaste plassen langs kysten til kajakkpadling... kanskje utanom Helgelandskysten då. Sulingane blir jo heilt skremt av det, men slikt må ein berre sei høgt... for det meiner eg verkeleg.»

NKKA har fleire gode og viktige samarbeid. Trude meiner dei har god dialog med kommunen, særleg innan å skjømte landskapet, og det å lage modellar for områder med lite landbruk.

«Det handlar om å finne modellar for korleis ikkje berre dei som er grunneigarar kan drive med villsau. Ofte vil grunneigarar ha landskapet sitt beita, men dei vil ikkje drive med beitedyr sjølve. Så kan ein få til modellar der andre kan få komme inn og beite i dei områda med villsau? Og no jobbar NKKA med Nofence, og det tenker eg er ein revolusjon».

Nofence er eit virtuelt gjerdesystem der dyra går med klavar som sender signal om gjerdegrensene. Det har verte jobba ein del med prosjektet med å finne alternative modellar for beitebruk i uskjøtta utmark og kystlynghei, men det trengs midlar for å få det realisert.

«Det ligg nokre utfordringar i å få midlar til utstyr. Det er kostbart utstyr med Nofence».

«Eit slik prosjekt kan sjåast i samanheng med fleire ting, som folkehelse-landskaps-skjømtsel, matproduksjon, utnytting av uutnyttede utmarksressursar, kultur. Og då er det snakk om å samarbeide med andre. Det kan vere barnehagen, skulen, eldreheimen og omsorgsbustadar. Det handlar om å skjømte eit område, og halde vegetasjonen nede, og i tillegg invitere innbyggjarane i Solund til å vere med. Menneskjer kan til dømes kjøpe andels-aksjar i villsaulaga, abonnere på ei ordning, eller få sauekjøtt.»

Prosjektet har fått det originale namnet «Alle mann til pumpene». Trude påpeiker at eit meir passende namn kunne ha vore «moderne villsaudrift». Prosjektet legg føringar for fleire samarbeid i kommunen, og som går på tvers av sektorar. Trude legg ikkje skjul på at samarbeid er viktig for NKKA.

«Samarbeida er kjempeviktig. Vi hadde ikkje komen oss nokon veg utan dei».

Trude har òg vore involvert i stiftinga av Sognefjorden Kystpark, der ho har eit særlege ansvar for villsausatsinga. Kystparken er ein viktig samarbeidsplattform, og som legg opp til dynamiske prosessar knytt til bevaring av verdigulle natur- og kulturkvalitetar.

«Kystparken er ein langsiktig, dynamisk modell for bygdeutvikling. Tanken er at den skal vere ein plattform som skal kunne koordinere ulike kommersielle og ideelle interesser. For eksempel kan ein få idrettslag, kommune og næringsliv å møte, for å samarbeide og lage partnerskapsavtalar».

Sekundærinformantar

Det har vore nødvendig å supplere med informasjon frå menneskjer med andre roller i lokalsamfunnet. Kommunen står ofte i eit spenningsfelt mellom forvaltning og utvikling. Det kan by på utfordringar, men òg moglegheiter. Det vil i ei slik oppgåve vere nyttig å belyse desse moglegheitane og utfordringane som ligg til grunn i kommunal forvaltning.

Kommunal sektor (forvaltning)

Gunn Åmdal Mongstad

Ordfører i Solund kommune

For 31 år sidan kom Gunn og ektemannen til Solund. Ho skildrar ein lang og sterk relasjon til staden, og til menneskja som bur der. I perioden 2003-2011 var ho ordfører i Solund kommune, og vart igjen valt i 2015.

«Det viktigaste for meg er den relasjonen eg har til folka som er her. Det kan godt hende at det òg er påverka av korleis ein bur sånn kulturhistorisk sett. Det er eit eller anna med kulturen og med folka som vil ein vel, og som ønskjer å skapa noko i eit fellesskap. Det er noko veldig solid i den kulturen».

For Gunn er kystarv knyt til havet, og den kunnskapen, historia og kompetansen som er nedarva rundt det som har med sjøen å gjere. Ho har ei oppfatning av at menneskja i Solund i stor grad har eit forhold til havet.

«Det er vel ikkje sånn lengre at alle i Solund kan kjøre båt. Men alle har eit forhold til sjøen. Eg trur ikkje du kan bu i Solund utan å ha eit eller anna forhold til sjøen. Forholdet er kanskje på ein annan måte enn før, men det er framleis mange som har god kunnskap til å ferdas på sjøen.»

Ho påpeiker viktigheita av å bevare arven, og forvalte den slik at den ikkje forsvinn.

«Men det er noko med at ein arv må verte vidareført. Det er noko med korleis ein forvaltar arven, eller om det berre ligg der og ikkje blir tatt i bruk og ein mistar kunnskapen rundt det. Eg tenkjer at det er ganske viktig at dei som veks opp har ein forståing for kva som har vore grunnlaget for heile samfunnet her. For det er jo sjøen som er grunnlaget».

Gunn trekkjer fram to ting som er særleg viktig å vidareformidle. Det først er den lokale kunnskapen som ligg der fordi menneskja har levd nært kysten og slik fått kjennskap til havet. Det handlar om å ha ein kjennskap til korleis havet oppfører seg. Det andre ho trekkjer fram er ferdse på havet, og det å bruke havet som kommunikasjon. Ho trur skulane vil ha ei viktig rolle i formidlinga.

«Eg tenkjer at skulen har mykje å sei. Ein ser veldig fort at dei som veks opp med foreldre med direkte relasjon til havet, så vert dei meir vande enn andre. Så det er noko med at alle skal få oppleve det. Skule er ein ting, men slik som Barnas turlag trur eg også er viktige. Dei å tek med borna ut, slik at dei får oppleve ulike delar av kommunen».

Gunn er utdanna lærar, og har tidlegare vore tilsett som rektor på Solund barne- og ungdomsskule. Ho trekkjer fram ei oppleving ho huskar godt.

«For nokre år sidan hadde eg ein time på skulen der vi snakka om kva elevane ønska seg til jul, og då var det mange som svarte playstation og slike ting, men så var det ein som svarte at han ønska seg garn og teine. Og han hadde vore på sjøen med faren, så han hadde planen klar».

Ho påpeiker at det er sterke relasjonar til havet, men det er det også til landskapet. Kommunen har vedtatt ein lokal utviklingsstrategi. Det var eit behov for å konkretisere, og det vart utarbeida ein handlingsplan. Utgangspunktet er 'kva meir kan vi skape av det sjøen og kystlandskapet' gjer oss?

«Sjøen er sjølvsagt viktig, men landskapet er òg ein kvalitet. Det handlar om sau og beiting, og det er fleire som framleis er opptatt av å forvalte og vedlikehalde det kulturlandskapet på ein god måte. Sjøen har alltid vore

der, og vi har allereie verdsskaping knytt til sjøen. I landskapet er vi inne på meir nyare typar næringar, som reiseliv og opplevingar. Men tenkjer eg at landskapet omfattar begge delar, både sjø og land».

Solund er eit mangfaldig samfunn. Dei siste åra har det kome mange nye innbyggjarar med ulike etniske bakgrunnar, nokre flyktningar og nokre arbeidstakarar.

«Det gjer at samfunnet er blitt annleis. Eg trur det tilfører oss noko viktig».

Samstundes er det av den oppfatning at ho meiner det er viktig å ta vare verdiane i den kulturen som er forankra i staden.

«Eg trur det er viktig å ta vare på den gamle kystkulturen. Eg trur dei som kjem som tilflyttarar også vil setje pris på å få kjennskap til den. Nokre er jo veldig opptatt av lokalhistorie, sjølv om dei ikkje her i frå. Eg tenkjer at det er viktig for eit samfunn å finne ei kjerne som er vår, og som vi har felles. Og då er eg litt opptatt av det er ikkje er ting som verkar ekskluderande. Då må vi heller sjå korleis alle skal få del i det vi tenkjer er vår kulturarv. Det er fint å kunne kjenne til det som har vore viktig til for samfunnet».

Ein av Gunn sine hjertesaker er å skape ei inkluderande samfunn, der alle skal føle at dei er eit fullverdig medlem, uavhengig av kva slags bakgrunn dei har.

«For nokre år sidan tok eg opp på 17. mai talen, om Sulingen sin identitet. Eg prøvde å omdefinere litt; «kva er kjenneteiknet på ein Suling?». Er det at ein kan kjøre båt, at ein kan bake flatbrød, at ein har riktig etternamn, at ein har riktig språk? Eller kan ein legge noko anna i det. Kan det til dømes vere gjestfriheit, samhald, det med å klare seg sjølv? Tanken min var at dersom ein skal definere Sulingen sin identitet med slike tradisjonelle ting, så set du ei grense for kven som kan få lov til å definere seg som ein Suling. Då ekskluderer ein ganske mange sjølv om dei har ein sterk tilknytning til staden. Då må vi slutte å snakka om Sulingar og ikkje-Sulingar, og tilflyttarar og heimflyttarar. Vi skal vere ein del av fellesskapet alle saman.»

Gunn har ei oppfatning av at det skjer mykje verdiskaping i dag som er knytt til dei kvalitetane samfunnet har. Ho trekkjer fram landbruksnæring, fiskeindustri, og andre

næringar som veldig openbart er knyt til sjøen. Samstundes påpeiker ho at det ligg moglegheiter for reiselivet i Solund, særleg knytt til kajakk. I samkopling med brei verdiskaping meiner Gunn at ein må tenke eit arbeidsmarknad som er breiare samansett enn det er i dag. Ho trekkjer fram dei maritime og marine næringane, som tradisjonelt sett er mannsdominerte arbeidsplassar.

«Eg ser at mange av jentene her ute ofte tar høgare utdanning, og har nokre krav og at ein skal føle at ein utviklar seg faglig. Derfor blir det viktig å ha moglegheiter her for dei som tenker sånn.»

Ho påpeiker at det mange ting som kan verte gjort for å skape verdiar, og at ein som kommune må gjere fleire ting på ein gong.

«Dei kommunane som lukkast, dei har ikkje berre gjort ein ting. Dei har gjort mange ting samtidig. Ein kan ikkje berre tenkje at me må berre ha arbeidsplassar, så kjem resten av seg sjølv. Så enkelt er det faktisk ikkje».

Solund kommune er med i fleire interkommunale samarbeid, men der mange av stillingane er knytt til regionen.

«Vi er jo med i mange interkommunale samarbeid der mange av stillingane er knytt til regionen, utanom friluftsrådet som har ei stilling som er lokalisert i Solund, men at vi faktisk kan tilby dei tenestene lokal i kommunen».

Av andre interkommunale samarbeid som er aktuelle for verdiskaping knyt til kystarv, trekkjer ho fram destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten, Sognefjorden Kystpark, HAFS regionråd.

«Vi har hatt eit prosjekt om naturarven og vi heldt på med eit prosjekt om UNESCO global geopark. I samband med det har vi fått løfta fram geologiprojektet og kvalitetar i regionen. Der føler eg regionen spelar ei viktig rolle».

Ho påpeiker at slike interkommunale samarbeid er viktig for å bevare kystarven. På lokal nivå trur ho at det er viktig at kommunen tek ei aktiv rolle for å skape samhandling i næringslivet.

«Men ein kan stille spørsmål om kor organisert det er innad i kommunen. Men vi har gode dialogar med fleire sektorar. Slik som frivillegsentralen, der føler eg vi har ein veldig god dialog, og der det er lett å ta kontakt og diskutere».

Gunn seier at ho oppfattar at dialogen mellom kommunen og innbyggjarar som god, og at det samtidig er gode dialogar inn til regional nivå.

«Eg synst nettverka og dialogen imellom oss og innbyggjarar er blitt veldig god, men det er sikkert forbettringspotensiale i forhold til informasjon og dialog med innbyggjarar. Sånn tverrpolitisk opplever eg eit veldig godt samarbeid. Det er tillit mellom politikk og administrasjon, og eg føler me har ein god dialog med næringslivet. Eg føler at det med tillit er vi blitt mykje betre på, og det er faktisk ein av grunnane til at eg trivast veldig godt som ordførar. På regional nivå opplever eg at vi får forståing for dei utfordringane vi har som kanskje ikkje så mange har. Det er særleg med tanke på der vi ligg og ut frå vår geografi»

Samstundes påpeiker ho at kommunen har ei viktig oppgåve gjennom å tilrettelegge. Ei slik tilretteleggaroppgåve kan innebere fleire ting.

«Vi har overordna planar, og vi kan vere ein pådrivar i forhold til infrastruktur, og næringsareal, men det er ikkje kommunen som lagar arbeidsplassar for å sei det enkelt. Men vi kan bidra til at det er mogleg å utvikle arbeidsplassar. Så det vi gjer i praksis, er å ha jamlege dialogmøter, samråingsmøter, for å ha eit møtepunkt mellom kommunen, Solund næringsssamskipnad, og Nordhordaland Næringshage som er dei som forvaltar næringsfonda for oss no. Der har vi eit møtepunkt og pratar om kva som er nytt, og om små og store saker. Slike typar samarbeid er ganske viktig. Den overordna planlegginga er ganske viktig»

Gunn trur kystarven i større grad kan verte tatt med som ein del av planprosessane i kommunen. Ho påpeiker at det vert inkludert, og at kommunen ønskjer å sjå på kva slags verdiar ein kan få ut av landskapet og sjøen.

«Men ein bruker kanskje ikkje ordet «kystarv» så mykje. Ein bruker ord som landskap, kultur, kvaliteter, kystlandskap og sjøen.»

Solund kommune er i gong med å revidere kommuneplanen, og der ligg det moglegheiter

for å i større grad definere kulturarvpolitikken, og kva ein som kommune legg i det. Gunn meiner at det bør kome fram i planen, men at det samstundes er viktig å sjå på ulike interesser.

«Men eg tenkjer det er viktig å få fram dei kvalitetane som vi sitt på. Det vi må gjere er, sånn politisk sett, å ta nokre viktige verdivar i forbindelse med kommuneplanen. Det er klart vi vil få nokre diskusjonar rundt tema som vindkraft og oppdrett, så der må ta nokre verdivar. I desse tider med stort fokus på miljø, er dette ein bit av det. Mange er nok i tvil på kva som er viktigast. 'Skal vi sitje å halde på desse knausane i Ytre Sula?', slik tenker nok nokon. Så det få verdivurdert det landskapet vi faktisk har. Ikkje berre inntening, men òg kva verdi landskapet får ved å ta vare på det. Ein må ta eit standpunkt på riktig grunnlag.»

Solund kommune har ikkje eit stor økonomisk handlingsrom, og dei har ikkje moglegheit til å gå inn med så mykje midlar. Eg oppfattar at kommunen likevel støttar opp under fleire dei som ønskjer å skape verdiar i samfunnet. Slik kan kommunen vere ein viktig støttespelar.

«Men vi er jo medlem i kystparken, og vi støtter opp under dei som prøver å utvikle ei næring som er knytt til landskapet, som til dømes innan reiseliv. Men det å gå inn med så mykje midlar, det har vi ikkje gjort. Desse turane til Utvær, der er det jo ei kulturperle, så no har vi gått inn med ein halv million slik at dei får lagt inn ein straumkabel. Så der er vi inne. Også har vi vore inne med ein garanti på dei turane til Utvær i sommar slik at ein kan bruke det området til reiseliv. Så det er meir slike typar tiltak. Og kartlegging av friluftslivsområde. Det er slikt som blir gjort i kommunen sin regi. Men ikkje så mykje utover det, nei».

Samstundes kan det verke som det ligg nokre moglegheiter i å utvikle fokusområdet knytt til dette. Då tenkjer Gunn at det først og fremst må verte fokus på å få kunnskap knytt til verdiful arv.

«Eg tenkjer at det er viktig å få opp dei verdiane som ligg der, og få ein fagleg forståing av det òg. Eg skulle kanskje ønskje at ein hadde fått meir kunnskap kystarven».

Slik sett er det av den oppfatning at det viktigaste er å verdisetje dei kvalitetane som ligg i natur- og kulturlandskapet i Solund.

«Her ved kysten har ein ikkje gjort det så mykje. Men det å sei noko om verdiane, og om det er viktig for framtida å la områda stå urørt, eller bør ein bruke dei for skape andre verdiar?»

Gunn påpeiker at kunnskap er viktig på mange felt. Og at dersom ein skal kunne skape medvit, må ein først ha kunnskap. For å behalde dei spesielle dimensjonane med kulturen i Solund trur Gunn at det er viktig å skape den medvita.

«Ein må vertfall alle fyrst verte klar over kva slags kvalitetar ein sitt på. Det handlar om å skape bevissthet. Også trur eg at vi må ha tru på at det går an å utvikle Solund på ein måte som gjer at vi òg kan ta vare på det som er verdifullt. Altså, ha ei berekraftig utvikling. Vi kjem ikkje til å få noko gratis i framtida, så vi må gjere ein jobb sjølv for å utvikle samfunnet. Og då trur eg vi må vise at det går an, og prøve å bruke dei kvalitetane som ein moglegheit.»

Kulturminneplanar fungerer i mange kommunar som eit grunnlagsdokument som synleggjer verdifulle kulturelement- og miljø. Solund har ikkje utarbeida ein kulturminneplan, men Gunn trur det er noko som er på veg. Det handlar i bunn og grunn om at kommunen ikkje har hatt kapasitet.

Gunn meiner at det ligg mange moglegheiter i å utvikle kystarven som verdiskapar. Ho påpeiker at det er viktig å vere nytenkande, sjølv om det er med grunnlag i tradisjonell kultur.

«Vi er opptatt av at vi ikkje skal bli eit museum, at vi skal kunne bruke dei kvalitetane og anvende kystarven

som vi har fordi det er viktig for å leve i framtida. Ikkje fordi det er kjekt å ta vare på, men faktisk fordi det er viktig for oss. Og då er du inne på det med autentisitet. Eg vil at folk som kjem hit skal oppleve at vi brukar dei styrkane vi har, men at vi samtidig henger med i verda. Vi er moderne òg».

Det å ha ein framtidsretta og moderne tankegang er viktig, men at det samstundes er forankra i lokale føresetnader.

«Eg håpar å vise at vi er moderne, men òg at vi er sjølvtenkande og gjer ting på den måten som vi har tru på er det beste. Og at vi er frimodige på det. Tenk om nokon kunne ha snakka om «Solund-modellen» ein gong?»

Gunn fortel at ho kan verte provosert av alle desse tala og statistikkane som skal framsynast heile tida, slik at ein vert samanlikna på bakgrunn av tal.

«Statistisk Sentralbyrå kan eige tellinga, men det er vi som eig forteljinga. Det synst eg er ein grei måte å sei det på for et er vi som skal skape den utviklinga, som kan nokre andre telle resultatet av det. Det er folka som bur i Solund som er med på å lage dei historiene som er her, og det er slike ting som er med på å skape ein forskjell, trur eg. Folka og relasjonane».

Og når vi først er inne på tal, så kan det nemnast at Solund kommune faktisk har hatt ei positiv folkehauke dei siste kvartala, der det blant anna har vore ei auke av unge kvinner og menn. Dette er det inga tvil om at Gunn er begeistra og stolt over.

Tor Arne Hauge Naturforvaltar i Solund kommune

Tor Arne kjem frå Jondal, men har vore busett i Solund sidan 1996. Fram til påska 2019 har Tor Arne vore tilsett i Solund kommune som naturforvaltar. Han er ein erfaren naturforvaltar med stor breidde frå kommunal forvaltning. Han har hatt ein finger med i mykje av prosjektarbeidet som har føregått på forvaltningsnivå knyt til landskap og natur i kommunen, men òg til interkommunalt arbeid. Etter påska 2019 tok han over som nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen, men har framleis bustadadresse på Hardbakke i Solund.

«Då eg kom til Solund som naturforvaltar var eg opptatt av å finne ut...kva er dei viktigaste naturverdiane her? Kva er dei mest trua naturverdiane her? Det var kystlyngheia. Det var kulturlandskapet. Og det var tydeleg med ein gong.»

Kystlyngen hadde vekse seg gamal på den tida, og det var nærmast ingen villsauar i kommunen. Store delar av landskapet var truga av gjengroing, og tap av biologisk mangfold. Lyngsenteret på Lindås var nyleg oppretta, og gjennom felles beskjente fekk Tor Arne nokre av dei til å kome til Solund og fortelje om arbeidet dei gjorde der, og bevaring av kystlyngen.

«Og der begynte det eigentleg. Då arrangerte vi eit møte, i lag med sauegjetelaget lokalt, og bondelaget og sånt. Og det var ein god del folk, så det var ei stor interesse. Då fekk ein fortalt at 'de har mykje kystlynghei, den er uskjøtta, de må begynne å svi, og de kan bruke villsau'. Så då klarte ein å få med seg bøndene i Solund, der bøndene gjekk ilag for å felles drifte ein holme eller ei øy som ikkje hadde vore beita på lengre tid. Og slik er det enda».

Tor Arne forklarar at det viktigaste er å få inn kunnskap. Har ein ikkje kunnskap, kan ein heller ikkje drive verdiskaping knyt til det.

«Alt med dette er knytt til identitet. Så ein ting er at dei tidligare tok vare på det, dei skapte landskapet med måten dei dreiv på, utan at dei visste det. Det var sånn dei dreiv det, og dermed har landskapet blitt som det er blitt. Men så var det ein periode då dei ikkje dreiv det, og dei visste ikkje at ein kunne miste det».

I perioden 2003-2005 vart det føretatt ei naturtypekartlegging i Solund i samarbeid med HAFS-kommunane. Dette prosjektet vart eit viktig

grunnlag for at HAFS nådde opp med søknaden om å bli med i verdiskapingsprogrammet Naturarven som verdiskaper. Denne prosessen starta i 2009. I søknaden kom omgrepet kystarv fram, og har slik sett sitt opphav frå denne perioden.

«Det starta eigentleg ved den søknadsprosessen, for kystarv var ikkje nemnt før me hadde begynt å jobbe med den søknaden. Det kom undervegs. For me måtte jo ha eit namn på det, og då lurte vi på kva vi skulle kalle det. Det er naturarv og det er kyst, og då vart det kystarv.»

Då prosjektet i HAFS vart valt ut som eit pilotprosjekt, valte Solund kommune som del av prosjektet å fokusere på nyskaping basert på naturarven. Fleire av dei andre prosjekta danna sitt utgangspunkt i eller rundt verneområda sine, mens Solund sine større verneområder ligg ute i havgapet. Sidan kommunen hadde jobba mykje med registrering av viktige naturtypar, vart søknaden i staden retta mot desse.

«Dei verna sjøfuglområda var basisen, men så byrja vi òg å fokusere på naturverdiane utanom verneområda. Difor skilte vi oss litt ut».

Verdiskapingsprogrammet vart avslutta i 2013, men ein ser fleire ringverknadar av det. Av fysiske verknadar er det blant anna komen fleire merka stiar i Solund med tilhøyrande turkart, og det vart mobilisert for auka sauebeite i viktige naturtypar. Det vart samstundes ei større satsing på naturbasert reiseliv. Samstundes var det lite ressursar til å følge prosjektet vidare opp i ettertid, så sjølve «kystarven» som omgrep har sklidd litt i frå.

«Vi har ikkje vidareført kystarvenprosjektet som kystarv. Begrepet er no berre der, og det blir ikkje brukt aktivt. Men ein har likevel jobba aktivt med det, og særleg då andre stader enn i Solund. Værlandet og Askvoll har til dømes blomstra som villsauekommune. Og eg trur nok det er på grunn den kunnskapen som ein fekk formidla. Det vart jo halden kurs, det vart prata mykje om, det var samarbeid, og vi fekk fleire sauebrukarar... som var målet»

Tor Arne påpeiker at det i hovudsak var ordningane som gjorde at så mange kunne starte med villsau. Det er ikkje mykje økonomi i villsaudrift, så midlane sauebøndene får er viktig. Samtidig fekk ein løfta fram sauedrifta som viktig for å bevare naturmiljøet, og å halde eit ope landskap.

«Men også koplingane mellom, det er gjerne ikkje skrive så mykje om det, men det er klart at dersom ein beiter i eit område, så er det lettare å bruke det til friluftsliv og reiseliv. Altså; det er basisen. Det å ta vare på natur- og kulturlandskapet er basisen for mykje av den verdsskapinga som skal skje rundt.»

Tor Arne trekkjer frem nokre lokale aktørar som er viktige for verdiskapinga i kommunen. Kommunen si rolle har i den samanheng vore å danne eit grunnlag, som aktørane kan bygge vidare på. Han forklarar at det er ein type form for samarbeid dei i mellom, men at det gjerne ikkje er formalisert. Også andre mindre aktørar, som Nils Bjørge trekkast fram.

«Nils, som har Solund Natur. Det er lite, men det er og viktig.»

Om samarbeid fortel han at det gjerne ikkje vert formalisert i Solund, på same måte som i større kommunar.

«Utfordringa er at ein har mange hattar i kommunen. Så ein kan ikkje ha samarbeidsorgan med lokalsamfunnet på alle frontar, for ein treff stort sett dei same. Det viktigaste er at ein kjenner dei... det tillitsforholdet er viktig.»

Tor Arne forklarar at ein lett kan føle at ein er for lite aktiv i forhold til det som kjem utanifrå, og at ein som kommune ønskjer å vere ein aktiv utvikla. Samstundes er det ei utfordring i økonomi, og det er ikkje alltid ein har ressursane.

«Vi skulle ha laga fleire kajakkart, og vi skulle ha gjort fleire slike ting. Av og til er det pengane som manglar. Då har vi idéen og har diskutert oss fram til noko, men vi manglar pengane. Men det ein gjer, er at når ein ser at her ein moglegheit, så spelar ein ball med den eller dei som kanskje kan ta den.»

Han forklarar at edlsjelene i kommunen er viktige. Dei er drivkrafta bak mykje av det som utrettast i kommunen.

«Så edlsjelene er jo viktige, det er det ikkje tvil om. Men det er også viktig med denne basiskunnskapen. Dei som set i det offentlige, og ikkje veit korleis situasjonen er, så er det vanskeleg å setje retning. Dersom berre staten fortsette å putte inn litt ressursar, så kan dette bli noko. Og det litt det same. Det er jo prosjekt som har skjedd etterpå. Ein har jo kystparken for eksempel. Der er jo

kommunen med, men vi sit ikkje i førarsetet, men vi er med og vi spelar inn.»

Han påpeiker at heile samfunnet på spele på lag dersom ein skal skape framtidretta verdier.

«Det er eit samfunnsprosjekt. Kommunen kan bestemme seg for at dei har lyst, men ein kan ikkje gjennomføre det frå administrasjonen si side... då kjem ein ingen plass. Kommunen skal så klart vere med, og støtte opp under, og av og til litt korreks»

Han trekkjer fram samarbeid som viktige for å kunne skape noko.

«Dersom ein skal trekkje fram noko unikt, så er det geologien. Men ein kan til dømes ikkje klare å løfte geologien frå Solund aleine, det går ikkje. Og me er ein del av noko større.»

Tor Arne meiner det er viktig å ta vare på, utnytte og utvikle kulturarven. Men i det ligg det ei medvit i kva ein har, og korleis ein kan ta vare på det.

«Vist ein skal klare det, då trur eg at noko av det viktigaste for Solund er at folk lever og driver med ting i øyane. Den dagen det ikkje bur og driv nokon på Gåsvær, kva er då øyhoppinga? Eg tar med meg folk til Gåsvær mange gonger, og det er ei oppleving. Det var nok ein oppleving når det ikkje budde folk der og, men det er ei større oppleving når det bur folk der. Det handlar om å ha i gong aktivitet ute i øyane. Den gong det berre blir ein kulisse for turistane, og ein plass for feriefolk i hytter, då har me mista noko. Dermed er det så viktig med den verdiskapinga, at folk kan bu og drive noko»

Samstundes påpeiker Tor Arne at for å klare dette, må ein velje ut nokre områder som skal bevarast, der nokre typar næringar haldast vekke.

«Det er klart at det er nokre utfordringar knyt til næringar som kan forureine eller påverke naturmiljøet, det veit vi. Men samtidig er det veldig viktig for kommunen å skape arbeidsplassar. Og kommunen må forhold seg til det som vert sagt nasjonalt. Samtidig, dei områda som er avsett, og som er veldig urørte i dag, dei bør bevarast i framtida òg. Det handlar om å syna korleis det var her rundt 1900, og ta vare på og utvikle det på eit eller anna vis, men samtidig ta vare på kulturminner og historie. Og at fleire ser viktigheita av det.»

Barnehage- og skulesektor (formidling)

Gunnlaug Olsvoll Røed &
Anne Brith Tangenes

Barnehagar og skular er sentrale formidlingsplattformer for born og unge. I Solund er det ein barnehage, og ein borne- og ungdomsskule. Det er ingen vidaregåande skular i kommunen. Anne Brith er styrar i Solund barnehage, og Gunnlaug er rektor for Solund barne- og ungdomskule, og barnehage- og skuleansvarleg i kommunen.

Anne Brith forklarar at barnehagen formidlar kystarv og kystkultur, utan at dette nødvendigvis er noko dei gjer bevisst. Kystarven formidlast til borna fordi dei har tilsette med særleg interesse på feltet. Anne Brith trekkjer fram Nils Bjørgo som ein avgjerande faktor for at borna får ta del i aktivitetar som kanskje er litt utanom det vanlege.

«Han formidlar på ein veldig naturleg måte, og då blir det på ein måte som ein del av barnehagekvardagen.»

- Anne Brith

«Nils slaktar til dømes sau i barnehagen. Då får borna gå og komme som dei vil. Nokre born er svært interessert, andre er mindre interessert. Men det er tydeleg at slike aktivitetar skapar ei generell interesse blant borna. Også prosessen i ettertid, med lagning av pølser og spinning av ulla skaper interesse og bevissthet rundt den foredlinga... og det dyret gjer til menneskjer».

- Anne Brith

Lokalbefolkninga i Solund spelar ei rolle, og Anne Brith trekkjer fram at fleire privatpersonar bidrar til formidling ved å til dømes bringe inn dyr.

«Eg har fått telefonar frå folk som har vore å dratt garn, også har dei gjerne fått noko rart i garnet. Då lurar dei på om vi vil ha det levert i barnehagen». Barnehagen har blant anna fått levert ein død sel og havål av lokale. Då opnast dyra, også vert dei studert innvendig.»

- Anne Brith

Barnehagen samarbeider med fleire lokale aktørar, og ho opplever at folk er positive til slike samarbeid. Dei har blant anna samarbeid med Roar og Nils, og Kystkulturakademiet. Skulen er ikkje like flink med samarbeid, men kystkulturakademiet er ein fast samarbeidspartnar i eitt undervisningsopplegg.

«Dei lokale er positive til å bidra og hjelpe med kunnskap, og eg har enda til gode å oppleve at nokon har sakt nei til samarbeid. Men det kan oppstå fleire idear enn det som blir ein realitet.»

- Anne Brith

Anne Brith forklarar at ho innimellom kjem i prat med lokale angående ønskjelege samarbeid, utan at dette vert tatt vidare. Det kan ofte forsvinne i ein travel kvardag med anna arbeid. Difor er også det offentlege avhengig av at lokale aktørar engasjerer seg sjølv, og sjølv tar kontakt med barnehage og skule dersom dei er interessert i å formidle noko.

Anne Brith er heilt klar på at barnehagen kan ha ei veldig viktig rolle når det kjem til formidling av kystarv til dei minste i samfunnet.

«Det er fleire born no som veks opp i familiar som ikkje ferdast på sjøen, fiskar, går turar og slikt.»

- Anne Brith

«Dette er ei endring ein ser har endra ser frå før i tida, då skulevegen vanlegvis var på sjøen.»

«Sjøen var vegen. Då budde fleire på øyene rundt om kring i Solund. Færre bur på øyer i dag, og fleire bruker offentleg transport. Eg trur det er fordi det krev meir planlegging å bu på øyer, og det er mindre attraktivt når skyssbåten berre går to gongar i veka. Det kan vere ein av årsakene til at folk flyttar frå øyene.»

- Anne Brith

«Det som var vanleg før var at «alle» kunne ferdast på sjøen, kjøre båt, fisk. Slike ting er ikkje lengre like vanlig. Dette er tradisjonar ein mistar som tidlegare var kystkulturen. Mange lokale har faktisk ikkje det utstyret som skal til for å utnytte det maritime livet, som eigentleg er veldig naturleg for å bu i Solund. Og då mister ein den «vanlegheita» som var ved å vere på sjøen.»

- Anne Brith

«Samfunnet er òg blitt mykje meir mangfaldig, med mange ulike etnesitetar. Solund er blitt eit konglomerat. Det påverkar jo tradisjonar. Ein får ikkje den naturlege oppveksten som dei hadde før, som inkluderte å lære å kjøre båt og ta del i fiske. Dette er fordi mange av dei som kjem hit ikkje har dei tradisjonane og kulturen med seg. Det er bra med mangfald, men det kan òg påverke kulturen her, trur eg. Ein miste noko fordi ein ikkje har desse tradisjonane som er knytt til kystkulturen»

- Gunnlaug

Skulen eig ein båt, og denne er barnehagen disponibel på. Anne Brith forklarar at barnehagen har brukt denne meir dei siste 6 år enn før. Dette gjer borna ei nærleik til havet og fiske, og eit naturleg forhold til det våte element. Barnehagen er ikkje så bunden av planar som det skulen er, og har moglegheit til å vere meir kreative og til å leggje opp kvardagen ulikt. Gunnlaug forklarar at skulen ikkje har vore like flink til å vidareføre desse tradisjonane og vanene som barnehagen skapar for borna.

«Skulen tar ikkje stafettpinnen vidare. Det har noko med at skulen har læreplanar og kompetansemål som ein må forholde seg til».

- Gunnlaug

Ho påpeiker at det kunne ha vore meir kreativitet i å oppfylle desse krava.

«Det er ikkje slik at ein må ha ei bok for å følgje eit kompetansemål. Til dømes, i staden for å sjå bileter av ein torsk i ei bok, kan ein dra ut på sjøen og fiske ein i staden. Eller, kva er fiskarbonden? Hadde vi vore meir kreative så kunne ein ha formidla dette på ein god måte».

- Gunnlaug

Gunnlaug trekkjer fram nokre utfordringar skulen har knyt til formidling av kystarv utanfor skuleområdet. Ei vesentleg utfordring er økonomi. Det kostar å reise rundt og oppleve og sjå. Ei annan utfordring er tid. Det som skal opplevast og formidlast skal skje i løpet av ein viss tidsperiode, og lærarar har også ein viss arbeidstid. Samstundes ligg det nokre moglegheiter i det å invitere «formidlarane» til skulen.

«Den nye fagplanen vil truleg leggje meir til rette for ein praktisk læringsarena. Til no har det vore ein veldig teoretisk opplæringsarena. Eg veit at elevundersøkinga viser at det er for lite praksis undervisning. Dette er ein tydeleg melding som elevane kjem med».

- Gunnlaug

Ho meiner at det er ein veldig spennande tankegong at kystarv kan ligge til grunn i meir praksis undervisning.

«Potensialet er mykje større enn vi brukar».

- Gunnlaug

Både Gunnlaug og Anne Brith har inntrykk av at opplevingar knyt til kystarv vert oppfatta som kjekke

opplevingar der og då, men som elev får ein ikkje bearbeida det i ettertid.

«Ein kan trekkje fram turen til Litle Færøy. Dette er ein veldig kjekk oppleving der dei får lært å sløye fisk, om robåt og utedo, og å vere utan mobildekning. Det er ein annleis og kjekk oppleving. Men kunnskapen ein får frå dette opphaldet, vert ikkje bearbeida i ettertid. Eit meir bevisst arbeid i ettertid kan skape ein større bevisstheit for det dei har lærd om kystkulturen».

- Anne Brith

Gunnlaug trekkjer fram at elevar i skulen kvart år er med på villsausanking, men at det er for lite kunnskap og bevisstgjerung om kvifor dei er med på dette.

«Dette er noko skulen kan ta tak i, og formidle meir rundt.»

- Gunnlaug

I den samanheng nemner Gunnlaug «den kulturelle skulesekken», som er knytt til korleis skulen formidlar kunnskap, og som er ein av strategiane skulen brukar.

«Då vert det lagt opp til to turar, ein tur på eit gardsbesøk, og ein tur til Utvær. Dette er ein «kystkultur-tur». I kommuneplanen står det at ein skal gjere ungdommen kjent i kommunen. No skal kommuneplanen reviderast, og det vil vere mogleg å utvikle det målet».

- Gunnlaug

Både barnehagen og skulen er positive til meir samarbeid med eksterne aktørar. I skulesektoren må dette settast i eit system, og inkluderast i planar.

«Det er mange å samarbeide med, men det er ikkje eit system på dette. Systemet for å iverksette dei overordna planane manglar ein arena med eksterne (private) aktørar.»

- Gunnlaug

Både Gunnlaug og Anne Brith seier seg einige at det er leiarane for skuleverket som kan leggje føringar for at det skapast ei større medvit rundt kystarv og dei kvalitetane den inneberer. Dei meiner at dette er ein svært interessant tanke som dei vil ta med vidare.

Anne Britt avsluttar med eit sitat ho kom over i ein reklame. «Korleis smaker kunnskap som går i arv?, stod det. Eg tenkjer at det vil smake godt, og det er vårt ansvar å passe på at det gjer det!»

Informantane fortel

Basert på intervju med dei aktuelle informantar, følgjer her ein oppsummering av utvalte tema. Ulike sitat vil syne perspektiv på kystarv, og dei moglegheitene og utfordringa som er knytt til kystkulturen i Solund. Det er i stor grad einigheit blant informantane.

Informantane om kystarven

Hans Gåsvær:

«Eg tenkjer på det å ivareta forfedrene våre sitt slit, som vi ikkje kan fatte kva har vore.»

Anne Marie:

«Eg tenkjer at kystarven er å ta vare på dei tradisjonelle næringane som har vore på kysten. Det som òg har vore ein kystarv er at folk bur på forskjellige plassar. Ein har bygd hus der det er ei kai, og ein har tilknytning til både sjø og land. Ein har ikkje så mykje kystarv igjen vist ein bur i eit byggefelt på Hardbakke. Ein må jo ha eit sentrum i ein kommune. Men den tradisjonelle kystarven er å få lov til å byggje der ein kjem frå, i utkanten, sjølv om det er litt meir tungvindt å bu slik enn på Hardbakke. Gamal bygningsteknikk og bygningsmåte kan òg vere kystarv. Mange vel å bruke enklare og billigare løysingar i høve vedlikehald av gamle bygningar. Då bevarer ein bygga men missar mykje av den tradisjonelle utsjånaden. Vi var så heldige og hadde nokre arkitektstudentar frå Oslo som hadde kurs i grindverksbygging.»

Roar:

«Eg tenkjer på dei fotavtrykka. Dei synlege fotavtrykka, men så har du også dei usynlege fotavtrykka. Det som ligg i kjennskapen og kunnskapen, og som ligg latent... fordi det har blitt sånn. Og det mangfaldet, det ligg både i språket, i ord og uttrykk. Det gjelder alle ferdigheitene, teknikkane, kvinnene sine, mannfolka sine, oppdragelse, ritual og seremoniar. Enten er det eit levd liv som er forbi, eller så er det og ei ulykke og det den inneberer, av drukningsulykker og skipsulykker. Du har distansen mellom liv og død som var veldig liten.»

«Dette med kor flinke dei var med å byggje husa inn i terrenget i forhold til vind og vær. Det er kystarv. Der ein ser rytmar i terrenget, og har kjennskap og erfaring. Huset her ligg heilt perfekt, og vinden går forbi det i alle retningar. Og nede ved kaia er det også ein veldig lur plass, der stadnamnet heiter «kråna». Inni hjørnet, når du skal sitte å drikke ettermiddagskaffien på altanen ein plass, og

nordavinden pistar og er kald, så finn du deg ei god krå. Der er det stilt.»

«Det er imponerende, til dømes, kor flinke dei var med hendene sånn historisk. Og dei brukte tida, dei hadde alltid eitt eller anna i hendene. Og kunnskap om materialar, og korleis dei plukka ut ulike typar materiale til ulike hensikter.»

Nils

«Med kystarv, då tenkjer eg på alt det Roar formildar. Fiskarbonden er eigentleg eit veldig godt stikkord, for det er så bredt.»

Pascale:

«Eg tenkjer på fiskarbonden. Det jo sjølvberging. For meg er kultur korleis ein er sjølvberga på ein plass. Og det inneberer mange ting. Handverk til dømes, og handverk er mange ting. Det kan vere korleis lage båt, korleis lage mjølk, korleis veve, og korleis lage sjøvottar. Då dei gjekk over til andre moderne rasar som skulle yte meir, var likevel nokre villsauar tatt vare på. Dette var fordi dei trong ulla til å lage sjøvottar. Dei vart kalla for sjøvottsau. Villsauen reker seg sjølv, og då vert fiberen i ulla lukka på begge ender, og dette var positivt for vottar som skulle dyppast i sjøen. Dette er spesielt for kysten, og slik kunnskap er for meg kystarv. Også kunnskap rundt lynghei, tang og tare.»

Trude:

«Dei sterke kvinnene synst eg kjempesæreigen for vårt område. Kvinnene måtte jo klare alt sjølve. Menn drog på fiske, og kvinnene måtte ta seg av garden, dei måtte passe på borna, pleie dei gamle, dei måtte ro på heimefiske, dei måtte ordne alt. Det tenkjer eg er spesielt, og eg er veldig fascinert av det. Det er framleis mange sterke kvinner i Solund.»

Gunn:

«Kystarv er eit todelt ord. Kyst og Arv. Kva er det som særpregar kysten? Det er sjøen og landskapet elles. Så det ligg mykje kunnskap, historie og kompetanse som er nedarva rundt det som har med sjøen å gjere. Forståing for fiskeri og korleis sjøen verkar.»

Tor Arne:

«Ein har jo fiskarbonden. Altså, småkårsfolket i Solund. Fiskarbonden er viktig, og det som Roar held på med er ein utruleg viktig formidling av kystarv og korleis det var i nyare tid.»

Informantane om naturkvalitetar i Solund

Hans Gåsvær:

«Naturen er jo spesiell. Eg trenkjer på kontrasten mellom fjell og hav, og dei væra eller øyene som er der ute. Utvær og øyane der, dei er jo veldig fine. Og at ein har låge øyer ut mot kysten, og høge fjell innover.»

Anne Marie:

«Solund har jo ein veldig spesiell natur. Det at det er veldig ope, og vi har ikkje veldig mykje skog. Du kan gå på ein liten topp og likevel sjå langt. Det er flott på hausten, det er mykje lyng og flotte fargar. På sommaren òg. Då er det til lenger ut i havet du kjem, jo finare er det. Då vil ein ut på sjøen.»

Roar:

«Slik som er eg opplærd og oppvaksen med, er at naturen er ein ressurs. Det betyr at res=under, og source=kjelde. Altså naturen er ein «tingkjelde». Det betyr at naturen er eit middel for menneskjer. Eit middel til å skape ein eksistens, og ein økonomi.»

Nils:

«Naturen i Solund er veldig spesiell, den er spesiell i heile Norge faktisk. Topografien er spesiell, då den er så veldig kupert. Også er landskapet nakent og goldt. Det er ikkje særleg stor variasjon i naturtypar. Det er mykje gråstein på land, og hard konglomerat. Skal vi samanlikne med Værlandet og Bulandet rett nord for oss, så er dei mykje rikare på naturtypar. Men det er likevel ein stor variasjon i landskapet i Solund. I variasjon er Solund ganske eineståande langs kysten, tenkjer eg. Det er jo andre plassar som er eineståande, med det er noko med dei motsetningane ein har i landskapet her. Solund skil seg veldig ut der.»

Pascale:

«Det som slo meg mest var at naturen ser så ugjestmild ut, også er den så rik likevel. Så har ein desse små oasisane, desse gardsbruka innimellom den trauste naturen. Det er eit veldig spennande og variert landskap. Då eg kom til Solund då tenkte eg at det skulle vere snille fjell her ute langs kysten, med det er tøffe fjell. Ein kan likevel gå over alt, fordi fjellet er så ru. Også synast eg at furuskogen er veldig spesiell her. Ein finn alt frå små trer som har vekse veldig skrint, til du kjem inn i djupe grøfter og dalar, der det er svære furutrer. Også har ein det opne landskapet

ut mot kysten. Du har variasjon mellom fine skogar, ikkje store i omfang, men med veldig flotte trer. Også har du fjelltoppane, og øyene med vikar.»

Gunn:

«Det er noko med den uslipte steinen, den røffe. Også er det veldig spesielt med alle desse små øyane, og holmane, og vikane. Altså, det opprivne landskapet.»

Tor Arne:

«Ein forvente berre grått, også plutselig rundt eit nes så er det grønt. Og i Solund så er det så tydeleg at det handlar om geologien. Det er der det begynner. Ein kan reise rundt, og sjå på eit geologisk kart over Solund, så kan det sjå ganske kjedeleg ut. Fordi ein har konglomerat og litt av noko anna. Men på kvartærgeologiske kart så ser du veldig fort... du treng ikkje eit kvartærgeologisk kart ein gong, du kan berre sjå på kor folk bur. Kor er det gardsdrift, så ser du at her ligg det noko. Litt morenar etter isen, og kanskje litt havavsetningar. Men elles er det berre berg. Og det er veldig karakteristisk.»

Informantane om kulturkvalitetar i Solund

Hans Gåsvær:

«Det er ein del bygningar her som står intakt, og som kanskje er opp til 200 år gamle. Det er eigentleg ikkje slik så mange andre plassar lengre. I Solund har ein har eldre hus fleire stader, som på Little Færøy. Hamna ved Oddekalv er òg ganske spesiell, der er det mange naust og hus ikkje som ikkje er måla. Det var noko dei gjorde i gamle daga, dei måla ikkje huset og let det gå i eitt med naturen. Men det kravde gode materialar. Dei som ikkje hadde råd til nye materialar, brukte «det ein hadde for handa». Ein ser det er fleire naust rundt om kring som er bygd opp av det som var tilgjengeleg. Det er litt spesielt. Folk var sjølvberga.»

Trude:

«Eg tenkjer på ny og gamal kystkultur. Den gamle er dei gamle båtane, dei gamle nausta, og den gamle kulturen. Det å ferdast på havet er jo også kystkultur i dag. Det å padle på havet, eller fiske i dei store trålane. Havbruk er kystkulturen i dag. Det er ikkje all kystkultur eg er så glad i. Oppdrett er eg veldig kritisk til, men det er jo kystkultur det også. Ein kan ikkje alltid henge fast i det gamle, og det å forherlige korleis det var før. Men ein må tenke korleis ein kan

ha ein god kystkultur, som forvaltar både landskapet og havet på ein god måte.»

Roar:

«Dei som kjem utan i frå er veldig fascinert av at det er så annleis på alle måtar. Altså landskapet. Veremåten. Kor du bur henn. Folk lurar på korleis dette blei ordna.»

Gunn:

«Kulturen er jo nært knyta til kysten, tenkjer eg. Slik eg opplever det, så er det ein sterk tradisjon for å det å klare seg sjølv. Ein måtte skape ting sjølv, og skape ein arbeidsplass. Også er det ein kultur, som eg tenkjer kanskje blir underkommunisert nokre gonger, det er desse kystkvinnene. Vi hadde jo ein av dei første kvinnelege ordførarane i landet her, til dømes. Ho budde ute på Indrevær. Og reiste aleine med båt inn til Hardbakke. Menna reiste på sjøen, også var kvinnene igjen og stod for organisasjonslivet. Vi ser det ligg igjen, det å styre, ordne og lage til ting, eit arrangement, det går av seg sjølv. Ein berre gjer det. Det tenkjer eg også er ein viktig bit av kulturen, sjølv om vi ikkje høyrer om det til dagen.»

Tor Arne

«Kulturhistoria til Solund er jo til sjøen kan du sei. Vi var i eit knutepunkt tidlegare. Ein har Losnariddarane og Losnaætta som då vakta utløpet av Sognefjorden. Sjøen var vegen, og Sognefjorden var utruleg viktig. Skulle ein til Gudbrandsdalen, då reiste du ikkje rundt til Oslo. Då reiste ein først inn Sognefjorden, også gjekk ein over. Skulle ein nordover frå Bergen så måtte ein gjennom Solund.»

«Det er mange ting i Solund som går igjen mange andre plassar på kysten, men kva er då spesielt med Solund? Og då tenker eg eigentleg den nyare historia. Kanskje det mest spesielle er at me endå bur her ute på desse øyene. Og det bur folk på fleire øyer. Og det bur nokon på øyer der det ikkje er veg. Og det er spesielt i dag.»

Anne Marie:

«Ein må bruke båt i mange samanhengar. Ein må ta ferga for å kome seg til Solund med bil, og ein må ta båt innåt i kommunen. Solund er på ein måte litt isolert. Du må planlegge det vist du skal til Solund, det er ikkje ei gjennomfartsåre.»

Trude:

«Vist eg skal trekkje fram eit område som er viktig for kulturen i Solund, så kan eg vel trekke fram Little Færøy som ein markør for identitet, og for den gamle kystkulturen. Også har ein den nye kystkulturen. Men eg trur nok at mykje av den særreigne kulturen i Solund, er knytt til autentisitet. Vi har jo autentisitet med tanke på landskapet. Det er lite rørt, og av bygningar ... vi har mange fine og gamle bygningar og bygningsmiljø. Det tenkjer eg kjenneteiknar kystkulturen i Solund. Eg trur at når ein kjem til Solund, så føler ein at det er autentisk.»

Informantane om moglegheiter

Hans:

«Det kan ein gjere ved å halde ved hevd slike plassar som Little Færøy og Gåsvær, slik det har vore over lang tid. Eg synst Roar gjer ein god jobb på Little Færøy, som prøver å vidareføre dei tradisjonane og brukar dei i undervisning utan å romantisere det. For ein skal ikkje romantisere det. Det har vore eit uendeleg slit som ein ikkje kan fatte.»

Anne Marie:

«Det er klart at kommunikasjonar er viktig for at det framleis skal vere sånn her. Og at ein må yte litt ekstra midlar dersom kommunen vil at det framleis skal vere lik. Det er ikkje alt kommunen kan klare å halde oppe då, men vist resten av Noreg vil at det skal bu folk på alle plassar må det ytast litt til det»

«Sogebøkene kan vere nyttige. Det er viktig for folk å kjenne bakgrunn og vete litt meir om staden sin. Det er stor interesse for å lese om lokalhistorie for ein vil gjerne vete meir om staden ein bur, om folk og historie.»

Roar:

«Vist det politiske klarar å balansere dette her med bevaring og bruk, for nye tiår, då er vi på god veg til å gjere Solund attraktivt, som ein veldig kul og flott plass. Klarar ein den kneika her, at du klarar å beholde kystarven og klarar å byggje på den... det er eg heilt overbevist om. Heilt, heilt overbevist om. Det er folk som kalte dette området... frå Hardbakke og ut i Lågøyfjorden og rundt ut her for «Noregs sørlegaste villmark»

Nils:

«Eg håper vi får ein geopark i Solund. Det er viktig å trekke fram fellesskapsinteresser i bruk og vern-diskusjonar. Ofte kan det vere ein kortsiktig gevinst, for langvarig øydelegging. Den vekstfilosofien synst eg er skummel».

Trude:

«Det handlar om å kunne ha ein overføringskraft til resten av Norge med tanke på at landskapet gror igjen. Grunneigarar kan av og til bli ein brems, og sidan mange av gardane her i Solund er fråflytta, så kan ein ikkje drive med sua. Men samtidig er ikkje grunneigarar uinteressert i å la området sitt bli beita, for landskapet gror jo igjen vist ikkje. Då handlar det om å finne landskapsmodeller som fungerer i dag, når grunneigaren ikkje vil drive med sau sjølv».

Gunn:

«Du har reiseliv, som begynner å vokse fram, der ein begynner å sjå at vi set på nokre naturperler. Fortsett høyrer du folk som omtalar landskapet med at «det berre er grå stein og knaus», og at det gjer oss ingenting. Men for mange er det faktisk ganske eksotisk å komme til eit slik urørt landskap som ikkje er veldig rørt av større inngrep. Så der trur eg det ligg ein moglegheit. Og eg sit som styreleiar i VisitFjordkysten også, og det ein ser er trendane innanfor reiseliv og som er etterspurt; det er opplevingar, og å komme seg ut frå vegen, og ro og stillheit. Eg trur at dei kvalitetane er viktige. Det er mange som ikkje har opplevd den stillheita som er her. For oss er det heilt sjølvsagt, men ein stor del av verdas befolkning har det sjeldan heilt stille rundt seg. Og det er slike kvaliteter eg tenkjer er viktig å fremje».

Informantane om utfordringar

Hans:

«Dei første åra kunne ein leve av fiske rundt Gåsvær. Vi begynte skikkeleg på 80-talet. I dag går det rett og slett ikkje an å leve som småfiskar her i Solund utan å kunne reise nordover på Lofotfiske».

«Det at det er lang skuleveg er ein utfordring. I Nord-Solund til dømes, og no er det ikkje skular der nord. No må ein reise over ein time for å kome seg til skulen. Så det er ikkje så mange som vil busetje seg på slike stader når det er så lang skuleveg. Dei fleste vil vere ein del av eit fellesskap, og det forstår eg veldig godt. Dersom ein skal pendle til jobb kvar dag, så er det slitsamt. Og born må få vere i eit fellesskap.

Og eg er ikkje heilt sikker på om betre rutetilbod hadde forandra det altså. Det ligger litt høgre».

Anne Marie:

«Gåsvær er ein av dei få plassane igjen, nokre i Ytre Solund også, som bruker øyane til tradisjonelt sommararbeite. Og det er jo ein tradisjon som har føregått i åresvis. Øyene som er verna til sjøfuglreservat vert også brukt til sommararbeite for sau. Det er ei utfordring mange stader at dei har slutta med dei, og at det gror over.»

«No er ikkje det faste rutesystemet lengre. Dette er fordi det ikkje er born igjen på øyene. Når det minkar folk på øyene, så vert rutetilbodet mindre, sidan det er etter kor mange som bur der fast. Det er spesielt at det framleis bur folk på øyene, men det minkar på dei, så eg trur nok kanskje at utviklinga berre går ein veg.»

«Fiskeriet forandrar seg. Ein får større båtar, det er nesten ikkje noko igjen av mindre lokale fiskebåtar. Dei fleste må opp til Nord-Norge for å kunne leve av å fiske. Det er lite igjen av dei som fiskar lokalt heile året her, og det handlar om at det er lite fisk å få».

«Det er ikkje enkelt å selje eigedommar som har vore i generasjonar. Og vist ein ikkje vil bu i eigedommane, vert dei berre brukt til fritidsbustad. Det kan vere ein utfordring at fleire hus står tomme store delar av året».

«Det er ein utfordring å få med yngre folk. Eg er jo med i eit par villsauglag, og vi er mykje eldre folk. Det å få yngre til å ta ansvar er nok ein stor jobb».

«Ein må ha beitedyr for å halde landskapet. Du har jo økonomien i det, og ein må få noko igjen for jobben. Det kan ikkje vere dugnadsbasert, det å ta vare på landskapet og halde sau. Det går ikkje i lengda. Den som gjer jobben må faktisk få betalt for det. Per i dag får ein lite betalt for kjøtt. Så då er det tilskotsordningane frå staten som bergar den økonomien.»

Roar:

«Samfunnet har blitt veldig spesialisert. Vi på øyene, vi er generalistar, og dei har du ikkje så mange igjen av. Vi kan litt ditt og datt, men vi er ikkje ekspertar på noko. I dagens samfunn er det veldig mange som ikkje sit med den opplevde situasjonen, men ein sit

med ei utdanning frå ein institusjon... og med mykje kunnskap. Mens dei folka som lev her, som eg serrar rundt med, dei har mykje kjennskap. Mens den andre kunnskapen vert til teoretisk, vert denne kjennskapen til gjennom å gjere, og kjenne på ting»

«Mennesker brukar gjerne påskeferien og delar av sommarferien her, og det er det. Det blir mykje fleire av dei, og det er òg ein utfordring. Det må vere ein balanse mellom turistar og fastbuande. Det er ein balanse det går på det meste.»

«Eit anna problem også... for å nemne litt til. Dette med at 70% av landområda i Solund der grunneigarane er folk som ikkje bur i Solund. Og mange av dei ser jo på landskapet i Solund som dødkapital og stein. Det er det dei ser, fordi dei har ikkje nokon som helst relasjonar i forhold til det. Ein annan ting og, som eg synst er litt vanskeleg er at her står det mange tomme hus. Og det er nesten umuleg å få kjøpt. Det brukast som ferielandssted, og det er fullt forståeleg, men det blokkerer veldig for folk som vil flytte og vere næringssskapande»

Trude:

«Landskapet gror igjen. Dette skjer fordi grunneigarar kanskje ikkje vil drive med villsau. Og mange av bøndene her vil ikkje drive med villsau, dei som er seriøse bønder vertfall. Det er ikkje pengar i det.»

Gunn:

«Det som kanskje er ei utfordring er tilgjengelegheit, og det er sjølvsagt ein moglegheit for å bevare noko også. Men i områder der det er meir befolkningstettheit, så er det mange som engasjerer seg som kjenner området, og då får det meir merksemd. Så kanskje det er ein el av utfordringa, at det er litt for få som veit om dei verdifulle områda i kommunen, og då kan det vere ei utfordring å få løfta dei fram. Dersom ein skal samanlikne med områder der det er tettare befolka.»

Tor Arne:

« På natursida er utfordringa attgroinga av plantefelta og kulturlandskapet. På kultursidan tenkjer eg at det er ei utfordring med å ta vare på bygningar, altså, bygningsvern. Då tenkjer eg i første rekke den gamle bebyggelsen knytt til sjø. For ein kan fort øydeleggje sjøbuer vist ein fyller den med noko heilt anna. For eksempel ei hytte. Då kan det bli øydelagt. Samtidig kan ein ta vare på noko. Det er ein balanse. Men dersom det ikkje finst eit naust i bruk til båt lengre... fordi ein treng ikkje naust i dag, for naust var jo bygd

for trebåtane, som skulle liggje der og ha det litt fuktig vekke frå sola. Det er noko med at ein ikkje har dei båtane i dag, og då gjer ein nausta om til noko anna.»

Informantane om verdiskaping

Anne Marie:

«Det er ikkje veldig enkle ting å jobbe med, for på nokre områder diskuterer ein det same som ein diskuterte for mange år sidan. Solund har ikkje vore ein så kalla tradisjonell reiselivskommune. Men eg trur det er fleire og fleire som får auka opp for det her. Men ein må ha litt mengde før ein får ein inntening

«Med tanke på kajakksatsinga, så har vi mange flotte områder for kajakk. Det er også noko som veldig mange andre satsar på langs heile kysten.»

«Det kunne vel ha vore eit marknad for fleire utleigehytter»

Roar:

«For å få det til må du la deg begeistre av det du ser rundt deg. Og først må du begynne å tenkje sjølv. Neste steg er at du må ha ein å prate med det om. Det neste steget er at det må vere ti stykkjar der de kan sitje og diskutere det. Det neste er at det blir hundre... og då er det starten på ein bevegelse.»

«Det er noko av det som eg saknar litt, og det er det at vi må samlast om noko også går vi litt i flokk, skal vi møte den store råkapitalen. Det at folk engasjerer seg er ein ting, men ein må òg ha politiske krefter i det styrande som tørr å tenkje langsiktig og ikkje berre i den neste fireårs- perioden. Og då er du inne på berekraft, og innhaldet og substansen av det som ligg i berekraft»

«Kystparken og NKKA er viktige, for dei skapar nokre samarbeid. Eg trur det som er viktig her er at desse blodsbanesulingane og innflyttarsulingane kan få slike cross-roads. Og det er i ferd med å skje gjennom kystparken. Men ting tar tid. Og ikkje minst, det eg trur som er viktig å bidra med, det er at aktørane rundt om, sjølvstendige eller deltakande i kystparken, får hjelp i det byråkratiske. Skrive søknadar, støtteordningar....å få ein slags hjelp til det som ligg i det store systemet. Det er viktig både for å bli motiverte, men òg for å få litt økonomisk hjelp til å byggje på.»

Informantane om verdien av å formidle kystarv

Hans:

«Det er viktig at etterkommarane får sjå og får til ettertanke korleis folk levde i gamledagar, kva standard dei levde i, kva dei kunne greie seg med for å overleve. Det er mange som ikkje fattar kva slit som ligg bak det, det er mange som romantiserer det.»

«Skulane kan nok gjere det, men det vert ikkje det same. Ein får det ikkje med seg på ein slik måte. Tida går litt i frå oss når det gjeld akkurat slike ting. Det er ikkje noko enkelt å få merksemd rundt slikt, i den ungdomstida som er no. Det er jo heilt andre ting som interesserer ungdommar.»

Anne Marie.

«Ja, eg trur det er viktig å formidle. Eg trur alle brukte naturen meir av ungar før, no er det kanskje andre aktivitetar som er meir vanleg. Barnas turlag er kjempeflinke der. Samtidig, det er klart at dersom ein pratar om det og forklarar, så er det viktig. Eg trur at det er bra at andre seier det, enn dei som bur her. for vi lokale kan fort sei at det er veldig flott her, men eg tur ein høyrer meir på det dersom nokon utanfrå seier det. Vist dei rette folka seie det ofte nok, så trur eg kanskje det kan synke inn hos dei elevane og. At ein set fokus på landskapet. Men det er litt sånn, korleis kan ein gjere det. Det må jo vere fagleg begrunna, og ikkje berre synsing.»

Pascale.

«Det kan jo ikkje bli for mykje.»

Nils.

«Ein gjer jo litt. I barnehagen lærer ein vekk fuglesong og planteartar. Nokon synst det er veldig spanande å lære noko som er så ekte.»

«Dersom ein lærer noko frå ein er ung, kan ein sjå på liknande ting i andre samanhengar seinare.»

Informantane om ulike roller for bevaring av kystarv

Anne Marie:

«Kommunen har ei viktig rolle. Dei må jo høyre på folket som bur her, og kva næringar ein vil satse på i framtida. Kommunen blir jo styrt av politikarar, men det er jo... ein må ha ei bevisst haldning til det vi har av natur eller verdier vi har. Kommunen og staten bør oppretthalde det ein har»

«Det er jo ein del lokale som meiner at vi berre har stein og ser det som berre gråstein, og ikkje ser andre ting. På nokre områder synst eg det er greit at det er overordna myndigheiter som seier kva vi får lov til og ikkje. Særleg i med tanke på utbygging og det å ta hensyn til natur. Det er jo eit samfunnsansvar, og då synst eg det er greit at ein har ein del overordna planar som seier at det er nokre områder med tanke på naturverdier, at der skal det ikkje byggjast noko.»

KAPITTEL 6

SYNTESE





Foto: Lillian Herland

Kapittel 6 tek for seg oppgåva i ein heilskap. Det vil først bli presentert ein moglegheitsanalyse, med både eksisterande moglegheiter som kan vidareutviklast, og nye moglegheiter. Vidare vil funn diskuterast opp mot eksisterande teori. Diskusjonen vil resultere i nokre strategiar for brei verdiskaping, som vil inkludere mitt løysingsforslag på den gjeldande problemstillinga. Kapittelet avsluttast med ein konklusjon.



Figur: 2. Moglegheitsanalyse

Moglegheitsanalyse

I kapittel 5 vert lokale naturkvalitetar analysert, og kulturen som har utspelt seg på bakgrunn av stadeigne naturelement. Det er utforma ei moglegheitsanalyse på bakgrunn av den informasjonen som vert henta inn. Samstundes er den teoretisk forankra, med utgangspunkt i brei verdiskaping. Grunntanken bak analysen er å framheve nye moglegheiter, men òg moglegheiter knyt til dei kvalitetane som allereie finst og som kan utviklast. Det ligg mange moglegheiter i Solund, og fleire kan verte knytt til kystarven. Der det er moglegheiter kan det òg vere utfordringar.

Analysen er dynamisk, og viser samanhengar, kvalitetar, ressursar og utfordringar. Illustrasjonen er geografisk forankra, frå Krakhella i aust, til Ytre Sula i vest. Her følgjer ein fjellmassiva frå aust, til havgapet i

vest, og det er moglegheiter både på land og på havet. Heilt ytst har ein det ytre øylandskap, som i resultatdelen vert trekt fram som noko heilt spesielt i Solund. Dette gjeld særleg for Utvær, Indrevær og Gåsvær. Dette er område meg rike naturverdiar, og som er verna som naturreservat. Samstundes finst det både immaterielle og materielle kulturressursar knyt til historier, tradisjonar, byggelement med lokal forankring. Det som òg er spesielt med desse stadane, er at dei heldast i hevd, og i tråd med det tradisjonelle.

På ei side har ein materielle og immaterielle moglegheiter, knyt til natur og kultur. På den andre sida har ein dei samfunnsmessige rollene i lokalsamfunnet. Ein treng alle desse rollene for å kunne skape verdiar av moglegheitene. Rollene treng nokre verkemiddlar for å skape verdiar av dei immaterielle og materielle ressursane, derav vert tema som samarbeid og kunnskap trekt fram.

Diskusjon

Formålet med oppgåva er å identifisere kva som kjenneteiknar kystarv som omgrep og som ressurs i Solund kommune. Ei kopling av dei identifiserte ressursane, og strategiar for å aktivere dei, kan leggje føringar for brei verdiskaping. I følgjande del vil innhenta data diskutert opp mot den føreliggjande teorien. Moglegheiter som vert trekt fram i moglegheitsanalysen vil verte diskutert vidare. Det vil på bakgrunn av diskusjonen verte presentert to strategiar, med tilhøyrande forslag til tiltak. Strategiane skal fungere som verkemiddel for å aktivere eigenverdien i kystarven. Dei skal kunne skape verdiar av dei på tvers av sosiale, miljømessige, kulturelle og økonomiske samfunnsstrukturar. Diskusjonen vil bygge på problemstillinga.

Kva kjenneteiknar kystarven, og korleis kan den verte nytta som eit verkemiddel for brei verdiskaping i Solund kommune?

- Kva rolle spelar lokalsamfunnet for å bevare og vidareutvikle verdiar i kystarven?
- Korleis kan verdiar knyt til kystarven aktiverast?

Kystarv – kvar er den og kvar oppstår den?

Det er viktig å påpeike at kystarv ikkje er unikt i Solund. Ein har kystarv langs heile den totalt 102 937 km langstrakte kystlinja i Noreg. Denne arven har gjennom generasjonar vorte utvikla i dei regionale og lokale samfunna langs kysten. Sjølv omgrepet kystarv kan slik forståast å omfatte heile kysten, men den kan ha regionale og lokale ulikeheiter.

Mykje av rikdomen i Noreg er knyta til kystlinja; petroleumsnæringa, fiskenæring og oppdrettsnæring. Velferdsstaten Noreg er bygd på ressursar frå havet. I den forstand kan kystarven difor forståast som ei økonomisk kjelde. På ei anna side kan kystarv verte knyt til det tradisjonelle. Kunnskap, identitet og tradisjonar har oppstått og vorte vidareført i

samfunna langs kysten. Dette kan og knytast til omgrepet «arv», og tanken om at noko går i arv når eigenskapar transporterast frå ein generasjon til ein annan.

Menneskje som har vore busett langs kysten, har hatt dei same moglegheitene og utfordringane knytt til den. Havet er det som langs kysten alltid har vore konstant. I den forstand vil kystarv som omgrep omfatte alle stader langs kystlinja i Norge. Likevel kan det oppstå lokale ulikeheiter i samfunna som har oppstått langs kysten. Den norske kysten er langstrakt, open, unik og ulik. Den består av fjordar, øyer, vikar, og fjell, og den karakteristiske skjergarden. Kysten har altså forskjellig karakter etter kva slags geologiske historie landskapet har. Der landskapskarakteren er ulik, kan òg ulik kunnskap, tradisjonar og næringsutvikling ha oppstått. Sjølv om den geografiske plasseringa til samfunna har vore langs kysten, kan det demografiske lokalsamfunnet ha utvikla seg annleis basert på den lokale landskapskarakteren, og dei fordelane og utfordringane det har medgitt. Slik sett vil landskap, slik det er forstått i den europeiske landskapskonvensjonen, inkludere både natur og menneskeleg verke.

Lokalt forankra kystarv

Omgrepet kystarv vert i dag forstått gjennom kategoriane; naturbeitemark, kystlynghei og verna sjøfuglområder. Dei blei framsynt på bakgrunn av verdiskapingsprogrammet som skulle fremje naturverdiar, og er difor knytt til landskap i sin heilheit. Ved å identifisere kystarv vil ein kunne skape ei breiare forståing av kva den inneberer. Ei slik identifisering kan leggje til grunn for vidare arbeid med kystarv som eit aktivt omgrep. Brei verdiskaping bør forankrast i lokale føresetnader, og det er difor viktig å identifisere kystarven slik den vert oppfatta lokalt.

Informantane forklarar kystarven på ulike måtar, nyttar ulike ord, og trekkjer fram ulike dømer. Samstundes ligg det ei felles forståing av kystarven, og det er nokre tema som går igjen. Vidare følgjer ei oppsummering av dei kystarv slik den er forstått i Solund:

- Sjølvbergingskultur
- Fiskarbonden
- Sterke kystkvinner
- Kjennskap til havet
- Tradisjonelle kystnæringar
- Tradisjonar, historier, humor, ritual, språk
- Overleving
- Byggmiljø (naust, sjøbuer og grindebygg)
- Kystlandskap (kystlyngehei)

Kystarven i Solund vert forklart gjennom ein sjølvbergingskultur. Det var liv eller død, og eit forsøk på å overleve innimellom. Sjølvbergingskulturen kjem fram gjennom fleire dømer. Hans trekkjer fram nausta i Solund som eit døme. Dei som ikkje hadde råd til nye materialar, tok det «dei hadde for handa». Sjølvbergingskulturen kjem materielt til syne gjennom nausta. I dag finn ein fleire slike naust i kommunen, men mange av dei heldast ikkje i hevd.

Fiskarbonden er ikkje ein person. Dei er to; ein fiskar og ein bonde. Menna reiste på havet, og stod for kapitalen. Kvinnene var bønder, og hadde ansvar for det daglege. Fiskarbonden kan vidare verte knytt til dei sterke kystkvinnene. Kvinnene langs kysten stod for det daglege. Dei var bønder, husmødrer, pleia born og eldre, dei måtte sanke mat, dei vaska klede og dei hadde ansvar for at familien skulle kome seg gjennom dagane. Kystkvinnene var sterke på fleire måtar. Gunn forklarar at denne kulturen for å organisering framleis heng igjen i samfunnet blant kvinnene. Trude trekkjer fram at det er framleis er mange sterke kvinner i kommunen.

Fleire av informantane påpeiker viktigheita av å ikkje romantisere kystarven. Det var eit slit dagens samfunn ikkje kan forstå. Det er

samstundes ein eigenverdi knytt til kystarven, og slik den forståast. Lokalsamfunnet berer preg av dei verdiar, tradisjonar, kunnskap og næringar som tradisjonelt vart nytta. Kystarven kan vere eit symbol for den overlevingskulturen som ein gonga var, der differansen mellom liv og død var lita. Då var ein fiskarbønder, fordi det var slik ein kunne overleve. Då vart kvinnene pådrivarar for å halde liv i heimen, fordi dei ikkje hadde noko anna val. Samstundes er ikkje dette ein arv som i praksis kan nyttiggjere seg i dagens samfunn, anna enn å skape forståing av fortidas slit. Og det kan formidlast og skape grunnlag for identitet, og sosial verdiskaping. Det er gjennom historier denne delen av kystarven kan verte vidareført. Det er på den andre sida kunnskapen knytt til overlevinga, som i praksis kan vidareførast. I det ligg ei vidareføring av byggeteknikk, kjennskap til korleis havet oppfører seg, sauedrift og lyngsviing, språk, å lære å kjøre båt og å fiske. Det er den immaterielle kunnskapen som kan vidareføre verdiar i den materielle kunnskapen, men det avhenger av at den vert vidareført gjennom formidling.

Kystarven kan forståast som eit mål i seg sjølv eller som verkemiddel for andre formål. Ein kan dele kystarven i Solund i to delar. Ein har først og fremst den materielle delen. Denne er kystarven er ei kjelde til opplevingar, natur- eller kulturbaserte. Desse materielle ressursane er i denne oppgåva forsøkt identifisert i landskapsressursanalysen, og der Solund sin landskapskarakter og kulturelle referansar vert synleggjort.

Den andre delen av kystarven omfattar den immaterielle kunnskapen, identiteten, tilhøregheita og stoltheita knytt til kystarv. Denne delen er altså knytt til menneskjers kjensler og tilhøregheit til Solund som stad. Denne materielle delen kan ikkje måldest direkte i økonomisk forstand, men er likevel eit viktig verkemiddel eller instrument for næringsutvikling, stadutviklingsprosessar og økonomisk vekst. Solund som stad og kommune bør utvikle produkt med utgangspunkt i dei ressursane som skil seg ut frå andre stader, og som er unikt i

Solund. (Slik vil Solund også hevde seg i konkurransen med andre kommunar.) Formålet bør vere å identifisere, markere og utvikle Solund sitt særpreg og lokale identitet, og nettopp i denne identifiseringsprosessen er den immaterielle kystarven viktig.

Naturverdiar + kulturverdiar = kystarven

Det er på sin plass å presisere at oppgåvas formål ikkje er å utsetje dei føreliggande kategoriar av omgrepet kystarv slik den vart framstilt i verdiskapingsprogrammet *naturarven som verdiskaper*. Formålet med oppgåva er på si side å vidareføre omgrepet, med ei lokal forankring, slik at det skapast ei medvit for stadeigen identitet og verdiar. Den kan vidare innførast i planar for framtidig strategisk arbeid for verdiskaping. Dette inkluderer kultur- og naturverdiar som ein felles ressurs.

For er kystarven ein symbiose av både natur- og kulturmiljø? Er kultur avhengig av naturen, og omvendt? Innleiingsvis fremjast tanken for kvifor natur- og kulturarv bør sjåast under eitt. Det er ulike interesser knytt til naturmiljøet og kulturmiljøet som to separate miljø, og Haukeland & Brandtzæg (2009) diskuterer i den samanheng kvifor natur- og kulturarven bør sjåast under eitt. Dei trekkjer fram at den ulike forståinga av miljøa gjenspeglast i forskjellige vurderingar av natur- og kulturarv som verdiskapingsressurs. Dei skriv at det synast, både lokalt og regionalt, å vere eit større verdiskapingspotensiale i samspelet mellom natur og kultur. Sidan kystarven skal vere eit verkemiddel for verdiskaping, kan det altså skape større verdiar ved å sjå dei i eit samspel. Samstundes er store delar av landskapet i Solund prega av kulturelle driftsstrukturar. Kystlyngen er eit resultat av menneskeleg verke. Haukeland & Brandtzæg (2009) skriv at «*mykje av naturen vi søkjer å hegne om, er rørt av menneskjer, både på ein berekraftig og uberekraftig måte, og filtrert gjennom kultur.*». Store delar av landskapet i Solund er altså kulturlandskap, og kan verte forstått gjennom eit kulturøkologisk perspektiv.

Slik sett kan kystarven omfatte både natur- og kulturmiljø, ei oppfatning som informantane ser ut til å delvis vere einig i. Det vert i stor grad trekt fram kulturelle aspekt av kystkulturen, og i mindre grad vert det lagt vekt på landskap og naturmiljø. Nokre av informantane trekkjer likevel fram kulturlandskapet, med tilhøyrande kystlyng og drifta som skapte den, som viktige delar av kystarven.

Kystarven som omgrep

Det finst inga klar definisjon for kva kystarv er. Omgrepet kystarv består av orda kyst og arv, og i biologiteori forklarast arv som eigenskapar som transporterast får ein generasjon til ein annan. Med grunnlag i den innhenta informasjonen er det forsøkt å definere ein definisjon for omgrepet kystsarv.

«Kystarv omfattar dei stadeigne natur- og kultur kvalitetane tilhøyrande eit område som ligg ved kysten, og som har forma lokalsamfunn og næringsliv på bakgrunn av sjølvberging og kjennskap til havet».

Stadidentitet og kystarv

Dei utvalde nøkkelinformantane forklarar på ulike korleis dei oppfattar staden sin, aktivitetar dei knyt til den og verdien av relasjonar som oppstår. Poenget har vore å synleggjere kystarven sin eigenverdi, og kva relasjonar informantane har til kystarv slik dei oppfattar den. Forteljingar, historier og minner som vert fremja, kan fortelje noko om kva slags relasjon dei har til staden sin. Ved å få fram essensen av stadtilknytning, vil ein òg kunne trekkje ut særigne kvalitetar ved Solund; både dei som er knyt til naturen, til kulturen, og til Solund som stad. Dei som er forvaltar- og formidlarar i samfunnet, vil ha ei anna viktig rolle. Dei fyller rollene som kan aktivere dei immaterielle ressursane.

Ein kan forstå ein stad som eit relasjonelt omgrep (Berg & Dale. 2015). Stader kan vere opne, det vil sei i stadig endring på grunn av nye relasjonar som strekker seg utover det lokale. Fleire av informantane skildrar eit mangfaldig samfunn,

med ulike etnisitetar. Dette skapar eit rikt samfunn.

Informantane pratar om sin stadtilknytning gjennom historier, erfaringar og hendingar. Dette kan verte sett i samheng med persondimensjonen i den tredelte stadtilknytingsmodellen. Det er tydeleg at identitet byggjast på handlingar og erfaringar. Fleire av informantane snakkar om den handlingsbårne kunnskapen, og at den er viktig for å forstå kystarven. Den beste måten å forstå kystarven på, er altså gjennom handling. Psykologiske prosesser er der kjensler, stoltheit og glede står sentralt, kan koplast til nokon av informantane. Fleire verkar stolte av det dei driv med. Nils & Pascale er skildrar eit nært forhold til dyra sine. Dei samarbeider godt med dyra, og forklarar at det er givande.

Solund kommune i eit stadperspektiv

Relph (1976) forklarar nokre stader som «kvar-som-helst-stader» med omgrepet «placelessness». Det er altså snakk om stader som endrar seg når nye sosiale strukturar vert tilført. Ein kan stille seg kritisk til denne framstillinga av ein stad. Alle menneskjer har ein relasjon til ein stad, og stader vert til som følgje av relasjonar. Difor kan ikkje ein stad vere «ingen-som-helst-stad». Staden kan der i mot endre seg, som følgje av endra menneskelege relasjonar. Feire av informantane trekkjer fram at samfunnet i Solund har blitt meir mangfaldig, og at globalisering kan vere ein årsak til at aktivitetar som før var kvardagslege og allmenne, ikkje er det same i dag. Nesten alle informantane har ei oppfatning av at færre born køyrer båt i dag, enn det dei gjorde før. Dette fører igjen til ei mindre kjennskapen til havet, noko som før var heilt nødvendig. Skogheim & Vestby (2010) forklarar at stader kan endre seg når nye sosiale relasjonar vert tilført, og samhandlingsmønstrar oppstår og forsvinn kontinuerleg.

Auka mobilitet og globalisering, kan påverke grenser for identitet. Globalisering kan viske dei ut, og i verste fall kan ein i framtida sitje igjen med ein mangel på lokal tilhøyring og lite

tydelege identitetstrekk. Likevel er det viktig å påpeike at lokal identitet er noko som er forankra i stadeigen historie. Det er noko som høyrer fortida til, og fortida kan ein ikkje endre på. Difor bør fokuset vere retta mot å ta vare på, og kunnskapsbasert formidling. Det handlar om å vere open for mangfald, men framleis halde på den grunnleggande historia.

Sjølv om stadidentitet vert anset å vere noko som er ganske bestandig over tid, så kan den i ulik grad verte påverka av endra samfunnsstrukturar. Globalisering kan tilføre eit rikare mangfald, og nye kvalitetar kan trekkjast inn i eit område. Det hindrar ikkje at ein samstundes kan ivareta og skape plattformar som formidlar dei stadeigne kvalitetane som byggjer på den kollektive identitet. Solund som kommune vert skildra som eit inkluderande samfunn, men eit rikt kulturliv.

Identitet

Omgjevnadane våre er prega av steder, og ein beveger seg frå stad til stad. Ein bruker stadane som referansar når ein orienterer seg i omverden, og slik dannar stadene våre orienteringsrom. I daglegtalet er omgrepet «stad» upresis. Den fungerer, og ein kan kommunisere på ein forståeleg måte. Men i daglegtalet vert stad brukt som ein omgrep på byer, delar av byer, til grender og enkelthus. Det som er felles med desse stadtypane, er at dei er forståelege einheter som avgrensas frå noko anna. I stadutvikling er det viktig å ikkje berre sjå bakover, men tenke korleis identitet kan underbyggjast og ikkje minst vidareutviklast.

Roar forklarar at han på mange måtar føler at han er blitt identiteten til Litle Færøy. Denne tanken er interessant. Aure (2015. s. 21) seier at stader kan vere sosialt og kulturelt posisjonert i forhold til ein identitetsmessig «habitus», og at ein slik kan identifisere seg med staden sin identitet. I denne samanhengen er det menneskje, eit individ, som gjer staden identitet. Kva hadde vel Litle Færøy vore utan Roar? Det er grunn til å tru at utan Roar, hadde plassen mista noko viktig. Litle Færøy vert knyt til kystkultur – ein identitet som er kome som følgje av måten Roar driv

staden. Det er dei immaterielle ressursane, den eigenverdien Roar har hatt ved å formilde kystarv, som har gjort staden til det den er. Samtidig har Roar forankra mange tradisjonar og raffinert staden. Dei materielle ressursane vil stå igjen som eit skall, mens den indre immaterielle ressursen, som fyller skallet må oppretthaldast. Dette synleggjer i sin heilskap viktigheita av immaterielle ressursar – dei som kan fortelje historiar, og vidareføre handlingsbåren kunnskap, utan å romantisere det.

Kva rolle spelar lokalsamfunnet for å bevare og vidareutvikle verdiar i kystarven?

Ein har tidlegare sett på dei ulike rollene som trengs i eit samfunn for å stimulere til brei verdiskaping. Ein treng forvaltar, formidlarar og fordelarar. Ein treng dei som sit med den immaterielle kunnskapen, for då har formidlarane noko å vidareformidle, og forvaltarane veit kva som må verte forvalta. Vi har i stadkjensledelen vorte kjende med nokre nøkkelprofilar i kommunen. Disse har på kvar sine måtar ein relasjon til kystarv-omgrepet.

Det er nødvendig å presisere kva som er meint med lokalsamfunn. Eit lokalsamfunn kan betyr mykje, og det er med medvit unngått å gå djupare inn på det som tema. I denne oppgåva vert lokalsamfunnet presentert gjennom ulike roller som på ulike måtar påverkar eller kan påverke ressursar i kystarven. Dei vert presentert som er forvaltarar, formidlarar og foredlarar. Denne kategoriseringa er føretatt for å kunne presisere oppgåva mot brei verdiskaping. Dersom eit samfunn skal skape verdiar av ressursar, må det vere nokre som forvaltar, nokre som formidlar og nokre som foredlar disse verdiane. Foredlarane er direkte knytt til kystarven, og vert difor trekt fram som nøkkelinformantar. Allereie i denne inndelinga gjer eg det klart at foredlaren er viktig i eit samfunn. Men foredlaren er avhengig av både forvaltaren og formidlararen for at dei verdiane han fordeler skal kunne bevarast og vidareutviklast. Rollene er gjensidige avhengige og viktige for å skape verdiar. Foredlaren er kystarven,

forvaltaren *gjer* kystarven, og formidlararen *spreier* kystarven.

Det som vidare er viktig er korleis rollene vert utfylt. I denne oppgåva byggjer ein forvaltarrolla rund Solund kommune. Kommunen har ansvar for all forvaltning av landskap, der all planlegging skal vere forankra i lovverk. Solund barnehage og Solund barne- og ungdomsskule vert fremja som viktige formidlarar. Ved å formidle kystarv til born i tidleg alder, vil det i større grad påverke barnet sin relasjon til det som vert formidla. I dagens moderne samfunn er det ikkje nok å fortelje eit born korleis det ein gong var. Nokre av informantane påpeiker at «det er heilt andre ting som interesserer ungdommen i dag». Dersom kunnskap knytt til kystkulturen skal formidlast gjennom ein metode som vil interessere borna, så må det fange merksemd og det må føre til ei aktivisering. Roar formidlar den handlingsbårne kunnskapen på Litle Færøy. Dette er den mest genuine og form for formidling av eit tema som har eit ganske alvorleg fundament.

Landskap vert i følge den europeiske landskapskonvensjonen definert som «*eit område, slik folk oppfatter det, hvis særpreg er et resultat av påvirkning fra og samspill mellom naturlege og/eller menneskelige faktorer*» (Europarådet. 2000). I denne framstillinga inkluderer landskap meir enn fysiske omgjevnader, og vert sett i samheng med menneskelege faktorar. Eit landskap som er til på bakgrunn av menneskelege påverknader, og er eit like fullverdig landskap som eit utan menneskelege påverknadar. Faktisk, så framstår det mest verdifulle landskapet i Solund, som det som er påverka av menneskjer. Fleire informantar påpeiker at gjengring utfordrar landskapet. Kystlynghei og naturbeitemark er verdifulle og truga landskapstypar. Her har dei kulturøkologiske prosessane utvikla ein natur som framstår særleg verdifull. Dei siste tiåra har fleire lokale innsett verdien av å skjømte kulturlandskapet ved like.

Samarbeid

Det er viktig å involvere lokalsamfunnet i prosessar som skal stimulere til brei verdiskaping. Det inkluderer ei brei involvering av ulike sektorar, frå frivillige lag til kommunal forvaltning. I praksis vil det vere nødvendig med samarbeidsplattformer, som møteplass og som grunnlag for samhandling. Ei slik involvering vil samstundes kunne bidra til trivsel, og på sikt skape sosiale verdier i eit samfunn. Gunn meiner at det er gode dialogar mellom kommunen og næringslivet i Solund, men at det kunne ha vore betre kommunikasjon ut til innbyggjarar. I ein kommune der «alle kjenner alle», er det naturleg at dei same menneska gjerne har fleire roller. Difor kan det vere ein utfordring å definere nokre tydelege roller. Det kan òg oppstå uformelle dialogar og samhandling internt i kommunen, utan at dette skjer på ein spesiell plattform. Nøkkelinformantane har ingenting å utsetje på samarbeid mellom kommune og andre aktørar. Samstundes er det ei oppfatning at dette er fordi det ikkje finst ein tydeleg plattform, og at ein ikkje er heilt klar over kva det vil seie.

Den mest tydelege plattformen for samarbeid i kommunen, er Sognefjorden kystpark. Trude fortel at formålet med parken legg opp til dynamiske prosessar knytt til bevaring av verdifulle natur- og kulturkvalitetar. Det skal vere ein plattform der næringsliv og private aktørar kan møtast, inngå samarbeid og lage partnerskapsavtalar». Parken bør i større grad verte fremja for nettopp det den er, slik at aktørar frå alle sektorar oppdagar verdien av å vere del av parken. Det set likevel krav til gode plattformer som legg til rette for nettverksbygging mellom bedrifter lokalt og i regionen.

Kommunen bevisst i si rolle som forvaltar

Eg oppfatning at kommunen synst det er viktig å bevare dei særsegne kultur- og naturelementa i kommunen. Det er mange engasjerte sjeler i kommunen, og det er ei skaparlyst som vert nytta på mange områder. Kommunen viser engasjement til verdier knytt til landskap og havet gjennom den strategiske handlingsplanen for 2019.

Kommunen er klar på at dei har ei tydeleg «tilretteleggerrolle» for kystarven. Då er det i hovudsak snakk om tiltak, som bevaring av hamneområder. Samstundes kan kommunen i større grad ta på seg ei rolle som forvaltar av kystarven. I den samanheng kan det vere nyttig med strategisk arbeid knytt til kystarven. For å bevare kystarven, må ein ta vare på dei stadane områda der tida har stått litt meir stille enn andre stader. Slike kulturmiljø er viktige å bevare. Gåsvær, Utvær og Litle Færøy er stader som allereie haldast godt i hevd. Dette vedlikehaldet må oppretthaldast i framtida. Ei utfordring som vert trekt fram, er at øyene snart kan verte fråflytta. Det kan føre til at kulturmiljøet forfell. Dersom privatpersonar ikkje klarar å halde slike stader i hevd, kan det vere ei rolle for kommunen.

Roar og Litle Færøy vert i mange samanhengar trekt fram som ein markør for identitet og for den gamle kystkulturen. Litle Færøy ein både ein immateriell og materiell formidlingsarena. Ein lærar ved å sjølv ta del i eit arbeid, å få fortalt historier og gjennom å føle på kroppen korleis det er å leve utan dei «daglege» hedonistiske forholda. Roar forklarar at det verste som kan skje, er at staden vert privat. Det er viktig å halde på slike kulturmiljø, som formidlar kystarven utan å glorifisere den. Roar har sjølv forklarar at han opplever at kommunen profilerer seg gjennom han og Litle Færøy.

«Det eg opplever meir og meir er at når kommunen skal profilere seg utad, så er det i hovudsak gjennom landskapet, også er det meg.» (Roar).

«Vist eg skal trekkje fram eit område som er viktig for kulturen i Solund, så kan eg vel trekke fram Litle Færøy som ein markør for identitet, og for den gamle kystkulturen» (Trude).

«Med kystarv, då tenkjer eg på alt det Roar formildar» (Nils).

«Fiskarbonden er viktig, og det som Roar held på med er ein utruleg viktig formidling av kystarv og korleis det var i nyare tid.» (Tor Arne)

Roar har skapt ein solid identitet på Litle Færøy. For mange er han og øya sjølve fundamentet til den nye kystarven. Spørsmålet er: kva skjer med Litle Færøy når Roar ikkje lengre bur der? Slike kulturmiljø er viktige for kommunen. Vist ikkje kommunen tar ei aktiv rolle, og ingen andre bryr seg, så kan identiteten på Litle Færøy forsvinne.

Kystarven som verkemiddel for brei verdiskaping

Brei verdiskaping handlar om eit godt samspel mellom miljømessige, sosiale, kulturelle og økonomiske verdiar. Kystarven bidrar direkte til kulturell verdiskaping, rett og slett ved å berre «eksistere». Kystarven er ein eigenverdi, altså ein ibuande verdi som er det berre på grunn av kva den er. Det må likevel iversettast målretta strategiar og tiltak for at kystarven skal kunne stimulere til verdiskaping. Viktige grunnar for å arbeide med bevaring av kulturarven omfattar at den gjer grunnlag for identitet og rotfeste. Den skapar ei forståing av eigne tradisjonar, og representerer noko verdifullt. Samstundes kan det brukast som eit verkemiddel for å ivareta stadeigen identitet, og forhindre at ein stad får same visuelle preg som andre stader.

Eit fokus på bevaring av kulturarv legg nokre premisser for korleis samfunnet skal utvikle seg vidare. Kulturarven kan skape trivsel hos den enkelte, og skape berekraftige samfunnskår. Likevel er det viktig å ikkje «stå fast» i fortida, men sjå kulturarv som ein ressurs for framtida. For å aktivere framtidsretta ressursar, som òg er fundamentalt berekraftige, kan prinsippet om brei verdiskaping nyttast.

Brei verdiskaping er eit verktøy for å skape samspel og større lokal meirverdi. Det handlar om å sjå samanhengar mellom økonomiske, miljømessige, kulturelle og sosiale verdiar. Eit viktig premiss for den breie verdiskapinga er at ei form for verdiskaping ikkje skal øydeleggje for ei anna, eller bidra til å svekke den totale verdiskaping. Likevel kan dei tre dimensjonane verte forstått som til dels uavhengige av kvarandre, men for å skape verdiar på tvers av dimensjonane må kvar enkelt verte aktivert. Til

dømes vil ikkje pengar reparere eit tapt kulturminne. Eit tapt kulturminne kan ha ein eigenverdi, men ikkje dersom det er øydelagt. Samstundes er eit samfunn avhengig av den økonomiske verdiskaping, som kan skape langsiktig balanse mellom inntekter og utgifter.

Selberg (2007) skriv at stader i dagens samfunn vert førestilt som meir avhengig av kvarandre. Dette er ein ringverknad som kjem av auka globalisering, og at fleire stader får det same visuelle preget. I Solund kommune er ikkje denne verknaden visuelt kome til syne. Den materielle kystarven kjem visuelt til syne i Solund gjennom dei mange nausta og sjøbuene, men òg gjennom kulturlandskapet. Ein er ikkje i ferd med å miste disse kvalitetane som følge av nye visuelle uttrykk, men fordi driftsstruktur har endra seg. Dette er ei tydeleg utfordring knyt til den materielle arven. Samstundes er det fleire engasjerte menneskjer i kommunen, som brenn for kystkulturen, og som ønskjer å halde kulturmiljø i hevd. Norsk kystkulturakademi (NKKKA) kan særleg trekkjast fram ei viktig brikke i denne prosessen, og som i større grad bør fremjast i samfunnet. Dei driv ei målretta forvaltning og utarbeider modeller av kulturlandskapet, som genererer ei miljømessig verdiskaping. Dei tek vare på eldre driftsstrukturar eller byggjer nye i tradisjonell stil, som genererer kulturell verdiskaping. Dei har utvikla kajaksatsinga i Solund, og som følge av dette kan gje økonomiske effektar. Trude seier sjølv at det er grunn til å tru at dette vil verte den tydelege økonomiske inntekta i framtida.

Effekten vil til dømes starte ved den kulturmessige verdiskapinga, vidare til den miljømessige verdiskapinga, til den sosiale verdiskapinga og til slutt den økonomiske, og tilbake til den kulturmessige. Haukeland & Brandtzæg (2014) påpeiker at ein bør vere klar over at det kan ta lengre tid før ein får effektar frå å generere økonomisk verdiskaping, enn at det synar effektar generert av sosial-, miljømessig-, og kulturell verdiskaping. Det er grunn til å tru at dette vil vere tilfellet i Solund. «Ein må så før ein kan gro»-tanken er nødvendig. Samstundes er

det viktig å stadfeste kva verdjar ein har knyt til kystarv, som eit fundament for vidare planlegging, og for å stadfeste korleis den skal nyttast. Dersom målet med reiselivsutvikling aleine er å generere økonomisk verdiskaping, vil ein ikkje ha eit stabilt fundament dersom ikkje kulturverdjar inkluderast. Ein kan vise til Innovasjon Noreg sine nøkkeltal for turisme (2016), som syner at kulturturisme i framtida vil generere meir pengar. Å inkludere kulturverdjar som del av kystarven i ei vidare reiselivssatsing i Solund, kan føre til hurtigare økonomiske verdiskapingseffektar. Det er i den samanheng nødvendig å finne eit fungerande punkt mellom bruk og utvikling, og bevaring av vern. I dette ligg tanken om bevaring gjennom bruk. På same måte kan ein sei at ein aktiverer nokre verdjar når kulturkvalitetane vert nytta. Dersom naust og sjøbuer vert nytta, til dømes som overnattingsstad for kajakkpadlarar, kan dei større grad bevarast gjennom bruk. Riktige prioriteringar og strategisk planlegging er viktige punkt som kan fremje verdiskaping i kommune. Dersom forvaltarar av kystarven klarar å leggje til rette for at produksjonen av private godar og fellesgodar forsterkar kvarandre, kan det nyttast verdiskapande for samfunnet i sin heilskap. Utfordringa er å få til eit godt samspel mellom ulike aktørar, og ulike formar for verdiskaping.

Det kan vere utfordrande å prioritere urørt natur eller beiteland framføre lovnadar om gode inntekter og nye arbeidsplassar til kommunen. Gunn forklarar at kommunen må ta nokre verdival. Det er ulike interesser for kva som er verdifullt i naturen. For nokre vil den urørte, grå konglomeratet i Solund ha lite verdi, fordi den ikkje kan generere direkte økonomisk profitt. For andre vil den ha verdi i form av oppleving, kunnskapsbygging og rekreasjon. Samstundes er ikkje dette ein type verdi som kan fastsetjast i kroner og ører. Det er ein «eigenverdi».

Spørsmålet er då, korleis kan ein integrere dei forståtte kulturverdiane som ein del av reiselivssatsinga? Tidlegare erfaringar frå brei verdiskaping kan verte illustrert med den breie verdiskapingsspiralen (jf. figur 1), som vert

forklart i kapittel 3. Figuren inkluderer dei fire verdiskapingsmåla, og syner korleis verdiskapinga kan «balle på seg» etter kvar runde. I Solund vil denne effekten starte ved å identifisere kystarven. Ein slik prosess synleggjer nokre verdjar, og gjer grunnlag for identitet og roffeste. Ein kan difor påstå at denne masteroppgåva stimulerer til kulturell verdiskaping ved å synleggjere og identifisere kystarven i Solund. Effekten allereie er starta, men det er nødvendig å utvikle denne prosessen.

Haukeland & Brandtzæg (2014) skriv i sitt arbeid at det er viktig å ha strategiar, mål og tiltak knytt til dei ulike verdiskapingsformane. Det inneberer at strategiane skal fremje verdjar, og som i tillegg har eit samspel. Vidare presenterast strategiar som kan aktivere verdjar i kystarven.

Strategiar og tiltak

Det er viktig å skape entusiasme og drivkrefter for verdiskaping i eit samfunn, og strategiane må vere konkrete nok til at aktørane kan bidra til ei realisering. Det er difor hensiktsmessig å konkretisere strategiane mot kysten sine utfordringar og moglegheiter. Dei føreliggande strategiane er utvikla med utgangpunkt i informasjonen som er kome fram i intervjuprosessen, men vert ytterlegare grunngeve gjennom teoretiske standpunkt i diskusjonen. I tilknytning til strategiane vil det framkomme nokre forslag til tiltak. Desse kan på ulike måtar synleggjere, aktivere, fremje og vidareutvikle verdjar i kystarven i Solund kommune. På bakgrunn av dei føreliggande opplysningar, er det utarbeida to strategiar som vidare vil verte presentert.. Strategiane er knyt til oppgåvas hovudproblemstilling. Dei skal difor fungere som verkemiddel for å aktivere verdiane som er identifisert gjennom *kystarven*, og vidare stimulere til brei verdiskaping i Solund kommune.

Strategi 1: Læring gjennom formidling til besøkande og lokale

- Tiltak: Pedagogisk formidling
- Det viktigaste er formidling av kultur og levestett langs kysten, samspelet mellom menneskjer og natur, tilpassing og utnytting av den handlingbårene kunnskapen. Å integrere kystarv i formidling av lokal kunnskap til born og ungdom skapar identitet og relasjonar. Dette er den framtidige generasjonen, som ein gong skal ta vare på dei same natur- og kulturverdiane og ressursane. Stader som Litle Færøy, som er ein arena for formidling av den handlingbårne kunnskap, bør verte nytta i større grad-
- Ein ser at det er fleire samarbeid mellom lokale aktørar og barnehage, barne- og ungdomsskule, og andre universitet. Slike samarbeid er viktige for å vidareformilde denne teknikken, også regionalt.
- Gunnlaug forklarar at det handlar om å utnytte «hola» i læringsplanen, og det er der moglegheitene ligg. Det som er utfordringa knyt til formidling av kystkultur, er at born og ungdom i dagens samfunn interesserer seg ikkje for slik i dagens samfunn. Samstundes kjem det fram at skuleevar likar opplevinga på Litle Færøy svært godt. Kanskje ein må tenke nytt, og ta fortida med inn i framtida. Ein kan brukte moderne formidling metodar.
- Det kan utviklast undervisningsverktøy som kan formidle kystarven, eller kan etablerast eit dokumentasjonssenter. For at til born skal kunne ha interesse for temaet, bør dei få eit slags eigarskap til den. Kunnskapen kan formidlast gjennom internettportalar. Der borna sjølv aktivt kan formidle sine erfaringar om læring, forskning og oppleving knytt til det dei har vore med på. Ein slik formidling kan styre læringsprosessen, identifikasjon og eigarskap til verdiane.
- Kunnskapssenter på Litle Færøy, der elevar kan skape eit lærings og kunnskapssenter der unge får utvikle dei kreative evnene sine gjennom opplevingar og aktiv deltaking.
- Tiltak: Kultur- og naturbasert reiseliv
Reiseliv utgjer den økonomiske verdiskapinga med grunnlag i kystarven. NKKA, Nils og nokre andre mindre aktørar, har allereie byrja å satse på kajakk. Øyhoppinga er eit direkte produkt kulturarven, og er forankra i lokale verdiar. Solund har store føresetnader innan reiseliv, både naturbaser og kulturbasert.
- Tiltak: Digital formidling, digitalt planarkiv
 - Digitalt planarkiv: Ein må gjere kunnskap, historier tilgjengeleg for alle. Det inneberer ei formidling som er enkel å finne, og som er tilgjengeleg for alle. Det inneberer å samle dei kulturelle ressursane i eit digitalt arkiv som er tilgjengeleg for alle.
 - Formidling gjennom digitale plattformar er eit viktig verkemiddel i ein slik prosess. Dette inneberer aktive plattformar på til dømes sosiale mediar, men det kan og omfatte eit digitalt planarkiv. I eit digitalt planarkiv vil lokalhistorie gjerast tilgjengeleg for alle.
 - Samarbeid med aktive formidlar: Bruk av aktive nettside og menneskjer som marknadsfører Solund gjennom frivillige digitale plattformar. OpplevSolund.no er ei slik nettside.
- Tiltak: Formidling gjennom kunst, festivalar og kreativt gjenbruk.
 - Kunst og kultur kan skape refleksjon og innsikt i verdiar, samfunn og kva det vil seie å vere eit individ i eit samfunn. Kunst som gjenspeigler ei kulturell historie. Slik kunst kan integrerast i dei områda som allereie er kulturelle referansar i kommunen. Utvær, Gåsvær eller Litle Færøy, som allereie haldast i hevd på ein tradisjonell måte, og som har eit tradisjonelt kulturmiljø, treng nødvendigvis ikkje slik kunst. Kreative prosjekt kan skape nytt liv til falleferdige

bygg, men likevel bevare noko av det tradisjonelle ved dei.

verdifulle. Det kan forsøkast å få til fleire slike avtalar.

Strategi 2: Samarbeid og samhandling

- Tiltak: Regionalt samarbeid.
Kystarven strekker seg over kommunegrensene, og difor er det også viktig at HAFS-kommunane har felles mål og strategiar for å bevare arven. Rammar for strategisk og praktisk samhandling mellom ulike aktørar er viktig, og verkemidla for å nå måla sine. Regionalparkane er slikt sett viktige verkemidlar. Der landskap, kultur, tradisjonar, historie og særpreg dannar grunnleggande og viktige ressursar for verdiskaping, kan regionalparkar vere viktige ressursar for å handtere felles utvikling og bevaring. Sognefjorden kystpark sentral aktør for bevaring av kystarven. Vidareutvikle kystparken eller UNESCO global geopark til ein tydeleg samarbeidsplattform, der kystarv tydeleg er integrert som eit bevaring- og utviklingsmoment.
- Tiltak: Lokalt samarbeid.
Samhandling mellom lokale aktørar tilhøyrande ulike sektorar. Frå frivillig sektor, til offentleg og privat. I det inneberer det ein tydeleg plattform for kommunikasjon, der det er gjensidig tillitsfulle nettverk. Det er ulike interesser i kommunen, særleg i bruk-og-vern debatten. Det er fleire tema som kan verte betente. Opne og tillitsfulle plattformer for nettverk kan vere nødvendig.
- Tiltak: Interne og eksterne nettverk og relasjonar
Kystarv er historier, og historier skapar relasjonar, og gjennom relasjonar skapast nettverk. Samarbeid med utdanningsinstitusjonar har vist seg å vere nyttig for å formidle kystarven til studentar. Bergen arkitektøgskule er i Solund ein heil månad i året. Dei lærar til dømes å setje opp grundebygg. Slike samarbeid oppstår gjerne internt, men er

Kommunal forankring av strategiar

For at desse strategiane skal fungere i praksis, er det viktig at dei ulike rollene i samfunnet er bevisst på sine roller som verdiskapar. Kommunen kan vere ein avgjerande rolle for å ta vare på natur- og kulturgrunnlaget i kommunen, og er derunder den viktigaste samfunnsaktøren. Ansvaret for forvaltning av landskapet ligg til kommunane som lokal myndigheit for arealforvaltning. Den offentlege kommunen er dei som har makt og myndigheit til å utføre endringar. Kommunen kan aktivt ta på seg ei forvaltarrolle ved å sikre verdifulle kulturmiljø i framtida. Det at det framleis bur menneske på øyene i Solund, vert trekt fram som noko unikt. Det er likevel ikkje så mange igjen av dei, og dette er ein av dei store utfordringane. Den dagen det ikkje bur menneskjer på øyene i Solund, då har Solund mista noko. Samstundes er det vanskeleg å få folk til å bu der. Det er utfordringar med rutetilbod, ein vil vere i eit fellesskap, og det er tungvindt – dette er nokre av dei elementa som kom fram i stadkjensleanalysen. Det er fleire tiltak ein kan gjere for å gjere det enklare får øyburar. Betra rutetilbod kan gjere livet meir fleksibelt. Samstundes ser ein at utviklinga berre går ein veg. Det som er viktig er å ta ansvar for at øyene framleis vert nytta, og at det er aktivitet på øyene sjølv når det ikkje bur menneskjer det lengre.

Gjennom intervju kjem det fram at kommunen oppfattar seg sjølv ein viktig del av tilretteleggingsprosessen for verdiskaping. Dette er det kommunen i praksis trur dei kan gjennomføre i dag. Det er ei viktig rolle. Samtidig er det viktig at kommunen tek på seg ei strategisk rolle, som forvaltar av kystarven. Det må i samband med det gjennomførast nokre politiske verdival. Ønskjer kommunen å gå strategisk inn for å ivareta kystarven?

Moglegheitsanalysen trekkjer fram utarbeiding av kulturminneplan som ein moglegheit. Kulturminneplanar fungerer i mange kommunar som eit grunnlagsdokument som synleggjer verdifulle kulturelement- og miljø. Solund har ikkje utarbeida ein kulturminneplan, men Gunn trur det er noko som er på veg. Ein kulturminneplan i seg sjølv er viktig for å fremje kulturverdiane som finst. Samstundes så er det ikkje eit handlingdokument. For å kunne aktivere verdier, trengs det handlingsplanar. Solund kommune har utarbeida ein handlingsplan for 2019 - lokal utviklingsstrategi. Posisjonen vert presentert som «*Kva meir kan vi skape frå det sjøen og kystlandskapet gjer oss?*». Handlingsplanen syner ei kommunalt fokus på næringar knyt til havet og landskapet. Dette er bra. Likevel bør det utarbeidast ein handlingsplan for *kystarven*. Den bør vere konkretisert, med tydelege mål retta mot verdiskaping med grunnlag i kystarv. Eit slikt handlingsdokumentet bør utarbeidast i samråd med Sognefjorden kystpark, kystkulturakademiet, og andre aktørar som foredlar kystarven.

Det blir eit felles ansvar å ivareta landskapet slik at innbyggjarane og tilreisande kan bruke det, og å vere stolte av å vise det fram. Dette felles ansvaret bør bygge på eit nært samarbeid mellom aktørar på tvers av sektorar. Det vil sei at det inkluderer frivillig, privat og offentleg sektor.

Solund bør kommune gripe dei sjansane som kjem, og kommunen kan gå føre som eit førebilete. Dersom kommunen viser at det har vorte tatt nokre aktive verdival knyt til bevaring og aktivisering av kystarv-verdier, vil det sende eit signal til resten av innbyggjarane. Dette inneberer å gripe dei sjansane som dukkar opp, til dømes å ta på seg prosjektleiaransvar for prosjekt som omfattar landskap og kultur. Samstundes inneberer det at kommunen aktivt søker midlar hos fylkeskommunen til prosjekt og program som vil fremje kystarven. Kommunen kan til dømes søkje om midlar til å utføre analysar og kartlegging, områderegulering og tiltak knyt til kystarven. Kommunen kan etablere prosjekt med potensiale for verdiskaping.

kystarven kan integrerast på utviklingsarenaer, og det kan utarbeidast gode samarbeidsmodellar, metodar og verktøy.

Denne masteroppgåva legg føringar for kommunen i dette arbeidet. Oppgåva definert omgrepet kystarv ut ifrå dei stadlege verdiane i kommunen. Dette er eit grunnlag kommunen kan bygge vidare på i arbeid mot verdiskaping med grunnlag i kystarven. I arbeid med kystarv vil kommunen styrke stadleg særpreg og eigenart ut i frå landskap og historie. Samstundes vil arbeidet kunne skape nye og «ukjente» verdier og uttrykk. Dette gjeld særleg for tiltak som omhandlar kunst eller kreativt gjenbruk, der det vil vere komplimentere fellesstrukturar. Dei nemnde tiltaka er arbeid som styrker særpreg og eigenart, og som sikrar felles verdier.

Oppsummering og konklusjon

Oppgåva har tatt føre seg kystarv som omgrep. Kystarven er blitt identifisert, og det er gitt ein definisjon av den oppfatta forståing av kystarv som omgrep.

Gjennom landskapsressursanalysen har vi vorte kjend med Solund kommune sin landskapskarakter. Vi har møtt menneskjer som på ulike måtar foredlar kystarven. Dei fyller ei viktig samfunnsrolle gjennom foredlinga. Samstundes er dei avhengig av at verdiane dei foredlar, òg vert forvalta og formidla. Disse rollene er gjensidige avhengige av kvarandre for at verdiskaping skal oppnås på bakgrunn av kystarven.

Kystarven vert kjenneteikna gjennom det materielle og immaterielle, og den inkluderer både kultur- og naturmiljø. Kystarven i Solund representerer ei felles historie, ein lokalt forankra identitet. Kystarven er ein eigenverdi av å eksistere, men vert ein kollektiv verdi gjennom forvalting, formidling og foredling. Det er på bakgrunn av den innhenta dataen gitt ein definisjon av omgrepet kystarv:

«Kystarv omfattar dei stadeigne natur- og kultur kvalitetane tilhøyrande eit område som ligg ved kysten, og som har forma lokalsamfunn og næringsliv på bakgrunn av sjølvberging og kjennskap til havet».

Oppgåva synleggjer vidare viktigheita av å ta vare på den særeigne kystkulturen som er forankra i Solund kommune. For at verdiane skal kunne verte aktivert og nyttast som eit verkemiddel for brei verdiskaping, er det føreslått tre strategiar. Vidare skape ei forståing av korleis verdjar kan aktiverast. Verdiane er framtidsretta. Dei vil altså teke kystarven med i framtida, slik at den ikkje er noko tilbakeskodande. Oppgåva presenterer to strategiar som kan aktivere verdiane:

- Læring gjennom formidling til besøkande og lokale
- Samarbeid og samhandling

I tilknytning til strategiane vert det vidare presentert aktuelle tiltak som kan stimulere til brei verdiskaping i samfunnet. I denne prosessen vil kommunen spele ei viktig rolle, og inkludere strategiane i planarbeid gjennom handlingsplanar.

Oppgåva konkluderer med at kystarv primært vert kjenneteikna som det immaterielle. I det ligg historia rundt sjølvbergingskulturen,

fiskarbonden, dei sterke kystkvinnene, eldre og nye havnæringar, kunnskap og kjennskap til korleis havet oppfører seg. Kystarven vert sekundært kjenneteikna gjennom det materielle. Det er hovudsakeleg forstått som byggmiljø, som naust og sjøbuer, men òg det landskapet som er rundt ein. Slik sett vert kystarv kjenneteikna som eit resultat av menneskeleg verke, men som har utarta seg på bakgrunn av dei naturmessige føresetnadar ved kysten. Rollene i lokalsamfunnet som stimulerer til verdiskaping er tredelt; forvaltar, formidlar og foredlar.

Skal kystarven kunne nyttast som eit verkemiddel for brei verdiskaping, må ein sjå verdiane i samheng med lokale føresetnadar. I det ligg dei materielle føresetnadar og dei immaterielle. Det er mange gode immaterielle krefter i Solund. Dei ser verdjar, og ønskjer å utvikle noko. Disse menneskja er verdifulle for ein sårbart samfunn. NKKA skil seg særleg ut som ein drivkraft for bevaring og vidareutvikling av kystarven. Det gjeld å få til gode samarbeid på tvers av sektorar. På den måten vil gode krefter verte enda sterkare.

Figurar

Figur 1: Den breie verdiskapingpiralen (Haukeland & Brandtzæg. 2014)

Figur: 2. Moglegheitsanalyse. (Privat)

Referansar

- Aa, A.R. & Sønstegeard, E. (1994). *Kvartærgeologiske verneverdige forekomstar i Sogn og Fjordane*. Direktoratet for naturforvaltning (DN). Rapport. Utredning 9. 155 s.
- Agnews, J.A. (1987). *Place and politics: The geographical meditation of state and society*. London: Allen & Unwin.
- Artsdatabanken (2018). *Kystlynghei*. Henta 29.11.18 frå <https://artsdatabanken.no/rln/2018/74/Kystlynghei?mode=headless>
- Aure, M., Berg, N.G., Cruickshank, J. & Dale, B. (red.) (2015). *Sted – nye teorier i en norsk kontekst. Med sans for sted – nyere teorier*. Fagbokforlaget.
- Aure, M., Nygaard, V., & Wiborg, A. (2015). *Stedstilknytning: Materialitet, relasjoner og følelser*. Aure, M., Berg, N.G., Cruickshank, J. & Dale, B (red.). Med sans for sted – nyere teorier. Fagbokforlaget.
- Berg, N.G & Dale, B. (2015). *Sted – noen nyere teoretiske tilnærmingar og debatter*. Aure, M., Berg, N.G., Cruickshank, J. & Dale, B. (red.) Med sans for sted – nyere teorier. Fagbokforlaget.
- Bratli, H. (2010). *Naturbeitemark. Høyt artsmangfold der natur og kultur møtes*. NINA.
- Brekke, N.G. (1993). *Kulturhistorisk vegbok, Hordaland. Hordaland fylkeskommune*. Nord 4 Bokverksted.
- Bøe, E.G. (2009). *Den europeiske landskapskonvensjonen. Hverdagslandskapet*. Miljøverndepartementet. Grafisk Trykk.
- Clemetsen, M & Stokke, K. B. (2014). *Landskapsressursanalyse: Regionalt utviklingsverktøy for landskap og lokalsamfunn*. Publisert i Plan, 6.utgave.
- Distriktssenteret (2017). *Verdiskaping baser på natur- og kulturressursar. Kva kan vi læra frå Lom, Røros, Vega og Lysefjordområdet?* Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Distriktssenteret (2018). *Verdiskaping i ditt lokalsamfunn*. Distriktssenteret, kompetansesenter for distriktsutvikling.
- DN og RA (2010). *Landskapsanalyse. Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi*. Versjon februar 2010. Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. Aurland Naturverkstad AS
- Elstad, Åsa (2014): *Norges fiskeri- og kysthistorie*. Bind 2. Fagbokforlaget.
- Ese, K. (2007). *På god veg. Veghistorie i Sogn og Fjordane*. Selja Forlag as.
- Europarådet (2000). *Den Europeiske landskapskonvensjonen*. Paris.
- Fritzner, J. (1886). *Ordbog over det gamle norske Sprog, bind 3*. Den Norske forlagsforening.
- Førde, A., Kramvig, B., Berg, N.G., & Dale, B. (2013). *Å finne sted. Metodologiske perspektiver i stedsanalyser*. Akademia forlag.
- Halvorsen, K. (2014). *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode. 4. utgave*. Cappelen Akademisk forlag.
- Hatling, L. (2014). *Regionalparker i Norge*. Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling.
- Haukeland, P.I., & Brandtzæg, B.A. (2009). *Den brede verdiskapingen: Et bærekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping*. Telemarkforskning, TF-notat nr. 20/2009. AREAL programmet (NFR) og Riksantikvaren.
- Haukeland, P.I. & Brandtzæg, B.A (2014). *Naturarv skaper verdier. Sluttanalyse av Naturarven som verdiskaper*. TF-rapport nr. 351/2014. Miljødirektoratet.
- Helle, S. (2017). *Lyngheia gjev oss sokkar, søtt og julemat*. SABIMA. Henta 29.11.18 fra <https://www.sabima.no/ytst-mot-havet-er-det-ganske-mykje-stein-og-ei-lynghei-som-gjev-oss-bade-sokkar-sott-og-julemat/>
- Hjelmervik, I. T. (2004). *Kjerringkavet. Fiskarkvinner i Sogn og Fjordane fortel*. Sogn og Fjordane fiskarkvinnelag. Selja forlag AS.
- Innovasjon Norge (2016). *Nøkkeltall for norsk turisme 2016*. Rapport, Innovasjon Norge.

- Johnstad T., Klausen J.E. & Mønnesland, J. (2010). *Globalisering, regionalisering og distriktpolitikk. Nasjonalstat og region. Makt- og demokratiutredningens rapportserie. Rapport 76*, UiO.
- Kabro, L. U., Vareide, K., Haukeland, P.I., Jervan, B. (2013). *Duett eller duell? Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling*. TF-rapport nr. 319. Telemarkforskning.
- Kartverket (2018). *Norges kystlinje*. Henta, 15.04.19, frå URL: <https://www.kartverket.no/kunnskap/Fakta-om-Norge/norges-kystlinje/kystlinjen-i-kilometer/>
- Kulturdepartementet (2009). *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv (St. Meld. Nr. 24 (2008-2009))*. Oslo: kulturdepartementet.
- Kulturdepartementet (2018). *Kulturens kraft – kulturpolitikk for fremtiden (Meld. St. 8 (2018-2019))*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Kulturminneloven (2009). *Lov om kulturminner. (LOV-1978-06-09-50)*. Henta frå URL: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>
- Klein, B. (2002). *Gamla kartor och nya världar: om migration och platsskapande*. Tidsskrift for kulturforskning 2002.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2017). *Det kvalitative forskningsintervju. 3. utgave*. Overs. Anderssen, T.M. & Rygge, J. Gyldendal akademisk.
- Langeland, O. (2012). *Det regionale Norge 1950-2050. Regioner og regionalisering (kapittel 2)*. Abstrakt forlag AS.
- Losnegård, G., Gjerland, B., Losnegård, R., Nedrebø, Y., Losnegård, K.M. (2003). *Riddarane av Losna*. Selja forlag.
- Malt, U. (2015). *Kvalitativ. I Store norske leksikon*. Henta 29.01.19, frå URL: <https://snl.no/kvalitativ>
- Miljødirektoratet (2011). *Veileder, metode for landskapsanalyse i kommuneplan*. Direktoratet for naturforvaltning og Raksantikvaren.
- Miljødirektoratet (2017). *Kysten*. Henta, 03.02.19, frå <https://www.miljostatus.no/Tema/Hav-og-kyst/Kysten/>
- Mongstad, Kjell (2017). *Sognefjorden kystpark - Ein regionalpark med moglegheiter*. Sognefjorden kystpark.
- NGU (2019). *Kart på nett. Geologien i min kommune. Norsk geologisk undersøkelse*. Henta 08.02.19 frå <https://www.ngu.no/emne/kart-pa-nett>
- Puschmann, O. (2005). *Nasjonalt referansesystem for landskap*. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS.
- Rakkenes, Ø. & Senneset, E. (2006). *Kystfolket - ei reise frå Stavanger til Ålesund*. Cox forlag.
- Regjeringen (2018). *Samarbeidsråd for kultur og reiseliv (2017-2019)*. Innspillsrapport nr. 1. 27. august. 2018.
- Relph, E. (1976). *Place and Placelessness*. London: Point Ltd.
- Rüttimann, F.S. (2018). *UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrstårn for HAFS og Sogn og Fjordane?* Rapport til HAFS Regionråd frå Musea i Sogn og Fjordane, avd. Norsk Kvernsteinsenter, Hyllestad. Kvernsteinsparkens skrifter.
- Ryvarden, L. & Lauritzen, P.R. (2006). *KystNorge, Frå Rogaland til Nord-Trøndelag*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Sander, K. (2017). *Metode*. Henta frå 29.01.19, URL: <https://estudie.no/hva-er-en-metode/>
- Scannell, L. & Gifford, R. (2009). *Defining place attachment: A tripartite organizing framework*. Journal of Environmental Psychology.
- Schack, J. (2019). *Kultur. I Store norske leksikon*. Hentet 7. mai 2019 frå <https://snl.no/kultur>
- Selberg, T. (2007). *Mennesker og steder, innledning*. Selberg, T. & Nils, G (red.). Kulturelle landskap. Sted, fortellinger og materiell kunst. Fagbokforlaget.
- Skogheim, R. & Vestby, G. M. (2010). *Kulturarvens betydning for identitesbygging, profilering og næringsutvikling*. NIBR-rapport 2010:14.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune (2018A). *Regional strategisk plan for kysten. Sogn og Fjordane 2018-2029*. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune (2018B). *Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027*. Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- Solund kommune (2008). *Registrering av kjerneområde landbruk og kulturlandskap i Solund kommune*. Sluttrapport 2008.
- Solund kommunestyre (2010). *Kommuneplan for Solund kommune – Samfunnsdel 2008-2020*. Solund kommune.
- Starheim, O. (2011). *Utvær – kyrkjestad, fiskarvær og losstasjon*. Allkunne – levande leksikon.
- Starheim, O. (2013). *Utvær fyr*. Allkunne – levande leksikon.
- Steinsund, H.H (U.Å. A). *Kombinasjonsdrift, nødvendig i Solund-samfunnet*. Kulturhistorisk leksikon, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.
- Steinsund, H. (U.Å. B). *Indrøy handlestad*. Kulturhistorisk leksikon. Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.
- Tjernshaugen, A. (2018). *Egenverdi*. I Store norske leksikon. Henta 08.05.19 frå 2019 fra <https://snl.no/egenverdi>
- Tuan, Y.F. (1977). *Space and place: The perspective of experience*. University of Minnesota Press.
- Tveit, P.A. (2016). *Framtid i HAFS. HAFS-sekretariat*. Henta 19.01.19 frå URL: https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i5dda7b2b-15a9-4ffb-881b-266b9e7b77cc/hafs_brosjyre.pdf
- UNESCO (1972). *Konvensjon om vern av verdens kultur- og naturarv*. Paris. Henta, 05.05.19 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/c68c36e9a588492fb52feb7ae12dbe33/verdensarvkonvensjonen.pdf>
- UNESCO (2003). *Convention for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage*. Henta 15.02.19 frå URL: http://portal.unesco.org/en/ev.php-URL_ID=17716&URL_DO=DO_TOPIC&URL_SECTION=201.html
- Urry, J. (2000). *Sociology beyond Societies: Mobilities for the Twenty-First Century*. London: Routledge.
- Vestby, G.M. (2015). *Stedsutviklingsens råstoff og resultat: Funksjonelle og emosjonelle relasjoner mellom mennesker og sted*. Aure, M., Berg, N.G., Cruickshank, J. & Dale, B (red.). Med sans for sted – nyere teorier. Fagbokforlaget.

Vedlegg Intervjuguide

Fase 1 Rammesetting 10 min	INFORMASJON <ul style="list-style-type: none">- Litt om meg og kva eg studerer- Kva masteroppgåva handlar om- Kva eg ønskjer å undersøkje og diskutere- Personvernerklæring- Spørsmål om tillating til å ta opp intervjuet- Omlag kor lang tid intervjuet vil ta (opp til 120 min)- Spør om noko er uklart, og om informanten har nokon spørsmål.
Fase 2 Erfaringar og tankar 20 min	Del 1 - ALLMENNE SPØRSMÅL <p>Innleiande spørsmål, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none">- Relasjon til Solund- Tankar rundt omgrepet kystarv- Kan du gjenge det ordet du meiner beskriv best: 1) naturen i Solund, 2) kulturen i Solund.- Kva moglegheiter og utfordringar vil du trekkje fram knytt til verdiskaping basert på kystarv? <p>- Sjekkliste og oppfølgingsspørsmål</p>
Fase 3 Fokusering 50-60min	Del 2 – NØKKELSPØRSMÅL <ul style="list-style-type: none">- Ca. 5-10 nøkkelspørsmål som er retta inn mot dei ulike rollene- Sjekkliste og oppfølgingsspørsmål.- Spørsmåla kan variere for dei ulike informantane- Til dømes:<ul style="list-style-type: none">- Spørsmål fokuserer på moglegheitsområder.- Lokal verdiskaping – kva betyr det for deg/samfunnet?- Kva verdi har det for deg å drive med det du gjer her?- Korleis kan ein samarbeide på tvers av sektor/næring/aktørar for å saman- Er det gode dialogar/samarbeid ?
Fase 4 Tilbakeblikk 15 min	OPPSUMMERING/ AVSLUTNING <ul style="list-style-type: none">- Oppsummere funn- «Har eg forstått deg riktig?»- «Er det noko du vil leggje til?»- Takke for intervjuet.



Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway